

**Hanne Halland Eide**

## **Antidoping Norge og uavhengigkeit**

- Organisering av antidopingarbeidet i Norge i eit uavhengigheitsperspektiv

**Masteroppgave i idrettsvitenskap**

Seksjon for kultur og samfunn  
Norges idrettshøgskole, 2013



*For Ada, Marte  
og Ole Martin*

# **Samandrag**

Føremålet med denne studien er å undersøkje uavhengigheit i Stiftelsen Antidoping Norge (ADN) frå 1998 og fram til i dag. På bakgrunn av fleire uheldige hendingar i internasjonal toppidrett seint på 1990-talet, vart det sett fokus på eit mangelfullt antidopingarbeid. Saman med evalueringsrapporten frå Europarådet, vart det sett på ulike løysingar for organisering av antidopingarbeidet i Norge. I studien blir det difor sett nærmare på utviklinga til antidopingorganisasjonen i Norge frå organisering i Etikkavdelinga underlagt Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF), til eiga stifting som tar mål av seg å vere ein uavhengig organisasjon. Problemstillinga for studien er som følgjer: *"På kva måte har antidopingarbeidet i Norge utvikla seg frå 1998 og fram til i dag med vekt på spørsmålet om uavhengigheit"*. Det teoretiske bidraget for å belyse problemstillinga er henta frå teorien om interessentar, teorien om ressursavhengigheit og institusjonalismen med vekt på omgrepene likedanning.

Eit sentralt spørsmål i studien har vore å sjå om ADN er ein uavhengig organisasjon frå sine aktørar. Hovudfunna i studien tyder at antidopingarbeidet i Norge har eit godt omdømme både nasjonalt og internasjonalt. Det er lite som tyder på at organisasjonen lar seg påverke verken i den eine eller andre retninga. Likevel er ikkje ADN i følgje teoriane, slik organisasjonen er bygt opp, totalt uavhengige frå sine aktørar.

Uavhengigheit er eit komplekst emne. Antidopingarbeidet har utvikla seg frå å vere ei avdeling underlagt NIF i 1998, til å bli ei uavhengig stifting som i praksis framstår som ein tillitsvekkande og uavhengig organisasjon, med høg legitimitet og godt omdømme både internasjonalt og nasjonalt, i 2013. Det kan ikkje lenger stillast spørsmålsteikn ved uavhengigheita i forhold til kontroll- og påtaleverksemda. På bakgrunn av teoriane viser studien at ADN på tross av dette er ein organisasjon som er avhengig av nokre av aktørane i omgjevnaden for å overleve. Avstanden mellom empiri og teori viser kompleksiteten ved uavhengigheit.

# Føreord

«Ja takk begge deler»

Ole Brumm

Denne studien inngår som ein del av ei mastergrad i idrettsvitenskap ved Norges Idrettshøgskole, der fagfeltet Sport Management er fordjupningsområdet. Føremålet med studien er å sjå utviklinga av organiseringa av antidopingarbeidet i Norge med vekt på av uavhengigheit. Då eg starta på masterutdanninga hausten 2005, hadde eg også ein deltidjobb i Stiftelsen Antidoping Norge. Eg fann temaet ”antidoping” interessant, og ei oppgåve på masternivå har gjeve meg gode mogleigheter til fordjuping i eit felt eg hadde lyst å lære meir om. Dette har vore eit prosjekt som har tatt lengre tid enn eg hadde forventa, håpa og trudd. Motivasjonen har vore på topp, på botn og på vei over alle haugar, før eg endeleg klarte å prioritere og bli ferdig med prosjektet.

Eg vil rette ein stor takk til Norges Idrettshøgskule som har gjeve meg moglegheit til å avslutte prosjektet etter to fødselspermisjonar og ein omsorgspolisjon. Takk til rettleiar Dag Vidar Hanstad som framleis er like positiv når eg har tatt kontakt med årvisse mellomrom. I tillegg skal følgjande personar, i tilfeldig rekkefølgje, ha stor takk for bidrag til refleksjonar rundt oppgåva, rettleiing, korrekturlesing, støttande ord og motiverande samtalar: Siv Yndestad Borgen og Anne-Grethe Naustdal. Til slutt vil eg takke min fantastiske mann, Ole Martin Eide, som har vikariert som husfar i denne intense perioden, kome med oppmuntrande ord, tilbakemeldingar og korrekturlesing. Eg er stolt av å endeleg ha fullført prosjektet!

Skei, oktober 2013

Hanne Halland Eide

# Innholdsliste

<b>Samandrag.....</b>	<b>ii</b>
<b>Føreord.....</b>	<b>iii</b>
<b>Innholdsliste .....</b>	<b>iv</b>
<b>Forkortinger .....</b>	<b>vi</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>1</b>
1.1    Tidlegare forsking.....	2
1.2    Problemstilling .....	4
1.3    Avgrensingar .....	5
1.4    Struktur og oppbygging av oppgåva .....	5
<b>2. Historikk- doping i idretten.....</b>	<b>7</b>
2.1    Tour de France skandale 1998.....	9
2.2    IOC-konferanse i Lausanne 1999 .....	10
2.3    WADA stifta 1999 .....	11
2.4    OL i Sydney 2000 .....	12
2.5    Frå etikkavdeling til ADN.....	13
2.6    Grunnlag for endring .....	14
2.7    Antidoping Norge.....	15
2.8    Norge si rolle internasjonalt.....	16
<b>3. Teoretiske perspektiv.....</b>	<b>19</b>
3.1    Innleiing.....	19
3.2    Teorien om interessentar.....	20
3.2.1    Makt.....	23
3.2.2    Legitimitet .....	24
3.2.3    Viktigkeit .....	25
3.2.4    Interessentklasser.....	26
3.3    Organisasjonar og omgjevnadane .....	27
3.3.1    Ressursavhengigheit .....	28
3.4    Institusjonalisme .....	30

<b>4. Metode og datainnsamling .....</b>	<b>33</b>
<b>4.1 Metodisk tilnærming .....</b>	<b>33</b>
<b>4.2 Det kvalitative forskingsintervjuet.....</b>	<b>37</b>
4.2.1 Intervjuguide.....	38
4.2.2 Informantar .....	39
<b>4.3 Analysemetode .....</b>	<b>40</b>
4.3.1 Dokument .....	41
4.3.2 Transkribering .....	41
<b>4.4 Mi rolle.....</b>	<b>42</b>
<b>4.5 Vurdering av metode .....</b>	<b>44</b>
4.5.1 Studien sin truverdigheit.....	44
4.5.2 Bekreftbarheit .....	45
4.5.3 Overførbarheit .....	45
<b>4.6 Forskingsetiske tankar .....</b>	<b>46</b>
<b>5. Funn og drøftingar .....</b>	<b>48</b>
<b>5.1 Innleiing.....</b>	<b>48</b>
<b>5.2 Grunnlag for skifte frå etikkavdeling til eiga stifting.....</b>	<b>48</b>
5.2.1 Oppsummering av endringsbehov .....	54
<b>5.3 Kva aktørar framstår som dei viktigaste for ADN og kva innverknad kan desse ha på organisasjonen? .....</b>	<b>55</b>
5.3.1 Oppsummering viktigaste aktørar.....	64
<b>5.4 Kan samarbeidsprosjekt/avtalar påverke uavhengigheitsgrada til ADN? .....</b>	<b>64</b>
5.4.1 Oppsummering samarbeidsavtalar.....	69
<b>5.5 ADN, ein tilfredsstillande uavhengig organisasjon? .....</b>	<b>69</b>
5.5.1 Oppsummering ADN som tilfredsstillande uavhengig organisasjon.....	73
<b>5.6 Kvifor ser ADN ut til å fungere som ein uavhengig organisasjon? .....</b>	<b>74</b>
<b>6. Avslutting og konklusjon.....</b>	<b>77</b>
<b>6.1 Forslag til vegen vidare .....</b>	<b>79</b>
<b>Referansar.....</b>	<b>81</b>

# Forkortinger

ADN	Stiftelsen Antidoping Norge
ANADO	Association of National Anti-Doping Organizations
CHINADA	China Anti-Doping Agency
Etikkavdelinga	Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité Avdeling for Etikk og Antidoping.
Europarådet	Council of Europe
IADA	International Anti-Doping Arrangement
IF	International Federation
IOC	International Olympic Committee
KKD	Det kongelege Kultur- og Kyrkjedepartementet
NADO	National Anti-Doping Agency
NIF	Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske Komité
OL	Olympiske Leikar
RUSADA	Russian Anti-Doping Agency
UCI	Union Cycliste Internationale
UD	Det kongeleg Utanriksdepartementet
UNESCO	United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization
WADA	World Anti-Doping Agency
WADC	World Anti-Doping Code

## **1. Innleiing**

Organisasjonsmessig har det vore store endringar i kampen mot doping dei siste 20 åra. Fram til slutten på 90-talet var det få aktørar som arbeidde for ein dopingfri idrett. I dag har talet organisasjonar, som på ulike måtar er tilknytta det internasjonale og nasjonale antidopingarbeidet, auka betydeleg (Hanstad, 2009; Gaalaas, 2011). Tradisjonelt sett var det Den Internasjonale Olympiske Komité (IOC), nokre internasjonale særforbund (IF), og enkelte offentlege myndigheter som bidrog på antidopingfeltet.

På slutten av 1990-talet byrja det å skje organisasjonsmessig endringar i antidopingarbeidet internasjonalt, og fleire av desse endringane er knytta til den store rassiaen i Frankrike under sykkelrittet Tour de France i 1998. Då fransk politi gjennomførte rassia mot utøvarhotell i touren, blei det sett lys på dopingproblematikken. Det var ikkje idretten, men statlege krefter som sette antidopingarbeidet på dagsplanen. Myndigheter over heile verda følgde opp, og var involvert då ein verdsomspennande antidopingorganisasjon vart stifta. Gjennombrotet til organiseringa av doping internasjonalt, fekk vi då World Anti-Doping Agency (WADA) blei oppretta i 1999. Organisasjonen var eit samarbeid mellom myndigheter, idrettsorganisasjonar og IOC (Hanstad & Loland, 2005).

I Norge var antidopingarbeidet drive av Norges Idrettsforbund (NIF), i avdeling for Etikk og antidoping. Etter evalueringsrapporten til Europarådet i 1999 blei det slått fast at det norske antidopingarbeidet var kvalitativt godt (St.meld. nr 14 (1999-2000); Council of Europe, 1999). Sjølv om det norske antidopingarbeidet vart framheva som eit døme for andre land, såg idretten, staten og etikkavdelinga sjølv etterkvart eit behov for eit klarare skilje mellom kontroll- og påtaleverksem og dei som skal kontrollerast. Etter nært samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD<sup>1</sup>), blei KKD og NIF i juni 2002 einige om å opprette ei arbeidsgruppe som skulle lage grunnlaget for ei stifting. Det vart utarbeida vedtekter som Idrettstinget i mars 2003 gav si tilslutning til. Dette er bakgrunnen for at Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF) og

---

<sup>1</sup> Frå 1998 og fram til i dag har departementet som behandlar saker om idrett og antidoping hatt ulike namn. Eg føreheld meg til forkortinga KKD for enkelheitsskuld.

Kultur- og kyrkjedepartementet 3. juni 2003 oppretta Stiftelsen Antidoping Norge (ADN) (Antidoping Norge, 2013).

For alt arbeid med antidoping, er uavhengigheit viktig. I strategiplanen til WADA 2011-2016 (2011b, s. 3) står det blant anna at dei skal ”*act independently, professionally and without bias or influence*”. Vidare om uavhengigheit står det ”*We are impartial, objective, equitable and balanced*” (WADA, 2011b, s. 4). I *Stiftelsens dokumenter* (Antidoping Norge, 2003, s.1), står det at «*stiftelsen er opprettet for å sikre at kontroll- og påtalevirksomheten for dopingsaker organiseres uavhengig av Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite og staten*».

I Norge er det i dag fleire aktørar som tradisjonelt sett ikkje vert sett i samanheng med doping eller antidopingarbeid, som er i omgjevnaden til antidopingorganisasjonen. Politi, tollvesen, legemiddelindustri, advokatar, sponsorar og media er nokre av desse aktørane. I tillegg kan utøvarar og støtteapparat sjåast som ein del av antidopingfeltet (Hanstad, 2009; Gaalaas, 2011). Alle desse aktørane verkar i omgjevnadane til ADN på ein eller anna måte, og gjer organiseringa av antidopingarbeidet til eit meir komplekst bilde.

ADN vart oppretta som ei uavhengig stifting, for å sikre at kontroll- og påtaleverksemid for dopingsaker, vert organisert uavhengig av NIF og staten. Med fleire aktørar i omgjevnadane, kan uavhengigheit av antidopingarbeidet i Norge sjåast i eit samansett bilde. Eit sentralt spørsmål i studien vil difor vere å sjå på om ADN er ein uavhengig organisasjon frå sine aktørar.

## **1.1 Tidlegare forsking**

Fleire bidragsytarar har bidratt med forsking på organisering av antidopingarbeidet i Norge og internasjonalt. Internasjonalt har dei fleste studia med eit organisasjonsmessig innhald blitt fokusert på gjennom rolla IOC har hatt som den overordna myndighet i idretten (Hanstad, Smith & Waddington, 2008; Hoberman, 2001). Fleire set fokus på mangel på engasjement frå IOC når det gjeld å ha eit effektivt antidopingprogram, og mange rettar kritikk mot at antidopingarbeidet ikkje har vore effektivt nok. Blant anna Hanstad & Loland (2005) ”*What is efficient doping control*”. Dette er ein studie av antidopingorganisasjonar i verda. Sidan uavhengigheit er eitt av WADA sine

kjerneverdiar, har Hanstad og Loland (2005) undersøkt om dei intervjua organisasjonane er uavhengige frå idretten dei kontrollerar, og staten som bidragsytar. Kan ein antidoping organisasjon vere totalt uavhengig frå idretten den skal teste, er eitt av spørsmåla Hanstad & Loland (2005) stiller. Alle organisasjonane i undersøkinga hevdar at dei er ein uavhengig organisasjon. I tillegg vert det sett på antidoping organisasjonane si avhengigheit til staten som finansiør. Denne undersøkinga vart finansiert av ADN. Rapporten vart laga til eit seminar i Oslo i 2005 (Hanstad & Loland, 2005).

Dag Vidar Hanstad har skrive fleire artiklar som omhandlar antidopingpolitikk dei siste åra. Den mest sentrale artikkelen for denne studien er *“Anti-Doping in Sport: A study of Policy Development since 1998”* (Hanstad, 2009). Hovudfokuset i forskinga til Hanstad er retta mot korleis antidopingpolitikk etter 1998 kan forståast. I samarbeid med andre har Hanstad også fleire bidrag som omhandlar antidopingpolitikk. Hanstad & Skille (2008), Hanstad, Smith & Waddington (2008), Hanstad, Skille & Loland (2010), Hanstad (2011a), Hanstad (2011b), Wagner & Hanstad (2011), Skille, Hanstad & Tjernsbekk (2011).

Før opprettinga av WADA er det få studier som har tatt føre seg organisasjonsmessige forhold i dopingarbeidet. Ein av dei største bidragsytarane i internasjonal forsking på antidopingarbeidet er Barrie Houlihan. Hans forsking har sett på utviklinga av doping og dopinghistoria, dopingmiddel og kva effekt dette har på kroppen, samt antidopingpolitikk og problem med harmonisering. Forskingsresultata syner mellom anna til det komplekse forholdet mellom dopingpolitikk, statleg innflyting, utøvar, finansiering, media og samfunn (Houlihan, 2002a; Houlihan, 2002b). I Norge er hovudfagsoppgåva til Marianne Tjørnhom noko av det første forskingsbidraget som har tatt føre seg organisering av antidopingarbeidet i Norge. Ho beskriv Norges Idrettsforbund sin kontrollverksem i perioden 1977-95. Undersøkinga såg på utviklinga av kontrollverksemda blant NIF sine medlemmar og korleis denne såg ut til å ha effekt på førekomensten av positive prøver, i tillegg til å sjå på skilnadane i førekomensten av positive prøver i forhold til utøvarkategori (Tjørnholm, 1997).

Fleire masteroppgåver har dei seinare åra omhandla organisasjonen Antidoping Norge på ulike måtar. Blant anna Tjernsbekk (2008), Hansen (2009), Øderud (2009) og Gaalaas (2011).

## 1.2 Problemstilling

Målet med denne studien er å analysere organisasjonsendringar i Antidoping Norge, frå tida før stiftinga vart oppretta, då antidopingarbeidet var del av etikkavdelinga i NIF, og fram til slik organisasjonen framstår i dag. Viktige hovudpunkt i studien er å undersøke korleis antidopingorganisasjonen har utvikla seg frå 1998 og fram til i dag, og om stiftinga har den uavhengigheita som det vert krevd at den har i følgje blant anna WADA-koden, og som ADN sjølv hevdar at dei innehavar. Total uavhengigheit kan sjåast å vere vanskeleg då ADN må ha nær kontakt med sær forbunda når det gjeld blant anna planlegging av dopingkontrollar på idrettsarrangement (Hanstad & Loland, 2005). I tillegg vert drift av ADN finansiert med midlar frå tippemidlane via staten. Også andre departement og direktorat har eit nært samarbeid med ADN. Helsedirektoratet har blant anna bidratt med pengar til Antidoping Norge for at dei skal kunne trappe opp sitt arbeid mot doping som eit samfunns- og ungdomsproblem (Antidoping Norge, 2012a).

Stiftelsen Antidoping Norge feira 10-årsjubileum i juni 2013. I dette høvet kan det vere på sin plass å rette merksemd mot om organisasjonen har endra organisasjonsmønster på grunn av manglande uavhengigheit til ulike interesser og om det er noko skilnad i grada av uavhengigheit i antidoping organisasjonen i Norge i perioden frå 1998 og fram til i dag? Andre interessante emner er om organisasjonen fungerar slik den er meint å gjere i forhold til internasjonale standardar som til dømes Europarådet sin antidopingkonvensjon. Dette er nokre av dei spørsmåla eg søker å svare på i denne oppgåva, og problemstillinga er følgjande:

*På kva måte har antidopingarbeidet i Norge utvikla seg frå 1998 og fram til i dag med vekt på spørsmålet om uavhengigheit.*

For å få svar på problemstillinga har eg utarbeidd fylgjande forskingsspørsmål:

- Korleis vart etikkavdelinga oppfatta med tanke på uavhengigheit, og kvifor var det naudsynt å endre?

- Kva aktørar framstår som dei viktigaste for ADN, og kvifor?
- Kan samarbeidsprosjekt, som til dømes bilaterale avtalar, avtalar med samarbeidspartnarar og næringslivet, påverke uavhengigheitsgrada til ADN?
- Korleis vert ADN oppfatta i dag med tanke på uavhengigkeit?

I studien vil eg analysere og drøfte korleis antiopingverksemda har endra seg sett i lys av teoriar om organisasjonsendring.

Det er, ut i frå det eg kan sjå, gjort få undersøkingar på akkurat dette området i Norge tidlegare. Det har vore stor utvikling på området dei siste ti – femten åra, og organisering av antidopingarbeidet vil såleis vere viktig å få belyst. Målet er at ei kartlegging og beskriving av korleis organisasjonen har endra seg kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle antidopingarbeidet.

Studien vil også kartlegge uavhengigheita til organisasjonen og om organisasjonen oppfyller dei krav som vert stilt til organisasjonen i vedtekten. Dette kan forhåpentlegvis vere verdifull kunnskap i vidare forskingsarbeid om organiseringa av antidopingarbeidet i Norge.

### **1.3 Avgrensingar**

Avgrensingar skjer gjennom ulike val i oppgåveskrivinga. Eg har valt å nytte meg av kvalitativ metode sidan eg ønskjer å gå djupt inn i organiseringa av antidopingarbeidet i Norge. Eg har valt å gjere meg nytte av teoriar med eit interessentperspektiv, avhengigheitsperspektiv og likedanningsperspektiv for å svare på spørsmål om uavhengigkeit i antidopingarbeidet i Norge. Val av informantar er også med på å avgrense studien. Studien seier såleis berre noko om informantane er har valt og dei dokumenta som vert lagt til grunn. Val av andre teoriar, anna metode eller anna empiri kunne gjeve andre svar. Ut i frå rammene til ei slik type oppgåve har eg valt teori, metode og empiri som samsvarar med dei tilgjengelege ressursane. Større empiri kunne gjeve andre svar, men eg har gjort bevisste avgrensingar og søkt å svare på problemstillinga i lys av dette. Vala som er gjort har såleis også sett grenser for kva eg har klart å kaste lys over kring temaet, og resultata må sjåast på i lys av dette.

### **1.4 Struktur og oppbygging av oppgåva**

Denne oppgåva inneheld sju kapittel. Første kapittel omhandlar introduksjon til antidopingfeltet og studien si problemstilling. I kapittel to følgjer eit historisk perspektiv

på doping i idretten og ei tidslinje for bakgrunnen for organisasjonsendring av antidopingarbeidet i Norge. Kapittel tre utgjer det teoretiske rammeverket som forankrar oppgåva, og i kapittel fire vert det gjort greie for den metodiske tilnærminga i studien. I kapittel fem blir funna i studien presentert og diskutert i lys av dei relevante teoriane. Resultata vert deretter drøfta opp mot prosjektet si problemstilling og forskingsspørsmål. I kapittel seks vert oppgåva avslutta med presentasjon av ein konklusjon ut ifrå studien si problemstilling, og på bakgrunn av funn, teoretisk referanseramme og drøfting.

## 2. Historikk- doping i idretten

Dopingbruk i idretten er ikkje noko nytt fenomen. Doping og idrett har blitt kopla med kvarandre sidan utøvarar og støtteapparat fann ut at ein kunne oppnå fordelar ved å nytte stimulerande middel. Både frå norrøn mytologi og i det gamle Hellas vart det hevda at idrettsutøvarar brukte stimulerande middel for å auke sine idrettsprestasjonar (Tjørnhom, 1997). Det har gjennom historia vore fleire dopingskandalar som set lys på behovet for systematisering og felles regelverk innan dopingproblematikken. På 1950-talet kom opptakta til dagens antidopingarbeid. Ein byrja å dopingteste idrettsutøvarar, og det blei utarbeidd reglar mot doping i idretten. På 1960-talet omkom fleire utøvarar på grunn av doping, og det var innan sykkelsporten doping oftast ført til dødsfall, sjølv om det internasjonale sykkelforbundet var eitt av dei første sær forbunda som utarbeida eigne reglar for dopingkontrollar og som forbydde bruk av doping (Beckett, 1981).

Som følgje av dødsfallet til den danske syklisten Knud Enemark Jensen i OL i Roma i 1960, etablerte IOC den første medisinske komité. Det blei også utarbeida ein definisjon av doping av Europarådet i 1963; *tilførdsel til eller bruk, hos en konkurrenceudøver, af ethvert stof, der er fremmed for kroppen, eller ethvert fysiologisk stof, som er indtaget i abnorme mængder eller ad unaturlig vej i kroppen med det formål at øge præstationsevnen på en kunstig eller unaturlig måde*” (Hvidbogsutvalget, 1999; Wikipedia, 2013a). Den internasjonale Olympiske Komité (IOC) vedtok å bruke definisjonen under leikane i Tokyo i 1964, og det blei for første gong gjort systematiske dopingkontrollar under vinterleikane i Grenoble i 1968 (Hanstad, 2009).

Den første dopinglista blei utarbeida av IOCs Medisinske Kommisjon i 1967, og omfatta midlar og metodar som vart definert som doping. Ved utarbeiding av dopinglista blei det lagt vekt på stoff som kunne vere helsefarlige i bruk, i tillegg til å ha prestasjonsfremmende effektar. På 1970-talet blei bloddoping eit fenomen som ikkje var forbode i følgje dopinglista til IOC (Tjørnholm, 1997). Dette vart først forbode i 1985 (Antidoping Norge, u.å.).

Etter at doping vart identifisert som eit problem, var det IOC som var den leiande part i kampen mot doping desse tiåra (Hanstad, 2009). Dersom ein tar utgangspunkt i IOC sin testar frå 1968 til 1996, viser dette kor dårlig IOC sitt arbeid fungerte i forhold til å

avsløre dei som misbrukte doping. Av 54000 testar var kun 52 positive (Gaalas, 2011). Antidopingarbeidet til IOC virka for å vere utan effektivitet og entusiasme (Hanstad, 2009), og IOC såg meir på doping som eit problem som kunne true lukrative tv-avalar enn eit verdi- og rettferdigheitsproblem for idretten (Hoberman, 2001).

Fleire og fleire land involverte seg i antidopingarbeidet på 1980 og – 90 talet. International Anti- Doping Arrangement (IADA) er eit samarbeidsorgan på statleg nivå, og vart oppretta i 1991 (Hanstad, 2009). Føremålet med IADA-avtalen var å etablere ein felles strategi for blant anna å harmonisere reglar for dopingkontrollar (Antidoping Norge, u.å.b). Det var fleire møtepunkt for myndighetene på 1990-talet. Europarådet tok ei meir aktiv rolle i antidopingarbeidet, noko som vart illustrert ved utarbeidinga av ein Antidopingkonvensjon i 1989 (Hanstad, 2009).

I perioden frå 1960 og fram til 1990-talet, var myndigheter i fleire land kritiske til mangel på aktivitet og engasjement frå idrettsrørsla angåande antidopingarbeidet. Dette vart demonstrert under Tour de France i 1998 der det til tross for klare bevis på organisert doping, ikkje vart tatt ei einaste positiv prøve. Etter idrettskonferansen i Lausanne i 1999, gjorde mange myndigheter det klart at dei ønskte ei sentral rolle i antidopingarbeidet i framtida (Hanstad, 2009).

I Norge finn vi dei første teikna til gjenkjenning av doping som eit problem på midten av 1950-talet (Hanstad, 2011). Helsedirektør Karl Evang skal ha uttalt at det ville vere katastrofe for idretten dersom sentralstimulerande midlar vert tolerert i noko form (Gaalas, 2011). I 1964 publiserte Europarådet ein studie som antyda at doping var eit aukande problem. Norge svarte med å føreslå ulike tiltak overfor dei andre nordiske nasjonane og UNESCO (Gilberg, Breivik og Loland, 2006). I idrettsorganisasjonen starta arbeidet mot doping på starten av 1970-talet. I ei uttale frå idrettstinget i 1971, tok ein avstand frå bruk av stimulerande midlar for å auke prestasjonane. I 1973 vart denne uttalen vedtatt som ein del av ”idrettens program for 70-årene” (Kulturdepartementet, 1999). I 1976 fatta idrettstinget vedtak om å igangsette kontrolltiltak i utvalde særforbund på anabole steroidar. To år seinare vart dette utvida til å gjelde alle særforbund i NIF. I 1980 vart kontrollane utvida til å gjelde dei midlar og metoder som til einkvar tid sto på dopinglista til IOC. For at kontrollane skulle vere mest mogleg

effektive, vart det vedtatt at desse skulle vere uanmeldte og utanfor konkurransen (Kulturdepartementet, 1999).

Så lenge dopingbruk har blitt sett på som eit problem, har kulturdepartementet hatt ansvaret frå myndighetene si side. Det har sidan 1992 blitt øyremerka midlar til NIF sin kamp mot doping i idretten. Norge har sett på det som viktig å arbeide for eit effektivt antidopingsystem innan kvart enkelt land. Dette krev internasjonal medverknad og koordinering. I Norge har det tradisjonelt sett vore eit nært samarbeid mellom idrettsorganisasjonen og staten. Dette har stor betydning for moglegheitene til å også nå fram internasjonalt (Kulturdepartementet, 1999).

## **2.1 *Tour de France skandale 1998***

1998 skulle vise seg å bli året då myndigheter tok grep om dopingproblematikken i Tour de France, og eit vendepunkt når det gjaldt erkjenning av dopingproblemet sitt omfang i idretten (Meld. St. 26 (2011-2012)). Alt før rittet starta blei servicemannen til laget Festina arrestert på grensa mellom Belgia og Frankrike. Franspoliti gjekk ut i media og fortalte om funna, og servicemannen oppga at han frakta dopingmiddelet over grensa på oppdrag av laget Festina. Både laget sin sportsdirektør, Bruno Roussell, og laget sin lege nekta for å ha gjeve nokon av utøvarane dopingmiddel. Begge vart tatt inn til avhør av fransk politi, og Roussell vart fråtatt sin lisens som langleiar av det internasjonale sykkelforbundet UCI. Roussell innrømte seinare at laget hadde nytta seg av dopingmiddel, og Festina vart kasta ut av touren (Wikipedia, 2013b).

Dette viser at dopingmisbruk blant syklistane i Tour de France var organisert og ikkje noko som berre gjaldt eit fåtal ryttarar. UCI viste liten vilje til å rydde opp i eige hus, og dopingavsløringane kom som følgje av arbeidet det franske tollvesenet og politiet hadde gjort (Gaalaas, 2011). Syklistane var svært misnøgde med fransk politi, som gjennomførte fleire rassia mot utøvarhotell. Både langleiarar og syklistar vart innkalla til avhøyr. Fleire lag trakk seg, og mange lag trua med det same om ikkje fransk politi slutta å behandle dei som kriminelle (Wikipedia, 2013b). Fransk politi heldt fram etterforskinga innan ein av dei største kommersielle idrettsarrangementa, og dette viser den aukande politiske interessa for antidopingfeltet. IOC kom på bana då UCI var fråverande. Presset på å handle kom frå myndighetene og IOC kunne ikkje ignorere situasjonen som hadde oppstått (Hanstad, Smith & Waddington, 2008).

## **2.2 IOC-konferanse i Lausanne 1999**

Grunna skandalen i Tour de France i 1998 hadde verda sett at doping ikkje berre var noko eit par individuelle utøvarar dreiv med, men at det var institusjonalisert i den profesjonelle sykkelsporten. Hanstad, Smith og Waddington (2008) har sett nærmare på kva grep den internasjonale olympiske komité såg føre seg i kampen mot doping på den internasjonale konferansen i Lausanne i 1999.

IOC såg på innblandinga frå myndighetene, representert ved fransk politi under Tour de France, som ein trussel mot idrettens autoritet og autonomi. Spesielt mot IOC sjølv. Lagleiarar og legar vart tiltalt etter sosiale lover med fengselsstraff, og dette utfordra idretten som var vand med å rydde opp i eigne rekker. IOC meinte idretten sjølv skulle ha retten til å dømme i saker som vedkom idretten.

Fleire kritikkarar meinte IOC hadde ignorert dopingproblematikken i fleire år, blant anna grunna kommersialisering. Store pengar var å hente frå sal av tv-rettigheitar, sponsorar og liknande, og dopingskandalar passa därleg inn i dette bildet av sunn idrett på toppnivå. IOC hadde tidleg vore ein pådrivar i antidopingarbeidet, men blei no skulda for å ikkje ta problemet på alvor. Fleire av medlemmane i IOC viste lite interesse for dopingproblemet, og IOC hadde ved fleire høve ikkje offentleggjort positive dopingprøver då dette kunne skade ryktet til IOC (Hanstad et. al, 2008). I tillegg til å ha ignorert dopingproblematikken, hadde IOC også vore utsett for ein anna skandale som gjekk på korruption under tildelinga av leikane i Salt Lake City i 2002. Alle desse legitimitetssakene førte til at IOC sin status og autoritet var trua. IOC såg på konferansen i Lausanne i 1999 som ein moglegheit til å rette opp inntrykket verda hadde av IOC, og ønskte no å gå inn som den leiande antidopingorganisasjonen i verda (Hanstad et. al, 2008).

IOC hadde nøye planlagt korleis dei skulle ta tilbake autoriteten som ein autonom og velfungerande idrettsorganisasjon. I følgje Hanstad, et. al. (2008) hadde IOC tre mål med konferansen. IOC hadde eit ønskje om å unngå innblanding frå utanforståande i idrettens dopingarbeid, auke og reetablere makta til IOC som leiande idrettsorganisasjon, og IOC ønskte å reetablere og auke den personlege autoriteten til dåverande president Juan Antonio Samaranch.

Under konferansen blei det likevel stilt spørsmål om IOC sin truverd når det kom til antidopingpolitikk, og det blei argumentert for at eit antidopingbyrå skulle vere ein offentleg organisasjon drive av myndighetene. Dette var stikk i strid med det IOC hadde tenkt seg. Konferansen blei einige om at det nye antidoping byrået skulle ha ei 50/50 deling mellom idretten og myndighetene, og ingen enkelt organisasjon skulle kunne kontrollere det nye byrået, World Anti-doping Agency (WADA) (Hanstad, et. al., 2008).

Den første verdskonferansen om doping, som vart arrangert for å opprette IOC sitt rykte og reetablere makta i det internasjonale antidopingarbeidet, hadde fått eit heilt anna utfall enn planlagt for IOC, men truleg eit betre utfall for arbeidet mot doping internasjonalt (Hanstad, et. al., 2008).

### **2.3 WADA stifta 1999**

Etter konferansen om doping i idrett i Lausanne, vart dokumentet *Lausanne Declaration on Doping in Sport* utarbeida. Dette dokumentet var grunnlaget for grunnlegginga av ein verdsomspennande antidopingorganisasjon, World Anti-doping Agency, (WADA), som vart oppretta 10.november 1999. Organisasjonen skal arbeide for å promotere og koordinere arbeidet i kampen mot doping. WADA vart etablert som eit samarbeid mellom myndigheter og den olympiske rørsla med 50/50 samansetning i styre og finansiering. Organisasjonen skal arbeide uavhengig frå myndigheter og vere autonom (WADA, 2010).

Allereie det første året oppnådde WADA truverd i antidopingarbeidet. Hoberman (2005) hevdar at IOC aldri oppnådde og fortente det same truverdet, og at denne forbetringa av antidopingarbeidet kan sjåast i samanheng med det institusjonaliserte samarbeidet mellom majoriteten av internasjonale og nasjonale idrettsorganisasjonar og offentlege myndigheter. Det er likevel ikkje sikkert at den likeverdige fordelinga mellom idretten og offentlege myndigheter i WADA er den mest ideelle måten å organisere seg på. Kritikken har vore retta mot at myndighetene sine representantar vert skifta ut langt hyppigare enn idretten sine representantar, og at dei offentlege representantane difor risikerar å bli overkøyrd (Gaalaas, 2011).

WADA sitt føremål er å fremje, koordinere og overvake det internasjonale antidopingarbeidet. Det fremste instrumentet for å gjøre dette er World Anti-Doping Code (WADC) som første gong blei lansert i 2004 (WADA, 2011a). Koden skal harmonisere antidopingreglane på tvers av idrettar og land, og den er underteikna av internasjonale og nasjonale idrettsorganisasjonar og antidopingorganisasjonar. NIF har innlemma koden sine bestemmingar i sitt regelverk, NIFs lov. Det praktiske resultatet av koden er at utøvarar på både internasjonalt og nasjonalt nivå har same sett av reglar og regulering, og kan testast på same grunnlag (Wagner & Hanstad, 2011). Ein av WADA sine mest sentrale oppgåver er å overvake at organisasjonane føl opp regelverket. Det skal vedtakast ein ny revidert utgåve av koden på verdskonferansen om doping i idretten i Johannesburg i november 2013 (Meld. St. 26 (2011-2012)).

Sidan WADA er ei privatrettsleg stifting, har ikkje norske myndigheiter underteikna WADA-koden. Staten sine forpliktingar på antidopingområdet er regulert i UNESCOs internasjonale konvensjon mot doping i idretten som blei utarbeida i 2005.

Konvensjonen har som føremål å fremje ein dopingfri idrett og er det første globale mellomstatlege instrumentet på området. Konvensjonen skal bidra til internasjonal harmonisering av antidopingarbeidet i idretten og til auka samarbeid mellom statane og idretten sine eigne organisasjonar, nasjonalt og internasjonalt (Meld. St. 26 (2011-2012)).

Ved etablering av WADA såg ein behovet for auka samarbeid og koordinering blant statlege myndigheiter på antidopingområdet. Dette førte blant anna til eit tettare antidopingarbeid gjennom Europaratet og også aukande fokus på antidopingarbeid innan EU (Meld. St. 26 (2011-2012)).

## **2.4 OL i Sydney 2000**

Til sommar OL i Sydney i 2000 sender Norge, i følgje toppidrettssjef Bjørge Stensbøl, ein dopingfri tropp (Nakkim, 2000). Leikane endar som dei verste sett med norske øye når det kjem til positive dopingprøver.

To norske idrettsutøvarar testar positivt for doping, nærmare bestemt det anabole steroidet nandrolon. Vektløftaren Stian Grimseth hevda si uskyld, og meinte den positive testen skuldast at han hadde tatt eit ureint kosttilskot, Ribose. Bjørge Stensbøl

gjev si fulle støtte til Grimseth, og seier han trur på vektløftaren når han seier han ikkje har dopa seg. Avsløringa av den positive prøva til Grimseth vert offentleggjort på OL sin første dag. Etter avsløringa av den positive testen til Stian Grimseth, har olympiatoppen sin lege ein full gjennomgang av bruk av kosttilskot i den norske leiren. Fritz Aanes er brytar og enda på fjerde plass i OL. Også han testar positivt på nandrolon, og også han hevdar si uskuld og meinar det må vere ureint kosttilskot som er grunnen.

Det norske medisinske støtteapparatet har ikkje fungert slik som det skal, og toppidrettssjefen tar det fulle ansvaret. Heime i Norge rasar debatten om sentrale leiarar i idretten ikkje har tatt klart nok avstand frå doping (Nakkim, 2000).

Dåverande ekspedisjonssjef Hans B. Skaset, trua med å trekke all økonomisk støtte til idretten, noko som seinare blei tilbakevist av statsråden. Skaset meinte leiarane av idretten gjore graverande feil når dei gjekk ut og unnskylda ein dopingtatt utøvar.

Sett i samanheng med dei andre hendingane i idrettsverda på denne tida, kan desse hendingane under olympiske leikar i Sydney ha vore med på å synleggjere behovet for endringar i antidopingarbeidet i Norge. Fram til då har antidoping arbeidet i Norge sortert under Etikkavdelinga i NIF. Denne tette koplinga til idretten kunne sjåast på som uheldig for uavhengigheita til antidopingarbeidet i Norge.

## **2.5 Frå etikkavdeling til ADN**

Antidopingarbeidet i Norge vart organisert som ei avdeling under NIF i Avdeling for Etikk og Antidoping (Etikkavdelinga). I 1989 underteikna Norge på Europarådet si antidoping konvensjon. Arbeidet til konvensjonen er retta mot dopingarbeidet innan den organiserte idretten. KKD har deltatt aktivt i Europarådet sitt arbeid, og har bidratt til å styrke antidopingarbeidet i fleire europeiske land. Den norske implementeringa av konvensjonen blei evaluert første gong i 1998. I evalueringsrapporten som kom ut i 1999, vert det norske antidopingarbeidet vurdert som kvalitativt godt. Sjølv om arbeidet vart sett på som anerkjennande, kom det også fram at det kunne vere uheldig at idrettsorganisasjonen sat med ansvaret for antidopingarbeidet (St. Meld. 14 (1999-2000)). Frå staten si side er det ei sentral oppgåve å sikre gode strukturelle og økonomiske rammevilkår for gjennomføring av det praktiske antidopingarbeidet i Norge (Meld. St. 26 2011-2012)).

## **2.6 Grunnlag for endring**

Sett i lys av Europarådet si evaluering av Norge (1999), etablering av WADA (1999), ulike dopingskandalar (1998/2000) og Stortingsmeldinga *Idrettslivet i endring* (1999-2000), vart behovet for organisasjonsendring av antidopingarbeidet i Norge framheva.

Opprettning av eit uavhengig organ for gjennomføring av dopingkontrollar, blei omtala i *Innstilling frå familie, kultur og administrasjonskomiteen om idrettslivet i endring – om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet* (Innst. S. nr. 147 (2000-2001)). Her vart det lagt vesentleg vekt på å utvikle ein annan organisasjonsform enn den ein allereie hadde på antidopingarbeidet. Gjennom å skilje ut antidopingarbeidet frå NIF, meinte komiteen at ei slik organisering ville sikre eit større samfunnsengasjement på dopingproblemet, og det ville føre til høgare legitimitet på doms- og etikkarbeidet. Komiteen ba departementet, i samarbeid med NIF, finne ei hensiktsmessig løysing for ein uavhengig organisering. Det vart sett ned eit utval som skulle sjå på ulike løysingar for ein uavhengig organisasjon. I mandatet til utvalet, heretter kalla Woxholt-utvalet, står det blant anna at

*«utvalget gis i mandat å utarbeide forslag til hjemmelsgrunnlag for et uavhengig organ for gjennomføring av dopingkontroller, og vurdere organiseringen av påtalemyndigheten i dopingsaker»*

(Kulturdepartementet (2001), kap. 1.1).

I samband med førebuingane til dei internasjonale dopingmøta som fann stad i Oslo i november 2000, blei NIF og KKD einige om prinsippa for opprettninga av eit uavhengig organ for gjennomføring av dopingkontrollar. Regjeringa og NIF var kome til einigkeit om at det er behov for endring. *"Vi har kommet frem til at det er behov for å etablere et uavhengig kontrollorgan utenfor NIF for å gjennomfører av dopingtester, et synspunkt NIF er enig i"* var Kulturminister Ellen Horn sitt svar i Stortinget sin spørjetime 15.november 2000 (Kulturdepartementet (2001), kap. 1.2).

Sidan kontroll- og påtaleverksemrd er organisert ”privat” i NIF- organisasjonen, er dette eit forhold som kan gje grunnlag for svekka tillit til at den fungerar optimalt, sett frå utanforståande. Dette har også blitt kommentert frå fleire ulike hald, blant anna

Europarådet sin evalueringsrapport i 1999. Utvalet meiner kontrollverksemda bør leggast til eit uavhengig organ gjennom ein organisering utanfor NIF. Omorganisering innan for NIF- organisasjonen vil ikkje vere tilstrekkeleg for å tilfredsstille kravet om uavhengigkeit. Woxholt-utvalet føreslo at kravet til uavhengigkeit best kunne realiserast ved oppretting av ei særlovsstifting. Dette er ei stifting som vil ha grunnlaget sitt i ei eiga lov, uavhengig av stiftelseslova (Kulturdepartementet, 2001).

Woxholt-utvalet peikar også på dei negative sidene ved ei omorganisering av antidopingarbeidet utanfor NIF. Utvalet meinar dette kan føre med seg konsekvensar som av enkelte kanskje kan oppfattast som uheldige, sidan ein tapar effektivitet ved å legge aktiviteten knytta til kontroll og påtale utanfor NIF. Eit slikt effektivitetstap vil bli oppvega av rettssikkerheitsgevinsten som ein oppnår ved ein uavhengig organisering. Ei anna negativ side er at idretten mistar moglegheita til å feie for eiga dør, eller rydde i eige hus. Utvalet viser også til at NIF kan ha motstridande interesser ved at ein utøvar får trenere uhindra av prøvetaking slik at ho/han kan prestere maksimalt i eit kommande meisterskap. Og dels i at den som brukar doping, og dermed juksar, blir tatt. Dette kan skje i saker der interne interessekonflikter oppstår mellom krefter som motarbeidar doping og krefter som er opptatt av prestasjonsmaksimum. Mannen i gata må ha tillit til at NIF opptrer som ei eining. Det bør komme fram gjennom organiseringa, at verksemda blant anna framstår som mest mogleg nøytral. Indirekte har eit slikt krav om tillit utad ei forgreining både til rettssikkerheit og effektivitet (Kulturdepartementet, 2001).

## **2.7 Antidoping Norge**

Stiftelsen Antidoping Norge vart stifta 3. juni 2003. I vedtekten for stiftinga står det at

*Stiftelsen er opprettet for å sikre at kontroll- og påtalevirksomhet for dopingsaker organiseres uavhengig av Norges Idrettsforbund og Olympiske komité og staten.*  
(Antidoping Norge, 2003).

Stiftinga skal finansierast gjennom tilskot frå staten i tillegg til andre inntekter, tilskot, bevilgninger og gåver.

Styret, som består av fire frittståande medlemmar og to varamedlemmer, er stiftinga sitt øvste organ. To styremedlemmar og eit varamedlem vert oppnemnt av NIF, og to styremedlemmar og eit vara medlem vert oppnemnt av staten.

Om styret sin uavhengigheit, står det i stiftlesesdokumentet (Antidoping Norge, 2003) at desse samla skal inneha naudsynt sakkunnskap frå områda jus, medisin, farmakologi, pedagogikk og økonomi. Styret sine medlemmar skal vere uavhengige i forhold til stiftinga si verksemd, og i denne samanheng ikkje ha tillitsverv som styremedlem i NIF eller særforbund. Styret sine medlemmar skal respektere sentrale prinsipp om uavhengigheit, integritet og upartiskheit.

I avtalen mellom NIF og ADN, pliktar blant anna NIF å gje ADN full tilgang til sine medlemslister, og NIF vil gjennom lover og vedtak sørge for at ADN har det nødvendige grunnlaget for gjennomføring av antidopingarbeidet.

I avtalen mellom staten og ADN står det at staten årleg skal yte tilskot til ADN, og at dette tilskotet skal finansiere verksemda. ADN skal utøve arbeidet i henhold til dei vedtekta som er fastsett for stiftinga i stiftlesesdokumentet av 3.juni 2003. Dette tilskotet skal vidare sikre ADN ei fri og sjølvstendig stilling.

Desse avtalane mellom ADN, staten og NIF gjeld i periodar på 3 år, med automatisk fornying for påfølgjande periode på tre år. Avtalen kan seiast opp med 12 månaders varsel. ADN har ein særskilt oppseiingsfrist på 3 månader dersom ADN mistar statleg finansiering.

Norge, ved Kulturdepartementet, signerte i 2003 ein særskilt deklarasjon, *Københavndeklarasjonen*. Gjennom denne deklarasjonen er NIF forplikta til å ha bestemmingar i samsvar med WADC oppretta av WADA. Ved tolkingstvil skal dopingbestemmingane tolkas i samsvar med koden, jf. NIFs lov § 12-1, 3. ledd, siste punkt (Antidoping Norge, 2003).

## **2.8 Norge si rolle internasjonalt**

Norge deltar aktivt inn i den internasjonale kampen mot doping, både på statleg og ikkje statleg nivå. Dette engasjementet inkluderer deltaking i aktuelle fora og bilaterale

avtalar med fleire land (Council of Europe, 2008). På 1990-talet var både myndigheiter og NIF involvert i det internasjonale antidopingarbeidet, både i lag og kvar for seg. Gjennom Europarådet tok myndighetene opp saker som omhandla antidopingpolitikk, og NIF tok opp antidopingsaker med andre nasjonale olympiske komitear, internasjonale særforbund og nasjonale antidopingbyrå (NADO) (Hanstad & Skille, 2008). Slik framstår også Norge si rolle internasjonalt i dag. Samarbeidet mellom offentlege myndigheiter og idrettsrørsela er eit kjenneteikn for det norske antidopingarbeidet. Det tette samarbeidet mellom staten og idretten kjem til uttrykk i kampen mot doping (Gaalaas, 2011).

Gjennom deltaking i blant anna Europarådet si Monitoring Group, UNESCO, WADA, IADA, ANADO og bilaterale avtalar med til dømes Kina (CHINADA) og Russland (RUSADA), bidrar Norge aktivt inn i internasjonale fora i kampen mot doping.

Norge har vore ein av dei største pådrivarane for utvikling av antidopingarbeidet internasjonalt. Noko av grunnen til dette meinar Andersen (2005) er dei gode relasjonane Noreg har hatt til WADA og IOC. Det skal også framhevast at to personlegheiter har vore spesielt pådrivarar i det norske antidopingarbeidet. Hans B. Skaset har vore kjent for sitt engasjement mot doping heilt sidan 1970-talet. Han har blant anna vore formann i friidrettsforbundet (1976-1983) og idrettspresident (1984-1990), før han gjekk over i stillinga som ekspedisjonssjef i Idrettsavdelinga i KKD (1991-2000) (Andersen, 2005). Frå første gong han vart valt inn i NIF sitt styre i 1969, var antidopingarbeid Skaset sitt hjertebarn. Det vart eit markant skilje i den norske stat si involvering i antidopingarbeidet då Skaset gjekk over til å vere embetsmann tidleg på 90-talet (Hanstad & Skille, 2008). Gjennom øyremerkinger fra KKD til antidopingarbeidet i NIF, bidrog departementet til at Norge heldt sin leiiande posisjon i det internasjonale arbeidet mot doping (Andersen, 2005).

Rune Andersen gjekk fra stillinga som leiar i etikkavdelinga i NIF, over til direktørstilling i WADA for standardisering og harmonisering. Det at WADA har ein norsk direktør kan ha vore av betydning for rolla Norge blir tildelt internasjonalt i dag (Gaalaas, 2011). Då Andersen var leiar for Etikkavdeling i NIF på 1990-talet, hadde Norge allereie ein stadfesta posisjon som ein av dei leiande nasjonane på antidoping. På den tida var internasjonale bidrag og bilaterale avtalar ein utvikla strategi for å auke

kompetansen hjå andre nasjonar. Gaalaas (2011) presiserar at NIF ikkje skal tilleggast særleg anerkjenning for det internasjonale antidopingarbeidet med bilaterale avtalar. Dette arbeidet blei i hovudsak utforma av Hans B. Skaset og KKD, og lenge før Rune Andersen kom til WADA var han ein pådrivar for bilateralt samarbeid.

For ADN er det i dag fleire grunnar til det internasjonale engasjementet. Ein føler ansvar for at gode NADOer tar del i utviklinga av antidopingarbeidet internasjonalt, ein ser behovet for at eigne utøvarar skal få delta i ein rein idrett, og ein finn at internasjonalt engasjement faktisk bidreg til å utvikle kompetanse og ferdigheiter i eigen organisasjon (Hanstad, 2011, s. 146).

### **3. Teoretiske perspektiv**

#### **3.1 Innleiing**

I dette kapittelet vil eg presentere ulike organisasjonsteoriar som kan nyttast til å bygge opp under diskusjonen i kapittel 5. Eg vil sjå nærmare på korleis interessentar kan påverke organisasjonar, og korleis interessentane vert kategoriserte på ulike måtar. Det vil også vere interessant for studien å sjå på teorien om ressursavhengigheit for organisasjonar og korleis dette spelar inn på graden av uavhengigheit. Vidare vil eg sjå på institusjonelle teori som omhandlar endringar ut frå konkurranse eller ulike typar av likedanning. Dette kjem til bruk for å forstå korleis antidopingorganisasjonen i Norge har endra seg frå organisering i Etikkavdeling i NIF, til den organisasjonen vi kjenner i dag som ADN med vekt på uavhengigheit.

Ut i frå spørsmålet om uavhengigheit, er det viktig å definere kven organisasjonen skal vere uavhengig frå. I *stakeholder-theory*, heretter kalla interessentteori, vert det beskrive ulike roller interessentar, også kalla aktørar, kan ha i forhold til å påverke organisasjonen. Forhold som har innverknad på interessentane sin påverknad på organisasjonen, er om interessentane innehavar makt, legitimitet eller viktigkeit ovanfor organisasjonen. Det har blitt meir og meir viktig for ein organisasjon å finne ut kven eller kva som er interessentane til organisasjonen, og til kven eller kva leiinga i organisasjonen viser merksemd til (Mitchell, Agle og Wood, 1997).

Kven er interessentane som påverkar organisasjonen, og kven krev noko tilbake. Er det nokon interessentar som innehavar makt over antidopingorganisasjonen i Norge, og er nokon av desse interessentane nødvendige for å overleve for organisasjonen. Dømer på interessentar for antidoping organisasjonen i Norge kan vere KKD, sær forbunda og ikkje minst WADA. Alle desse interessentane innehavar ulike roller ovanfor ADN. Det blir arbeidd mot å skape ein dopingfri idrett, finansiert av KKD og påverka av blant anna WADA gjennom WADA-koden. For å kunne svare på spørsmålet om uavhengigheit må det først definerast kven ein skal vere uavhengig frå, og korleis organisasjonen skal bli uavhengig frå interessentane om dette ikkje er tilfredsstillande i dag.

Jacobsen og Thorsvik (2002) hevdar at alle organisasjonar virkar innan for ein omgjevnad som er prega av andre aktørar som ein i varierande grad er avhengig av å samhandle med for å overleve. Så godt som ingen organisasjonar kan operere heilt uavhengig av omgjevnadane. Ny-institusjonalisme hevdar at dei fleste organisasjonar treng både oppslutnad og legitimitet frå omgjevnadane for å kunne overleve.

### **3.2 Teorien om interessentar**

I krinsen rundt Antidoping Norge er det fleire organisasjonar, bedrifter, myndigheter og individ som ADN må samarbeide med, eller ha meir eller mindre bevisst forhold til. Desse aktørane vert i interessentteorien kalla for interessentar eller aktørar, og dette er aktørar som verkar i ADN sine omgjevnader.

I interessentteorien er det få definisjonar som spesifiserar den empiriske verkelegheita der alle kan påverke eller bli påverka av ein organisasjon si verksemd. Det som trengst i følgje Mitchell et. al. (1997) er ein teori om aktørar som identifiserar og skil pålitelege aktørar frå ikkje aktørar.

Er alle aktørar som er i omgjevnadane til ADN interessentar sjølv om dei ikkje har påverknadskraft? Og korleis skal vi skilje aktørar frå ikkje aktørar? Fleire har kome med vide og flytande definisjonar på kva ein aktør er. Som til dømes Alkhafaji som definerar interessentar som: "*groups to whom the corporation is responsible*" (Mitchell et.al., 1997), eller som Stanford Research Institute i Freeman (1984, s. 31) definerar som "*...those groups without whose support the organisation would cease to exist*".

R. Edward Freeman (1984) har ein klassisk og brei definisjon av kva ein aktør er "*A Stakeholder in an organization is any group or individual who can affect or is affected by the achievement of the organization's objectives*" (1984, s. 46). Med denne vide definisjonen vert ingen aktørar, potensielle eller faktiske ekskluderte.

Freeman meinar at absolutt alle kan vere aktørar eller interessentar for ein organisasjon. Problem med ein slik brei definisjon er til kven organisasjonen skal vere merksam mot. Kven har størst betyding for organisasjonen, kven sine krav må organisasjonen tilfredsstille først? Dei som kan seiast å ikkje vere ein aktør for ein organisasjon er dei som ikkje kan påverke organisasjonen, då dei ikkje har makt, og at dei heller ikkje kan

påverkast av organisasjonen (har ingen krav eller forhold til organisasjonen). Freeman (1984) meinar vidare at alle dei gruppene av aktørar eller grupper av individ som kan bli, eller blir påverka av gjennomføringa av organisasjonen sitt føremål, har ei viktig rolle i suksessen til organisasjonen. For å vere ein effektiv organisasjon, må ADN ta seg av dei gruppene av aktørar som kan påverke dei. For å vere ein ansvarleg organisasjon, må ADN ta seg av dei gruppene av aktørar som dei kan påverke. Dette vil vere både ansvarleg og effektivt på lang sikt (Freeman, 1984).

Freeman (1984) seier derimot lite om korleis aktørane skal identifiserast. Han hevdar at identifisering av aktørar vil avgrense seg sjølv til dei aktørane som er direkte påverka av organisasjonen si oppførsel. Identifisering av aktørane er gjerne den største delen av interessentteorien.

I eit forsøk på å definerer aktørane til ein organisasjon meir spesifikt, seier Clarkson: "*Voluntary stakeholders bear some form of risk as a result of having invested some form of capital, human or financial, something of value, in a firm. Involuntary stakeholders are placed at risk as a result of a firm's activities. But without the element of risk there is no stake*" (1994, s. 5).

I forhold til Clarkson (1994) sin definisjonen er ein kun aktør eller interessaent så lenge ein kan tape noko. Gruppene av aktørar vert laga av aktørar som har like interesser, krav og rettar ovanfor organisasjonen. For at aktørar skal hamne i slike grupper, må dei bidra til overleving for organisasjonen, som primære eller sekundære aktørar. I ei primær gruppe for aktørar, finn vi aktørar som organisasjonen ikkje kan leve utan.

Organisasjonen vil bli kritisk skada om ein aktør i primærgruppa blir misnøgd eller i verste fall vil ikkje organisasjonen kunne overleve dersom ein aktør i denne gruppa bryt samarbeidet. Sekundære aktørar er dei som kan påverke, eller er påverka av organisasjonen, men som likvel ikkje er sentrale aktørar i forhold til om organisasjonen skal overleve eller ikkje (Clarkson, 1995).

For å kunne oppklare kva ein aktør er, må det skiljast mellom grupper som har lovleg, moralsk eller antatt krav til organisasjonen, og grupper som har moglegheit til innflyting på organisasjonen sin oppførsel, retning, prosess eller utbytte.

Savage, Nix, Whitehead og Blair hevdar i Mitchell, et. al. (1997) at kun to kjenneteikn er nødvendig for å identifiserer ein aktør. Det er om aktøren har:

1. Krav til organisasjonen
2. Moglegheit til påverknad på organisasjonen

I interessentteorien er det mange smale definisjonar som hevdar at organisasjonar ikkje kan vise merksemrd til alle aktørar, verkelege eller potensielle. Mitchell, Agle & Wood (1997) seier at når ein skal identifisere ein aktør, må ein sjå på kva grad organisasjonane prioriterar krava frå konkurrerande aktørar.

Vidare hevdar Mitchell, Agle & Wood (1997) at ein kan identifisere interessentar til ein organisasjon ut i frå om dei innehavar ein eller fleire av dei tre kjenneteikna; makt, legitimitet og viktigkeit. Forholdet ADN har til dei ulike interessentane er ulikt. Nokre har ein nært forhold til, andre er meir perifere. I interessentteorien vert interessentane sett i kategoriar som primære eller sekundære interessentar, og dei blir gjerne sortert etter dei ulike rollene dei kan identifiserast med. Det kan vere som eigar av kapital, eigar av organisasjonen, eigar av ressursar organisasjonen er avhengig av, eller det kan vere som risikotakar eller påverkar. Interessentane vert altså delt inn i klassar ut i frå kva type innverknad (makt, legitimitet eller viktigkeit) dei har på organisasjonen.

Dersom forholdet til organisasjonen endrar seg, kan interessentane skifte frå klasse til klasse (Mitchell, Agle & Wood, 1997).

Det første spørsmålet ein må sjå på er kven eller kva er aktørane til ein organisasjon. Dette må i følgje Mitchell et. al. (1997) svarast på gjennom ein normativ teori. Det andre spørsmålet som vert stilt er kven av aktørane høyrer organisasjonen på og kvifor. Dette må svarast på gjennom ein beskrivande teori.

Mitchell, Agle & Wood (1997) ser på to av tre kriterium som viktige. Aktørane har makt over organisasjonen, enten det er haldbare krav, eller ikkje haldbare krav, eller krav i det heile tatt eller om aktøren ønskjer å utøve press på organisasjonen for å oppnå sitt krav. Skadelidne interessentar kan ha legitime eller ikkje legitime krav, og dei kan ha eller ikkje ha makt til å påverke organisasjonen med krava deira. Makt og legitimitet er forskjellige, men av og til, også overlappande dimensjonar. Dei kan eksistere uavhengig av kvarandre, eller saman.

Kan ein vere interessent utan å vere i eit forhold til organisasjonen? Mange svarar nei på spørsmålet om vi har interessentar som ikkje er i heit forhold til organisasjonen, men Mitchell et. al. (1997) hevdar at eit potensielt forhold kan vere like relevant som det eit faktisk forhold er. Dette på bakgrunn av Starik sin definisjon av at interessentar er dei som: *"are or might be influenced by, or are or potentially are influencers of, some organization"* (Starik, 1994, s. 90).

Om vi føreset at ein aktør eller interessent kan identifiserast gjennom at dei innehavar ein eller fleire av kjenneteikna under, vert aktørane sila ut.

1. Ein aktør si maktinnflyting på organisasjonen
2. Legitimitet ein aktør har på forholdet til organisasjonen
3. Viktigheita eller betydinga av krav aktøren hevdar å ha til organisasjonen

I denne delen har vi sett på ulike måtar å identifiserer aktørar på. Mange av definisjonane er overlappande. Eg meinat ved å gjere meg nytte av Mitchell, Agle & Wood (1997) som teoretisk rammeverk i denne oppgåva, vil gje meg verktøyet til å identifisere aktørane til ADN. På grunn av fleire faktorar og kategoriseringar vil eg lettare kunne identifisere ein aktør enn om eg skulle gjort meg nytte av Freeman sin definisjon. For at interessent skal bli identifisert som aktør for ADN meinat Mitchell, Agle & Wood (1997) at aktøren må innehava tre av kjenneteikna makt, legitimitet og viktigkeit. Nedanfor vil eg ta føre meg desse kjenneteikna.

### **3.2.1 Makt**

Ved å definerer kva ein interessent er, ser ein at fleire av definisjonane fokuserar på organisasjonen sin avhengigheit av aktørane for å overleve. Andre fokuserar på aktørane si avhengigheit av organisasjonen for å oppretthalde rettigheitane sine og å oppnå interessene sine. Nokre definisjonar fokuserar på gjensidigheita av makt avhengigheitsrelasjonar.

Dei mange ulike typar interessentar ein organisasjon har, har ulik forventa veremåte i forhold til organisasjonen. Mitchell, Agle & Wood (1997) har tre teoriar for å forklare kvifor makt har ei så viktig rolle på kva grad av merksemrd organisasjonen gjev interessentane. I virksomheitsteorien må organisasjonar vere merksame på aktørar som kan straffe eller eventuelt lønne dei. I ressursavhengigkeitsteorien vil makt vere ein

faktor for dei som kontrollerar ressursane som organisasjonen treng. Ressursane skapar makt. I forhandlingsteorien vil makt kunne oppnåast på organisasjonen dersom ein forhandlar fram gode avtalar som ekskluderar organisasjonen.

Desse tre organisasjonsteoriane viser oss at makt er ein omsynslaus variabel i eit aktørperspektiv. Makt aleine hjelpt oss ikkje fullt ut å forstå framtredande eigenskapar i relasjonane mellom aktørane og organisasjonen.

Makt blei av Weber definert som; *"the probability that one actor within a social relationship would be in a position to carry out his own will despite resistance"* (Mitchell, et.al.). Ein anna definisjon av makt er Pfeffer sin i Mitchell, Agle og Wood (1997) *"a relationship among social actors in which one social actor, A, can get another social actor, B, to do something that B would not otherwise have done"*. Makt er ikkje lett å definere, men det er lett å kjenne igjen. Makt kan oppnåast så vel som tapast, og det å inneha makt over noko er ikkje ein varig tilstand (Mitchell, Agle & Wood, 1997)

Mitchell et. al meinar det finns ulike typar av makt:

- Tvingande makt, gjennom tvang, veld eller hinder/begrensing
- Funksjonell makt, basert på materiell eller finansielle ressursar
- Normative makt , basert på symbolske ressursar

### 3.2.2 Legitimitet

Legitimitet refererer til sosialt aksepterte reglar, struktur, normer og oppførsel i omgjevnadane til ein organisasjon. Det kan lett antakast at ein interessent som er legitim også nødvendigvis har makt, eller at ein interessent som innehavar makt også er legitim, men dette er ikkje tilfelle i følgje Mitchell, Agle & Wood (1997). Weber (1968) seier at legitimitet og makt er forskjellige kjenneteikn som saman kan skape autoritet for ein aktør, men at dei også kan opptre individuelt.

Suchman definerar legitimitet som *"a generalized perception or assumption that the actions of an entity are desirable, proper, or appropriate within some socially constructed system of norms, values, beliefs, and definitions"* (1995, s. 574).

Legitimitet er som makt, det er ein variabel heller enn eit dynamisk stabilt kjenneteikn i interesserntteorien. Den er enten tilstades eller ikkje tilstades.

### 3.2.3 Viktigkeit

Den betydinga eller viktigheita interessen har, vil i kombinasjon med dei nemnde kjenneteikna over, gjere ein modell over interesserntteorien dynamisk og ikkje statisk.

Lingua. Engelsk- norsk. Norsk – engelsk (2002) og Engelsk – norsk blå ordbok (2003) omset ”urgency” som tvingande, betydning eller nødvendig. Noko som krev merksemd augeblikkeleg. Mitchell et. al. (1997) hevdar at viktigkeit berre eksisterar når to omstendigheter oppstår.

- 1) Når eit forhold eller eit krav er tidsavhengig
- 2) Når forholdet eller kravet er viktig eller kritisk for aktøren.

Mitchell, et. al., 1997, s. 7) definerar viktigkeit som ”*the degree to which stakeholder claims calls for immediate attention*”. Ved å inneha legitimitet oppnår interessentane rettar gjennom makt, og påverknad gjennom graden av umiddelbar merksemd.

Makt aleine garanterar ikkje høg innflyting i eit aktør - organisasjonsforhold. Makt medfører autoritet gjennom legitimitet, og det vert sett i gang av faktoren viktigkeit. Viktigkeit er eit sosialt konstruert kjenneteikn. Viktigkeit aleine har ingen garantert høg påvirkingskraft på organisasjonen, men kombinert med ein eller fleire av dei andre kjenneteikna vil viktigkeit spele ei viktig rolle på påverknadskrafta ein aktør har på ein organisasjon, og kor raskt organisasjonen svarar på kravet frå aktøren. Spesielt kombinert med legitimitet, vil viktigkeit føre til tilgang på beslutningstakarkanalar. I kombinasjon med både makt og legitimitet, vil viktigkeit trigge til gjensidig anerkjenning og handling mellom interessen og organisasjonen.

Av mange vert legitimitet vert sett på som den viktigaste faktoren for ein aktør. Dette ser ein godt igjen i likedanningsteorien. Å vere ein interessen som etterlever sosialt aksepterte reglar, normer, struktur og oppførsel gjer at fleire vil etterstreve å vere lik denne organisasjonen. Likedanningstorien kjem eg nærmare tilbake til seinare i kapittelet.

### **3.2.4 Interessentklasser**

Eit av kjenneteikna med interessentteorien er at dei ulike aktørane vert delt inn i grupper på kor mange av kjenneteikna dei innehar. Mitchell, Agle & Wood (1997) har sett namn på desse gruppene og beskrive kva type innflyting dei ulike gruppene har på organisasjonen.

- 1) Latente aktørar som innehar ein faktor
- 2) Forventingsfulle aktørar som innehar to faktorar
- 3) Definitive aktørar som innehar alle tre faktorane

Dei latente aktørar vert kalla interessentar som ikkje gjer utslag. Desse aktørane vert gjerne ignorert av organisasjonen, og av og til ikkje eingong gjenkjent som ein interessent av organisasjonen. Dersom dei latente aktørane har makt, men manglar eit legitimt forhold til organisasjonen eller har eit lite betydingsfullt krav til organisasjonen, vil makta derfor forbli ubrukt. Mitchell, et. al. (1997), kallar desse aktørane for kvilande. Kvilande aktørar har liten eller ingen forhold til organisasjonen, men på grunn av deira potensiale til å tilegne seg ein av dei andre kjenneteikna, må organisasjonen vere observant på desse sidan dei kan tilegne seg innflyting gjennom legitimitet eller betyding.

Etter skjønn aktørar, har legitimitet, men har ingen innflyting på organisasjonen eller krav av betyding. Desse er av liten interesse for organisasjonen som kan velje å oversjå interessenten etter skjønn.

Latente aktørar kan også vere krevjande. Dette vil vere interessantar som har krav av betyding, men som ikkje har makt eller legitimitet til å få utført kravet. Krevjande aktørar er som ein irriterande mygg for organisasjonen. Virksomme, men ikkje farleg (Mitchell, Agle & Wood 1997).

Forventingsfulle aktørar, innehar to av tre kjenneteikna til ein aktør. Aktørane si framtoning vil bli merkbar med to av kjenneteikna. I situasjonar der aktørane innehar både makt og legitimitet vert dei kalla dominerande aktørar. Påverknaden på organisasjonen vil vere sikra sidan ein kombinasjon av makt og legitimitet er ein dominant koalisjon.

Avhengige aktørar får ein i situasjonar der interessentane har viktige legitimate krav til organisasjonen, men manglar makt til å ”få viljen sin”. Farlege aktørar er interessantar som har makt og betydelege krav, men mangel på legitimitet. Aktøren vil vere

tvingande, og mogleg voldeleg. Dette gjer aktøren farleg for organisasjonen (Mitchell, Agle & Wood, 1997).

Den definitive aktøren er interessentar som innehar alle dei tre kjenneteikna til ein aktør. Organisasjonen må gje merksemd og prioritet til aktørar som har alle tre faktorane, og organisasjonen vil vere avhengig av desse aktørane (Mitchell, Agle & Wood, 1997).

Mitchell, et. al. (1997) meinar organisasjonar aldri må gløyme at aktørane si endring i framtreding krev forskjellege grader og forskjellege typar merksemd avhengig av om dei innehar dei tre kjenneteikna av makt, legitimitet og/eller viktigkeit. Graden av innslag av desse kjenneteikna vil variere frå sak til sak, og frå tid til tid.

### **3.3 Organisasjonar og omgjevnadane**

Ein anna innfallsvinkel på interessentperspektivet er *"Moving beyond dyadic ties: a network theory of stakeholder influences"* Timothy J. Rowley (1997).

Korleis fungerar organisasjonar i forhold til aktørane i miljøet sitt? Og korleis svarar organisasjonar på påverknadane frå sine interessentar?

Som vi såg over klassifiserar Mitchell, Agle & Wood (1997) aktørar i ulike klassar for å vise korleis individuelle interessentar påverkar organisasjonar. For å kunne svare på korleis organisasjonar reagerar på krav frå aktørane, meinar Rowley (1997) at det er viktig å sjå på den gjensidige avhengigheita som regjerar mellom ein aktør og ein organisasjon.

Kor sterkt er koplinga mellom aktør og organisasjon, og kva er forholdet dei i mellom. Organisasjonar har i følgje Rowley fire typar oppførsel for å stå i mot press frå interessentane. Det er ved å vere kommandør, det er å ved å inngå kompromiss, det er å vere underordna og det er å isolere seg.

I utviklinga av interessentteorien har teoretikarane i hovudsak koncentrert seg om å definere aktøromgrepet, og å klassifisere aktørane inn i klassar som kan forklare individuelle forhold mellom aktørane. Rowley ønskjer å fokusere på ein teori som viser korleis organisasjonar svarer på samhandlinga til interessentane.

Sjølv om debatten om ein skal nyte ein brei eller smal definisjon av ein interessent ikkje har avtatt, nyttar dei fleste teoretikarane ein variasjon av Freeman sin definisjon på kva ein interessent er. Hill og Jones (1992, s.133) seier det slik: “*constituents who have a legitimate claim on the firm*”. Clarkson (1995) meinar det er dei som tar ein risk som kan reknast som interessentar i forhold til ein organisasjon. Ein aktør er ein som har noko å tape eller tene på ein organisasjon sin oppførsel enten i form av økonomisk kapital eller legitimitet. Ein underliggende idé i interessentteorien er at det i kvar definisjon av interessentperspektivet, skal organisasjonane få tilfredstilt eit sett med forventingar til aktørane.

Rowley (1997) hevdar at dei ulike aktørane til ein organisasjon er i forhold til kvarandre også utanom organisasjonen. Dette kan føre til at informasjonsflyten kan vert lettare mellom aktørane, i tillegg til at dei kan samle seg i press mot organisasjonen. Forholdet mellom dei ulike aktørane til ein organisasjon kan påverke responsen organisasjonen gjer på påverknad frå miljøet. I Norge ser vi at blant anna staten har fleire møtepunkt i internasjonale fora som omhandlar antidopingpolitikk, som igjen vil kunne påverke antidopingpolitikken i Norge. Organisasjonar svarar ikkje berre individuelt på påverknad frå omgjevnadane. Eit sett med påverknader frå ulike aktørar kan føre til eit felles svar, eller ein felles reaksjon frå organisasjonen til aktørane.

Ein organisasjon vil ikkje alltid vere i sentrum av sine aktørar, og organisasjonen sin posisjon i nettverket er ei viktig brikke for organisasjonen sin oppførsel på påverknad frå aktørane. Då eg skal sjå på uavhengigheita til Stiftelsen Antidoping Norge i forhold til sine interessantar, føreset eg at ADN vil vere i sentrum av sine aktørar sjølv om aktørane seg imellom kan ha eit forhold.

### **3.3.1 Ressursavhengigheit**

Eit av måla med interessentteori er å forklare og føresjå korleis organisasjonar svarar på påverknad frå omgjevnadane og sine interessantar (Rowley 1997).

Frå 1960-talet og fram til i dag har vi hatt fleire studiar som viser korleis organisasjonar aktivt kan definere og forme omgjevnadane sine gjennom selektiv og strategisk merksemd. Ei slik innsikt vert samanfatta i ressursavhengigheitsteorien.

Ressursavhengigheitsperspektivet oppstår når ein organisasjon sjølv ikkje er i stand til å

skape dei naudsynte ressursane den treng for å overleve, og på den måten blir tett knytta til sin omgjevnader (Pfeffer & Salanick, 1978). Organisasjonen vil vere avhengig av omgjevnadane i forhold til tilgangen til ressursar som kan vere av økonomisk eller materiell art. Dersom det kun er ein organisasjon som fører ein viss type ressurs som ein anna organisasjon er avhengig av for å overleve, vil maktkonsentrasjonen i omgjevnaden vere skeivfordelt. I eit ideelt forhold vil utvekslinga av ressursar vere basert på eit symmetrisk maktforhold, der alle organisasjonane som er med på utvekslinga er like avhengig av byttet. Eit maktforhold vil oppstå når utvekslinga ikkje er like viktig for begge partane. Avhengigheit mellom organisasjonar og interesserantar medfører moglegheiter for at det kan oppstå spesielle maktrelasjonar dei i mellom. Dersom maktforhaldet mellom organisasjonane ikkje er likt, kan det føre til at organisasjonen med mest makt vil nytte den til å påverke organisasjonen med mindre makt (Pfeffer & Salanick, 1978; Jacobsen og Thorsvik, 2002).

For at ein organisasjon skal overleve, må organisasjonen si verksemd ha nokre konsekvensar av betyding for andre aktørar i omgjevnadane.

Eit anna forhold som spelar inn på maktforholdet mellom organisasjonar er tilgangen på ressursar i omgjevnadane. Pfeffer & Salanick (1978) hevdar at det er tre faktorar som er viktige for å sei noko om avhengigheit til omgjevnadane når det gjeld ressursar. Kor viktig er ressursen for organisasjonen, i kva grad har organisasjonen råderett over tildelinga og bruken av ressursen, og i kva omfang fins ressursen. Dersom det er lite av ein ressurs, vil kampen om ressursane vere sterkare enn om det er overflod av ressursar. Når ein organisasjon utvekslar ressursar med ein anna, aukar avhengigheita til organisasjonen som ein utvekslar ressursen med, noko som igjen kan føre til redusert autonomi for den avhengige organisasjonen. Så lenge tilgangen til ein ressurs er stabil, spelar det mindre rolle kor viktig ressursen er eller kor den kjem i frå (Pfeffer & Salanick, 1978).

Det siste forholdet som spelar inn på eit maktforhold er i følgje Jacobsen og Thorsvik (2002) graden av kopling mellom organisasjonar. Nokre organisasjonar er sterkt knytta til kvarandre, og til sterkare denne koplinga er, til meir avhengig vil dei vere av kvarandre. Det vil også vere av betyding kor mange organisasjonar ein organisasjon er kopla på.

Organisasjonar som er avhengig av andre, kan lett komme under press for å møte krav frå dei organisasjonane dei er avhengig av. Stiftelsen Antidoping Norge får i all hovudsak inntekta si gjennom tilskot frå Kulturdepartementet og tippenøkkelen. Eit av forskingsspørsmåla i studien er å svare på kven som er dei viktigaste interessentane til ADN og kva innverknad har desse på ADN. Ut frå ressursavhangigkeitsteorien kan det sjå ut til at ADN er avhengig av staten for å kunne finansiere antidopingarbeidet sitt innan norsk idrett.

### **3.4 Institusjonalisme**

I institusjonalismen ser vi korleis kulturelle trekk i omgjevnadane kan påverke organisasjonar. Det kan vere trekk ved ein organisasjon som ein anna organisasjon ser fungerar eller gjev auka legitimit, som ein ønskjer å kopiere. Det kan vere grunnleggande ting som normer og verdiar i omgjevnadane som pregar korleis ein meinar at ulike typar av verksemder bør etablerast og organiserast, styrast og koordinerast. Organisasjonar som ikkje passar inn i forventningane til omgjevnadane, vil lett kunne få eit legitimitsproblem i forhold til omgjevnadane (Jacobsen og Thorsvik, 2002).

Til ADN ligg det ei rekke forventingar frå omgjevnadane om korleis ADN skal opptre. ADN skal blant anna vere uavhengig frå NIF og staten, følgje WADC, organisasjonen skal delta i samarbeid med nasjonale og internasjonale idrettsorganisasjonar, stiftinga skal bistå NIF med å bekjempe doping, og drive rågjeving og bistand til land som ikkje har etablert kvalifiserte strukturar for antidopingarbeidet (Antidoping Norge, 2003).

DiMaggio og Powell (1983) undrar seg i sin likedanningsteori over kvifor organisasjonar innan for eit felt er så like. Eit felt er i følgje DiMaggio og Powell (1983, s. 148) «*By organizational field, we mean those organizations that, in the aggregate, constitute an area of institutional life; key supplier, resource and product consumers, regulatory agencies, and other organizations that produce similar service or products*». DiMaggio og Powell (1983) meinar organisasjonar er homogene, og ser at byråkrati framleis er den vanlegaste organisasjonsforma. Byråkratisering og andre former for organisatoriske endringar er eit resultat av prosessar som gjer organisasjonar like. Dette til tross for at endringane vil gjere organisasjonane meir effektive.

For å overleve, må organisasjonar tilpasse seg normer, tradisjonar og verdiar som utgjer dei institusjonelle omgjevnadane. Organisasjonen må oppfattast som legitime av dei sentrale aktørane i omgjevnadane, og ofte er presset frå omgjevnadane med på å gjere organisasjonar stadig meir like kvarandre. Det blir eit press mot homogenitet, og eit sentralt element i nyinstitusjonell teori er at organisasjonar som befinn seg innanfor same institusjonelle omgjevnader, vil vise teikn til å bli stadig meir lik kvarandre (Jacobsen og Thorsvik, 2002). DiMaggio og Powell (1983) hevdar at når eit felt er veletablert, vil det vere eit sterkt press frå omgjevnadane mot homogenisering. Beste forklaring på homogenisering er isomorfisme, eller likedanning. Dette er prosessar som tvingar organisasjonar i eit samfunn til å vere lik andre liknande organisasjonar som har same forhold i miljøet.

Likedanning skjer i følgje DiMaggio og Powell (1983) gjennom to typar. Enten ved konkurranse, der den best tilpassa overlever, eller ved institusjonelle krefter. Ved institusjonell likedanning finn ein tre mekanismar for endring. 1) ved tvang som td politisk innflyting 2) etterlikning på grunn av usikkerheit 3) normativ likedanning, ein samanliknar seg med organisasjonar ein synast er profesjonelle.

Tvangslikedanning vil vere eit resultat av både formelt og uformelt press opp mot organisasjonen sin sjølvstendigkeit og kulturelle forventingar i samfunnet. Dette presset kan følast som tvang, som overtaling eller invitasjon til å bli med i fellesskapet. I nokre tilfeller er presset eit direkte resultat av eit statleg mandat. Felles regelverk påverkar mange aspekt av organisatoriske strukturar og oppførsel. Til dømes økonomi og rapportering. All form for regelverk vil ha ei eller anna tvangseffekt. Reglar og lover vil gjere til at organisasjonar innan til dømes idrett vil likne på kvarandre. Til meir avhengig ein organisasjon er ein annan, jo meir like vil organisasjonen bli i struktur og oppførsel (DiMaggio og Powell, 1983).

Etterliknings likedanning vil vere eit resultat av samanlikning med andre organisasjonar, spesielt dersom ting ikkje går bra med organisasjonen. Modellering vert eit uttrykk for usikkerheit. Organisasjonar som vert modellert treng ikkje vite om det. Ved å etterlikne andre organisasjonar vil ein kopiere dei tinga som har vist seg å fungere bra for andre innan same felt. Ein annan grunn til at organisasjonar liknar på kvarandre er at dei nyttar same ”oppskrift”. Det vil sei at ein knyttar til seg tilsette som har arbeidd

i organisasjonen ein vil etterlikne, eller som har same utdanning som tilsette i etterlikningsorganisasjonen (DiMaggio og Powell, 1983).

Den normative likedanning vil vere eit resultat av ønskje om profesjonalisering. To aspekt er viktig ved denne likedanninga. Formell utdanning og nettverk. Utdanning gjer at organisasjonar si leiing byggjer på same kunnskap. Gjennom utdanning vil tilsette få lik måte å tenke på og gjennom profesjon og sosialisering i nettverk, vil organisasjonane bli homogene. Det sosiale nettverket vil føre til at utvikling av organisasjonane går i same retning (DiMaggio og Powell, 1983).

Ein organisatorisk likedanningsprosess oppstår gjerne gjennom eit institusjonelt press i organisasjonen sin omgjevnad. Meyer og Rowan (1977), hevdar at organisasjonar som samanliknar seg med sine omgjevnader, ofte er avhengige av kvarandre gjennom utveksling av erfaring og teknologi.

Antidopingorganisasjonen i Norge har endra seg organisatorisk sidan 1998. Endringane har skjedd på grunnlag av fleire av komponentane ein finn i likedanningsteorien. Gjennom tvang, dvs lover og reglar, frå både internasjonalt og nasjonalt hald, har organisasjonen endra seg som følgje av dette. Innføring av WADA sitt regelverk kan sjåast på som ein institusjonaliseringsprosess der målet er at alle skal arbeide etter eit felles internasjonalt regelverk (Tjernsbekk, 2008). Alle NADOer som har innført WADC skal etterleve det same regelverket, og antidopingfeltet er blitt meir homogent (Gaalaas, 2011). I tillegg er struktur og form på ADN bygt opp etter same ”oppskrift” som andre nasjonale antidopingorganisasjonar.

## 4. Metode og datainnsamling

### 4.1 Metodisk tilnærming

Vitskap er til for å lære noko nytt, beherske samfunnet og det kjem allmennheita til nytte gjennom produkt. I naturvitenskapen får ein nøyaktige svar. Kva så med samfunnsvitenskapen, kven er den til for og kva kan vi lære?

Metode tyder ”*det å følgje ein bestemt veg mot eit mål*” (Krumsvik, 2013 s. 9). Det greske ordet ”metinai” tyder spor, veg eller vegen jegeren går når han er på sporet. Også definert som ”læra om dei verktøy som kan nyttast for å samle info”. Desse verktøya er ikkje berre der ute, men inkluderar også forskaren sjølv. Den metoden ein vel for sitt forskingsprosjekt skal altså vise veg til målet, og metoden skal vere verktøyet som samlar inn dei data som er nødvendige for å svare på måla med studien og forskingsspørsmåla i studien (Krumsvik, 2013). Dersom ein vel feil metode vil dette forplante seg gjennom heile forskingsdesignet og skape vanskar for studien, og då spesielt i analysedelen.

På bakgrunn av mitt forskingstema valde eg å nytte kvalitativ tilnærming. Grunngjevinga for dette valet av design er at eg hadde eit ønskje om å gå djupt inn på Stiftelsen Antidoping Norge si organisering. Krumsvik (2013) seier at kvalitativ metode først og fremst er oppteken av ei djupneforståing, det kontekstnære og kontektsavhengige, nærliek til feltet og informantane, små utval og tekstdata. Med bakgrunn i problemstillinga, har eg prøvd å utvikle ei meir heilskapleg forståing av organisasjonen, spesielt retta mot uavhengigheitsgrada til organisasjonen.

Samfunnsvitenskaplege metodar er utprøvde framgangsmåtar som vi brukar når vi søker svar på forskingsspørsmåla i forskingsprosjektet. Den største forskjellen mellom kvalitativ og kvantitativ metode er at kvalitative metodar prøvar å gå i djupna, med få intervjuobjekt som skal danne eit heilskapleg bilde av forskingsspørsmålet. Det er gjerne mange variablar, og forskaren finn kunnskap undervegs i studiet. Forskaren sine vurderinger vil vere med på å bestemme resultatet. Kvantitative metodar vektlegg breidde og tal. Få variablar og ein søker stor kunnskap om enkeltforhold. Forskaren finn kunnskapen til slutt, der statistikk vil vere med på å bestemme resultatet. Det vert av Denzin & Lincoln i Thagaard (2009), framhevar at omgrepene kvalitativ inneberer å

framheve prosessar og meinigar som ikkje kan målast i kvantitet eller frekvensar. Ein kan derfor sei at ein kvalitativ studie kan gje mykje informasjon om få einingar, medan kvantitative studie omfattar store utval.

I eit kvalitativt forskingsprosjekt prøvar forskaren å utforske korleis individ oppfattar og fortolkar si eiga omverd, og difor er kvalitativ forsking ofte knytt til fenomenologien, hermeneutikken og sosialkonstruktivismen. Det å ta ”innsider-perspektivet” vil vere hovudmålet til den kvalitative forskaren. Med ”innsider-perspektivet” vil individua prøve å fortolke omverda og forskaren vil prøve å forstå korleis individua fortolkar si omverd (Krumsvik, 20113). Det viktigaste i kvalitativ metode er likevel å sette kjeldene i samanheng med det ein allereie veit.

Fenomenologi vert skildra som ein metode der ein prøvar å forstå det som er utforska, ved å ta utgangspunkt i informanten si oppleving av si eiga omverd. Det vert bygt på ein underliggende antaking om at realiteten er slik vi mennesker oppfattar den. Eg har latt informantane mine, som har hatt sentrale stillingar i idrett og stat knytt til antidoping, fortelje om sine erfaringar angåande organisering av antidoping arbeidet i Norge det siste tiåret. I forskingsprosjektet kan ein gjere seg nytte av erfaringar ein sjølv har gjort seg, men samtidig må ein vere open for informantane sine erfaringar. Ein forskar set ord på informantane sine erfaringar i eit empiriært språk (Thagaard, 2002 s. 36).

Empiri er opplysningar eller informasjon om faktiske forhold i samfunnet. Informasjonen vil bygge på våre erfaringar om desse samfunnsforholda, og er basert på sanseerfaringar. I vitskaplege studier er eit av kjenneteikna at empirien vert behandla på ein systematisk måte (Grønmo, 2004).

I val av kva forskingsstrategi eg skal velje, tok eg omsyn til nokre grunnleggande element:

1. Mål med studien
2. Val av teoretiske rammevert
3. Forskingsspørsmåla mine
4. Val av metodar
5. Korleis sikre god validitet i studien

Dersom forskingsstrategien er godt nok utvikla, vil desse fem elementa vere nært relatert til kvarandre (Krumsvik, 2013)

Måla med studien er for det første å finne ut om antidoping Norge er uavhengig frå sine interessentar slik dei hevdar å vere ut ifrå vedtekten. Eit anna mål med studien er å få meir kunnskap om korleis dette med uavhengigheit har endra seg frå då antidopingarbeidet vart utført av ei avdeling underlagt NIF, og fram til eiga stifting slik det framstår i dag.

Det teoretiske rammeverket som er nytta, bygger opp under bakgrunnen og forskingsspørsmåla om korleis interessantar påverkar organisasjonar og gjer dei avhengig av kvarandre. Ressursavhengigheitsteorien seier noko om dei interessantane organisasjonen er avhengig av å ”halde seg inne med”, som har tilgang på ressursar ADN treng. Likedanningsteorien seier noko om makt gjennom institusjonalisering.

Forskingsspørsmåla er sjølve essensen i modellen, og det viktigaste elementet i eit kvalitativt forskingsdesign. Maxwell i Krumsvik (2013 s. 47), seier:

*”Your research questions identify the things you need to understand; your interview questions generate the data that you need to understand these things”.*

Dersom forskingsspørsmåla er for diffuse og generelle, vil dette skape vanskar for forskaren når han til dømes skal velje utval, lage intervjuguide og analysere data. Eg har søkt å utforme konkrete forskingsspørsmål i håp om at desse ville hjelpe meg som forskar å halde ein raud tråd gjennom heile forskingsdesignet (Krumsvik, 2013).

Forskingsspørsmåla, har i følgje Krumsvik (2013), to hovudfunksjonar; å hjelpe til med å halde studien på rett kurs med forankring i mål og teoretisk rammeverk, og å vise veg til korleis dette skal gjennomførast gjennom riktig val av metode og validitet for studien.

Eg har gjennomført fire kvalitative forskingsintervju i mi datasamling. Det kvalitative forskingsintervjuet er den mest vanlege metoden innan kvalitativ forsking, og i dag finn vi at intervjuemetoden er etablert som ein vitskapleg metode innan mange fagområde. Fleire av forskarane på 80-talet og fram til i dag har vore viktige i forbetrinna av kvalitativ design og det kvalitative forskingsintervjuet og det har gjeve

metoden langt betre anerkjenning samanlikna med tidlegare (Kvale & Brinkmann, 2009).

Designet i studien er beskrivande og fortolkande. Med bakgrunn i problemstillinga, har eg prøvd å utvikle ei meir heilskapleg forståing av det eg har studert. Eg har sett på endringar knytt til Stiftelsen Antidoping Norge sett i lys av organisasjonsteori, frå å vere ei etikkavdeling under Norges Idrettsforbund, til ein eiga uavhengig stifting, ved å bruke kvalitativ metode i ein fenomenologisk/hermeneutisk tilnærming.

For å kunne forstå teksten frå dei transkriberte intervjuia, har eg i analyse og drøftingsdelen valt å gjere meg nytte av ein hermeneutisk metode. Den kvalitative forskingsmetoden har føte i eit hermeneutisk ideal. Opphavleg var hermeneutikk læra om fortolking av tekstar, men utvikla seg til å bli forståing av fenomenets universalitet (Krumsvik, 2013). Tolking av intervjutekstar kan sjåast på som ein dialog mellom forskar og tekst, der forskaren fokuserar på den meiningsa teksten formidlar (Thagaard, 2009).

Hermeneutikk framhevar betydinga av å tolke menneska sine handlingar gjennom å fokusere på eit djupare meiningsinnhald enn det som umiddelbart er innlysande. Dette kallar Thagaard (2009) for tjukke beskrivingar. Det som vert observert vert kalla for tynne beskrivingar. Ei hermeneutisk tilnærming legg vekt på at det ikkje fins *ei* definert sanning, men at fenomena kan fortolkast på fleire nivå. I hermeneutikken prøver ein å sette lys på eit fenomen ved å fortolke, forklare og forstå ei problemstilling. Dette er relevant når ein har datamateriale som i stor grad bygger på det som blir sagt.

Den hermeneutiske sirkelen er eit uttrykk for at tolking skjer mellom heilskap og delar av heilskapen. Det vert skapt eit samspel mellom forskaren sin forforståing, det ein skal fortolke og den konteksten det skal fortolkast i. Fortolkingar bygger på at ein viser til andre sine tolkingar. Ved å kombinerer fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming, kan ein få både eit beskrivande og fortolkande perspektiv (Kvale, 2006).

Ofte ser ein intervjugprosjektet gjennom sju fasar.

1. Tematisering: Kva er føremålet med undersøkinga. Her bør forskaren klarlegge kvifor- og kva-spørsmåla før eg stiller spørsmålet korleis

2. Planlegging: Planlegg studiet utifrå kva eg ønskjer å få ut av informasjon og kunnskap.
  3. Intervjuing: Utføre intervjeta på grunnlag av intervjuguiden, å ha ei reflektert haldning til kunnskapen det vert søkt etter og intervjustituasjonen sine mellommenneskelege relasjoner
  4. Transkribering: Klargjere intervjematerialet for analyse, noko som vanlegvis er å transkribere tale til skrifteleg tekst.
  5. Analysering: På bakgrunn av føremålet med prosjektet og i samsvar med intervjematerialet, bestemmer forskaren seg for kva analysemetode som er best egna for intervjeta.
  6. Verifisering: Undersøke om intervjufunna er generaliserbare, pålitelege og valide. Reliabilitet viser til kor pålitelege resultata er, og validitet vil sei om undersøkingar undersøker det den er meint å gjere.
  7. Rapportering: Funna frå undersøkinga og metodebruken vert formidla i ei form som overheld vitskaplege kriterium, og tar omsyn til undersøkinga sine etiske sider, og som til slutt resulterar i eit lesbart produkt.
- (Kvale & Brinkmann, 2009).

Eg vil i dei neste underkapittel gjere greie for dei ulike fasane i mitt intervuprosjekt.

## **4.2 Det kvalitative forskingsintervjuet**

Det kvalitative forskingsintervjuet ønskjer å forstå verda sett frå intervupersonane si side. Det å få fram betydinga av personane sine erfaringar og deira opplevingar av verda, først for vitskaplege forklaringar, er eit mål.

Det fins forskjellige typar intervju; den terapeutiske samtalen som har som mål å forbetra livssituasjonen til nokre mennesker, det journalistiske intervjuet som skal rapportere og registrere viktige hendingar i samfunnet, og forskingsintervjuet som har som mål å produsere kunnskap. Sjølv om forskingsintervjuet bygger på den daglegdagse samtalen er det ein profesjonell samtale, og intervjuet har ein viss struktur og hensikt. Det er eit intervju der det vert konstruert kunnskap i samspel eller interaksjon mellom intervjuaren og intervjuobjektet.

I intervjeta ønskte eg ei utveksling av synspunkt mellom to personar i samtale om temaet antidoping som opptar, eller har opptatt både meg som forskar og intervjuobjektet.

Likevel var det ikkje ein likeverdig samtale då det var meg som forskar som skulle kontrollere og definere kva det skulle samtalast om (Kvale & Brinkmann, 2009).

Eit forskingsintervju har ein open struktur og det kan vere både ein fordel og ei ulempe for undersøkinga. Forskaren får på ein rask og effektiv måte fram mange opplysingar og intervjuobjektet sitt syn på eitt problemområde (Kruuse, 2001). Det var viktig for meg å få til ei laus stemning under intervjuet, der det i staden for å berre bli spørsmål og svarkonversasjon, heller utvikla seg til ein samtale om eit felles emne.

Det kvalitative forskingsintervjuet vert tillagt mange fordelar, men det finns også nokre ulempar. Det er ikkje uproblematisk med munnlege kjelder. Det kan bli for harmonisk, intervjuaren kan identifisere seg med informanten, og dermed ikkje vere kritisk nok og ta det som informanten seier for ”god fisk”. All informasjon ein får frå informanten bør sjekkast mot nedskrive materiale for å kunne vere sikker på likviditeten.

#### **4.2.1 Intervjuguide**

Det uformelle forskingsintervjuet er ein samtale, eller fleire, mellom den som gjennomfører intervjeta og informantane som er rekruttert til studien. Det var viktig for meg å utarbeide ein gjennomtenkt intervjuguide på førehand, for å sikre at eg fekk svar på forskingsspørsmåla eg har stilt i denne studien. Eg prøvde å formulere ufarlege og opne spørsmål slik at informantane sine erfaringar og meiningar skulle komme tydeleg fram (Grønmo, 2004).

Intervjuguiden vart utvikla over tid, og vart kvalitetssikra gjennom eit prøveintervju. Etter prøveintervjuet vart nokre spørsmål sletta, nokre omformulert og nokre flytta på. Eg hadde ikkje ein lik intervjuguide til alle intervjeta, men nokre spørsmål formulert til den enkelte informant. Teknisk utstyr og tidsplan stemte bra under prøveintervjuet.

Det er fleire måtar å registrere intervjuet på med tanke på seinare dokumentasjon og analyse. Det vanlegaste er å nytte lydopptakar, men også videooppptak, notatskriving eller berre bruk av hukommelse er brukte metodar (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg valde å nytte lydopptakar slik at eg kunne konsentrere meg fullt og heilt om informanten og det å vere tilstades i intervjuet. Eg supplerte i nokre av intervjeta med notatskriving. Alle informantane samtykka til lydopptak, og alle intervju blei

gjennomført på ein drøy time. Ro under intervjuet er viktig for at informant og forskar skal klare å halde fokus og vere konsentrert om tema. To av intervjuva vart gjennomført på Norges Idrettshøgskole, eit i lokala til ADN, og eit over telefon, og eg opplevde at det var ro rundt intervjuet innan for alle desse rammene.

Intervjuet eg hadde over telefon gjekk ikkje heilt som planlagt. Eg hadde prøveringt andre for å sjekke at lyden var god nok til at eg kunne nytte lydopptakar sjølv om intervjuet føregjekk over telefon. Når eg så fekk informanten på tråden viste det seg at telefonlinja var så därleg at det ikkje var mogleg for meg å snakke gjennom høgtalar. Eg måtte difor kun notere stikkord frå dette intervjuet, då lydopptakaren ikkje kunne brukast. Dette intervjuet vart annleis enn dei andre. Kvale og Brinkmann (2009) seier at dersom eit intervju skal siterast frå er det viktig å forsøke å uttrykke den sosiale konteksten i intervjuet. Sidan intervjuet vart gjort over telefon fekk eg ikkje observere den sosiale konteksten og den nonverbale kommunikasjonen mellom intervjuobjektet og meg som forskar.

#### **4.2.2 Informantar**

Ved kvalitative intervju er ikkje hovudintensjonen å samanlikne einingar, men å oppnå tilgang til handlingar og hendingar som vert sett på som relevante for prosjektet si problemstilling. Tilgjengeleghet til den enkelte informant og slik han eller ho ser verda kring seg, er det sentrale og ikkje telle opp kor mange som ser det likt eller ulikt. Det å kunne nå i djupna i det enkelte intervju er det som er intervjuaren sin forse i kvalitative studier. Det er likevel ikkje slik at store utval nødvendigvis gjev meir eller betre data enn små utval. Fleire faktorar kan argumentere for at små utval er å føretrekke og at ein intervjuar berre eit mindre tal respondentar. Økonomi og tid er to sentrale argument for dette. Det viktige er ikkje tal informantar, men den informasjonen desse gjev (Ryen, 2002). Hensikta i ei kvalitativ undersøking er ikkje å lage eit representativt utval, men å konstruere eller lage eit variert utval. Det gjeld først og fremst variasjon langs dei variablane ein søker svar på i undersøkinga, men mest truleg vil utvalet òg vise variasjon i andre dimensjonar (Ryen, 2002; Kvale & Brinkman, 2009).

Eg ønskte informantar frå både idrett, stat og ADN, og dette skulle helst vere informantar med sentrale stillingar innan norsk idrett, idrettspolitikk og antidopingarbeid. Ryen (2002) anbefalar å oppspore den eller dei informantane som ein

trur set inne med mest informasjon, eller som har mest å bidra med i forhold til mitt prosjekt. På grunnlag av eigenskapar og kvalifikasjonar som er hensiktsmessige i forhold til mi problemstilling, valde eg å sende førespurnad til sentrale personar i norsk idrett i den gitte perioden, og som eg meinte kunne tilføre prosjektet mitt nyttig informasjon om uavhengigkeitsspørsmålet i det norske antidopingarbeidet.

I utgangspunktet hadde eg tenkt meg 6-7 informantar, men fekk nei frå to personar som meinte dei ikkje kunne tilføre prosjektet mitt noko, medan den eine informanten min trekte seg dagen før intervjuet. Det resulterte i at eg sat igjen med kun 4, men gode og nyttige intervjuobjekt.

Sjølv om utvalet blei meir avgrensa enn planlagt, valde eg ikkje å rekruttere andre informantar. Dei informantane eg hadde, er og har vore, sentrale personar i norsk idrettspolitikk som eg meinar set inne med mykje informasjon om temaet – uavhengigkeit i antidopingarbeidet i Norge i den gitte perioden.

### **4.3 Analysemetode**

Gjennom kvalitativ analyse vil ein komme fram til ein munnleg forståing av spesifikke forhold, eller utvikle teoriar og hypotesar om bestemte samfunnsmessige samanhengar (Grønmo, 2004). Analysen kan gjerast på ulike måtar, og det finns få strenge krav til analysemetoden. Analysen startar ved innsamling av data, og går parallelt som ein kontinuerleg prosess til studien er ferdig (Kvale, 2006).

Ut i frå intervjuet, sorterer forskaren ut kva som er interessant i forhold til problemstillinga (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg gjorde 2 intervju to dagar etterkvarandre, og hadde transkribert det eine og halvparten av det andre før dei to neste intervjuia. Eg gjorde meg nokre erfaringar undervegs i denne prosessen som eg tok med meg til dei to neste intervjuia. Blant anna endra eg litt på intervjuguiden på nokre av spørsmåla der informantane hadde svart på spørsmålet i dei føregåande spørsmåla.

Det finns ulike modellar som ein kan nytte seg av når ein skal analysere kvalitative intervju. Målet med analysen er å få eit heilskapleg bilde av innhaldet i datamaterialet.

Meiningsfortetting medfører ei forkorting av intervupersonane sine utsegn til kortare formuleringar (Kvale & Brinkmann, 2009, s 212). Forskaren leitar etter naturlege meiningsfortettingar i intervjuet. Temaet blir deretter gjenstand for ei meir omfattande fortolking og teoretisk analyse. Det blei ikkje nytta noko standardisert analysemетодe, men heller ei rekke ulike tilnærningsmåtar for å få fram meiningsfortettingar med spørsmåla. Dekonstruksjon medførte også ein destruksjon av spørsmålet, og ein konstruksjon av alternative formuleringar med henblikk på å berike intervjuanalsen (Kvale & Brinkmann, 2009).

#### **4.3.1 Dokument**

Å analysere dokument har ein lang tradisjon i kvalitativ metode. Dokumentanalyser skil seg frå data forskaren har samla inn i felten ved at dokumenta er skrive med eit anna formål enn det forskaren skal bruke dei til. Thagaard (2009) nyttar ordet dokument om alle slags skriftlege kjelder som er tilgjengeleg for forskaren. I studien har eg nytta meg av høyringsdokument, stortingsmeldingar, vedtekter, avisartiklar og ulike nettsider. Slike dokument vil utgjere sekundær kjelde til tolking i studien. Primærkjelder er det dei kvalitative intervjuene som utgjer.

#### **4.3.2 Transkribering**

I ein transkripsjon blir samtalen med mellom to personar som er fysisk til stade, abstrahert og fiksert i skriftlig form (Kvale & Brinkmann, 2009). Så snart transkriberinga er gjort, er det lett å betrakte det skrivne materialet som dei eigentlege grunnleggande empiriske data i intervuprosjektet.

Det finnast ikkje noko universell form eller kode for transkripsjon av forskingsintervju, og det er nokre standardval som må takast. Skal uttale transkriberas ordrett, ord for ord, med alle ehh'er og liknande, eller skal intervjuet omformast til ein meir formell, skriftleg stil. Det kjem heilt an på kva transkripsjonen skal brukast til. Alle mine intervjuobjekt snakkar bokmål, medan eg nytta nynorsk som skriftspråk. For meg var det naturleg å transkribere over til nynorsk. Faren med dette er at eg ikkje får med meg alle dei språklege nyansane i oversettinga. Eg har nytta meg av den same malen for transkribering på alle intervjuene, dei er direkte oversett til mitt skriftspråk og eg har tatt med pausar og alle ehh'er.

Sjølv transkriberinga var tidkrevjande, men eg hadde gode opptak med klar og god lyd, så det var ikkje problem og høyre kva informantane svarte. Eit av intervjuene vart

gjennomført på telefon. Dette fekk eg ikkje tatt opp på lydopptakar, men eg skreiv notat undervegs. Det var derfor svært viktig for meg at eg fekk fylle ut notata mine og gjennomgå dette intervjuet nært i tid til sjølve intervjuet.

#### **4.4 Mi rolle**

I eit kvalitatittivt intervju vil både forskar og informant påverke prosessen. I alle ledd i forskingsprosessen må forskaren ha fokus på sin eigen ”forforståelse”, og bør på førehand ha reflektert over sitt eige nærver og korleis ein sjølv bidreg til å påverke det informantane er villig til å fortelje. Forskaren bør ha kvalifikasjonar både om dei tema som vert tatt opp, men også om sosiale relasjonar (Thagaard, 2009).

Då valet av tema og problemstilling til masteroppgåva vart tatt, var eg tilsett i eit vikariat i Stiftelsen Antidoping Norge. Eg hadde difor kjennskap til nokre av dei personane eg har intervjuat. Ingen av desse hadde noko innflyting på mitt val av tema eller problemstilling til prosjektet.. Per dags dato har eg eit deltidsengasjement som dopingkontrollør på oppdrag. Eg føler ikkje at dette er i konflikt med forskingsprosjektet, då eg ikkje har noko med den organisatoriske delen av organisasjonen å gjere.

Eg var heilt uerfaren som intervjuar, og kjente på at dette ikkje var ein situasjon eg var noko vidare komfortabel med. På lista mi over informantar sto svært kunnskapsrike og ikkje minst innflytelsesrike personar i idrettsnorge. Kvale og Brinkmann (2009) hevdar at det asymmetriske maktforholdet i ein intervju-situasjon, kan bli oppvegd av eliteintervjupersonane sine maktstillingar. Slike elitepersonar er vand med å bli spurt om sine meningar og tankar, og eit intervju med ein viss ekspertise angåande temaet, kan vere ein interessant samtalepartner. Dette gjorde meg nervøs og usikker for at eg ikkje var godt nok førebudd, og at intervjuguiden ikkje var god nok, trass mange reviderte utgåver.

Det at eg hadde kjennskap til nokre av informantane før, var det nok både fordelar og ulemper ved det. Ulempa eg opplevde var at det eine intervjuobjektet mitt trekte seg dagen før intervjuet. Dette var ein av dei informantane eg hadde kjennskap til, og når intervjuobjektet ønskte litt informasjon om kva eg kom til å spørje om, sende eg difor over ei utvida grovskisse over spørsmåla på ein e-post. Personen ringte då seinare på

dagen og trekte seg frå intervjuet sidan personen meinte den ikkje kunne tilføre prosjektet mitt noko. Det var urutinert av meg å ikkje snakke med personen i staden for, og eg gjekk dermed glipp av synspunkt, erfaringar og opplevingar til eit intervjuobjekt grunna det eg ser på som naivitet frå mi side. Nielsen og Repstad seier i Ryen (2002) at det å intervju personar som ein står i eit eller anna nært forhold til, kan by på ufordringar. Seidman seier også i Ryen (2002, s. 89) at "*at jo lettere tilgang, jo meir komplisert blir intervjuet*".

Eg følte at dei intervjeta der eg ikkje hadde noko vidare kjennskap til informantane gjekk betre enn i det intervjuet eg hadde hatt ein arbeidsrelasjon til informanten tidlegare. I dette intervjuet blei eg stilt på prøve av informanten og kunnsnivået blei tatt eit steg opp i forhold til det eg var ute etter i forhold til mitt forskingsprosjekt.

Sjølv om det blei informert om, og spurt om løyve til, å nytte lydopptakar under intervjuet, gjekk nokre av informantane i forsvarsposisjon når denne kom på bordet. Dette slapp litt utover i intervjuet, men starten på intervjuet vart tung å halde i gang når informanten svarte svært korrekt og formelt på spørsmåla. Eg valde likevel å nytte lydopptakar av intervjuet sidan hukommelsen har sine openbare avgrensingar. Til dømes vil dei nøyaktige språklege formuleringane raskt bli gløymt. I tillegg kan det vere distraherande å skulle ta omfattande notatar under heile intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2009).

Kvale & Brinkman (2009) har sett opp nokre punkt dei kallar kvalifikasjonskriterium for intervjuaren. Intervjuaren bør vere kunnskapsrik, vere strukturert, klar, vennleg, følsam, open, styrande, kritisk, erindrande og tolkande. Erfaringa eg har fått gjennom dette prosjektet har gjort at eg nok står sterkare rusta til å gjennomføre eit liknande forskingsprosjekt ved eit seinare høve. På tross av vanskane eg opplevde under intervjustituasjonen, meinar eg at eg klarte å stille oppfølgingspørsmål der dette var naudsynt. Eg opplevde også at eg klarte å styre samtalen inn igjen på rett spor der informanten blei litt ivrig og omfattande i si forteljing. I nokre av intervjeta følte eg at eg hadde for lite kunnskap til å ”henge med i alle svingar”, og ein meir erfaren intervjuar hadde nok kunne peila informanten tilbake på rett spor igjen på ein betre måte enn eg klarte.

Sjølv om eg var opptatt av å møte informantane med eit ope sinn, har nok min kjennskap, erfaring, synspunkt og ”forståelse” av antidopingorganisasjonen også påverka denne studien (Kvale, 2006). Det er gjennom min kjennskap til ADN at ideen til tema oppsto, og det å ha god kjennskap til det ein skal studere vert trekt fram som positivt (Kvale & Brinkmann, 2009). Mellom anna gjorde god forkunnskap om tema det enklare for meg å stille gode oppfølgingspørsmål undervegs i samtalet.

Ingen forsking kan seiast å vere heilt objektiv, og ein forskar vil alltid ha med seg sin eigen kompetanse inn i arbeidet sitt. Det er derfor viktig at forskaren er seg bevisst denne kompetansen og ”forståelse”, og gjer greie for den i forskingsprosessen. Det vil kunne styrke studien sitt truverde og vere ein mindre trussel mot validiteten (Kvale, 2006).

## **4.5 Vurdering av metode**

### **4.5.1 Studien sin truverd**

Dalen (2004) stiller nokre spørsmål om truverd. I kva grad kan utsegn gjort av mine intervjuobjekt seiast å vere sanne? Kan utsega seiast å vere truverdige? Kan dei overførast? Er dei påliteleg? Og kan dei stadfestast? Og i kva grad kan mine observasjonar faktisk reflektere dei fenomena eller variablane som eg ønskjer å vite noko meir om? (Kvale & Brinkman, 2009).

Truverd handlar om at det som blir presentert gjev eit påliteleg bilde av heile forskingsprosessen, og er knytt til at forskinga vert utført på ein tillitsvekkande måte. I denne typen studie må ein argumentere for truverd, ved å gjere greie for korleis data vert utvikla gjennom heile forskingsprosessen.

Eg har ved tematisering av innleiing, historikk og teoretiske perspektiv prøvd å få fram ei logisk oppbygging av problemstillingane i denne oppgåva. Gjennom planlegging har eg valt ut dei intervjuobjekta som eg meinar kunne gje studiet mest mogleg informasjon og kunnskap om temaet til prosjektet. Eit lite utval treng ikkje vere negativ om det er dei riktige informantane som er i utvalet. Det viktige er ikkje tal informantar, men informasjonen desse gjev (Ryan, 2002). Det er slik eg ser det få eller ingen skadelege konsekvensar for intervjuobjekta å delta i denne undersøkinga.

Under intervjeta blei intervjuguiden nytta, og sjølv om eg hadde kjennskap til nokre av

informantane frå før, både trur og håpar eg at eg som intervjuar blei oppfatta som truverdig i intervjustituasjonen. Eg hadde oppfølgingsspørsmål under intervjuet der dette var naudsynt, og prøvde å vere kritisk og ikkje ta alt det intervjuobjektet sa ”for god fisk”. Ved val av språkleg stil for transkribering valde eg å nytte nynorsk som skriftspråk sjølv om alle intervjuobjekta nytta bokmål. Eg meinat dette kan forsvaret som ein gyldig overføring frå munnleg til skriftleg form då det ikkje er språklege detaljar desse intervjuet handlar om, men forståing for eit tema der nyansar i språket har lite å seie (Kvale & Brinkman, 2009).

Sett i ettertid kunne eg nok ha fått inn ein erstattar for intervjuobjektet som trekte seg. Grunna lita tid, og lang reiseveg vurderte eg det likevel slik at ein eventuell ny informant ville ha stadfestat ein av dei andre informantane, då desse arbeidet i same organisasjon. Det hadde kanskje sett betre ut på papiret med eit større utval.

#### **4.5.2 Bekreftbarheit**

At ein studie er bekreftbar, handlar om vurderingar av grunnlaget for tolkinga. Gjennom heile prosessen bør følgjande spørsmål ligge i bakhovudet: forskar eg på det eg trur eg forskar på, og har dette noko relevans for å svare på studiet si problemstilling? (Kvale & Brinkmann, 2009).

Vidare seier Kvale & Brinkmann (2009) at bekreftbarheit bygger på godt handverk, gjennomsiktige forskingsprosedyrer og openbare resultat som vil vere med på å gje overbevisande konklusjonar. Thagaard (2002) seier derimot at bekreftbarheit inneberer både at forskaren forheld seg kritisk til eigne tolkingar, og at prosjektet sine resultat kan stadfestast av anna forsking.

#### **4.5.3 Overførbarheit**

Å kunne overføre data spelar ei viktig rolle i all forsking. Kan den kunnskapen eg har kome fram til vere gyldig for andre tilsvarande personar? Kvale (2006) trekk fram analytisk generaliserbarheit som tek høgde for ei fornuftig bedømming av om studia sine funn kan nyttast som guide for andre situasjonar eller studiar. Utvalet i denne studien er på 4 informantar. Det er relativt få, men likevel ikkje heilt uvanleg i ein studie av dette omfanget. Fleire av informantane var opptatt av det same og etter kvar som eg intervjuet kom det fram færre og færre nye synspunkt og meningar. Sjølv med

informantar frå ”ulike sider av bordet”, var synspunkta veldig like. Ut i frå dette kan ein tenke seg at kravet om metting i funna er oppfølgde. Eg ser ikkje vekk frå at funn i denne studien kan ha relevans og interesse for andre i same situasjon og kontekst, sjølv om ein skal vere varsam med å generalisere i slike studiar.

#### **4.6 Forskingsetiske tankar**

Det vert frå samfunnet si side stilt krav om at all vitskapleg verksemd skal regulerast av overordna etiske prinsipp som er nedfelt i lover og retningsliner. Personopplysningslova blei innført i 2001, og det medførte at det er meldeplikt for prosjekt som omfattar personopplysningar som skal behandlast med elektroniske hjelpemiddel. Det vil sei at ein kvar forskar som skal gjennomføre prosjekt som involverar personar, må sende inn eit utfylt meldeskjema til Datafaglig sekretariat som er knytt til Norsk Samfunnsvitenskaplig datatjeneste (Dalen, 2004). Dette blei også gjort for mitt prosjekt, og studiet vart godkjent ut i frå gitte føresetnader.

Alle intervjuobjekta mine fekk eit brev der det vart informert om det overordna målet med prosjektet, korleis data skulle behandlast og presenterast. Det låg også med vedlegg frå Datatilsynet om at prosjektet var godkjent i følgje deira lover og reglar, samt informasjon og kontaktinformasjon til Norges Idrettshøgskole og rettleiaren min der. Vidare vart informantane informert om at dei til ei kvar tid har rett til å avbryte sin deltaking i prosjektet, utan at det skal få negative konsekvensar for dei (Dalen, 2004).

Kvale & Brinkman (2009) kallar det for informert samtykke, og det inneberer blant anna at ein sikrar seg at informantane deltar frivillig. Informert samtykke betyr også at informanten på førehand skal orienterast om alt som angår hans eller hennar deltaking i forskingsprosjektet (Dalen, 2004). Det informerte samtykke inneberer også spørsmålet om kor mykje informasjon som bør bli gitt og kva tid i prosessen. Fullstendig informasjon om design og formål vil forhindre at informantane vert villeia i følgje Kvale & Brinkman (2009), men eg opplevde det motsett. Eg hadde ein informant som trekte seg i siste augeblikk før det planlagde intervjuet. Informanten spør etter meir informasjon enn det som vart gitt i brevsform på informert samtykke, slik at ho kunne førebu seg betre. For detaljert informasjon om kva intervjuet skulle handle om førte til at min informant sjølv meinte hennar kunnskap ikkje var gode nok.

Konfidensialtiet som eit etisk usikkerheitsområde er relatert til det problem at anonymitet på den eine sidan kan beskytte deltarane og dermed vere eit etisk krav, men på den andre sida kan det tene som alibi for forskaren ved å gje den moglegheit til å tolke deltarane sitt utsegn utan å bli motsagt. Anonymitet kan beskytte deltarane, men den kan også fråta dei moglegheita til å krediterast med namn som i eit journalistikk intervju (Kvale & Brinkman, 2009). I intervjustituasjonen spør eg informantane om dei eventuelt kunne siterast med namn på det dei hadde fortalt meg. Ein hadde innvendingar mot dette, og eg valde difor å anonymisere alle informantane mine.

Sidan eg hadde kjennskap til nokre av informantane frå tidlegare, var det viktig for meg å prøve å vere uavhengig frå denne relasjonen i intervjustituasjonen. Forskinga si uavhengigkeit kan påverkast gjennom at eg som forskar vil ignorere visse resultat og legge vekt på andre, på bekosting av ein så fullstendig og nøytral undersøking av fenomena som mogleg. Intervjuar kan, på grunn av nære interpersonlege samspel med intervupersonane, vere truande til å la seg påverke av dei. Det er eit usikkerheitsområde som kjem fram når ein tenkjer på spenninga mellom den profesjonelle distansen som bør vere mellom ein forskar og ein informant, og eit personlege venskap (Kvale & Brinkman, 2009). Eg hadde eit arbeidstakarforhold i ADN der den eine informanten min var sentral. På tidspunktet då intervjuva vart gjennomført var eg ikkje lenger tilsett i administrasjonen i organisasjonen. Likevel har eg kontakt med tidlegare kollegaer der frå tid til anna, og eg er per tidspunkt dopingkontrollør på oppdrag i mitt distrikt.

Etiske spørsmål oppstår typisk i intervuforsking på grunn av den asymmetriske maktrelasjonen mellom intervjuar og respondenten, der forskaren om regel er den relativt sterkeste parten (Kvale og Brinkman, 2009). Eg opplevde ikkje å vere den ”sterkeste” parten i alle mine intervju. Sidan nokre av informantane hadde kjennskap til meg frå før, var nok dialogen og stemninga i intervjuet med denne informantane ein anna enn om vi ikkje hadde hatt kjennskap til kvarandre. Slik eg ser det var det nok ein fordel for meg å kjenne til ADN som organisasjon innanfrå før val av informantar, men ei ulempe å ha eit tidlegare tilsettingsforhold i organisasjonen under intervuprosessen.

## 5. Funn og drøftingar

### 5.1 Innleiing

I dette kapittelet vert funna frå intervjua presentert. Målet med intervjua var å få empiri som saman med teorien skal bidra til å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla studien. Kapittelet er byd opp kring forskingsspørsmåla:

- Korleis vart etikkavdelinga oppfatta med tanke på uavhengigheit, og kvifor var det naudsynt å endre?
- Kva aktørar framstår som dei viktigaste for ADN, og kvifor?
- Kan samarbeidsprosjekt, som til dømes bilaterale avtalar, avtalar med samarbeidspartnarar og næringslivet, påverke uavhengigheitsgrada til ADN?
- Korleis vert ADN oppfatta i dag med tanke på uavhengigheit?

### 5.2 Grunnlag for skifte frå etikkavdeling til eiga stifting

Denne studien ønskjer å seie noko om utviklinga i antidopingarbeidet i Norge dei siste 15 åra med tanke på uavhengigheit. For å kunne forstå desse endringane må vi sjå korleis etikkavdelinga vart oppfatta, med tanke på uavhengigheit, og kvifor det blei oppretta ei eiga uavhengig stifting.

Informantane var einige om at det såg ut til at etikkavdelinga gjorde arbeidsoppgåvene sine uavhengig av at dei var plassert som ein del av NIF-organisasjonen. Den eine av informantane jobba i den gamle etikkavdelinga, og han beskrev den slik: «*Vi følte vi hadde full friheit til å gjøre det vi ønskte. Sjølv om vi ikkje var uavhengige i ordet, var vi det i praksis.*» Likevel var det ei viss spenning innad i organisasjonen som skulle handtere både toppidretten organisert i Olympiatoppen, og antidopingarbeidet organisert under etikkavdelinga. NIF si interesse av å gjøre ein mest mogleg god jobb både i antidopingarbeidet og i olympiatoppen var ei spenning i seg sjølv i følgje informanten. Det å skulle køyre eit tøft og knallhardt antidopingprogram og få fram topputøvarar kan vere motsetningsfylt og vanskeleg å utøve for éin organisasjon.

Reelt sett var det ikkje noko problem, og vi fekk aldri noko innspel frå generalsekretæren eller styret i NIF. Jobben besto i å køyre ein tøff antidopingpolitikk. Eg oppfatta oss som fullstendig uavhengige og eg trur vi blei sett på som uavhengige også frå utsida. Vi hadde stor handlefriheit til å drive effektivt arbeid både internt i NIF og i Norge

Ein av dei andre informantane beskrev etikkavdelinga som uavhengig, og at det ikkje var noko grunn til mistenkeleggjering av arbeidet som etikkavdelinga gjorde. Likevel meinte vedkommande at sjølv om ein hadde dei beste intensjonane med arbeidet, så var tilsette i etikkavdelinga operatørar i eit system som har interesser i det arbeidet etikkavdelinga gjorde. Slik sett risikerte ein å bli sett under press. Så lenge ein var tilsett i NIF og var under den politiske leiinga der, vil ein alltid kunne bli gjenstand for påverknad. «*Eg meinat det var ein nødvendig formalitet å få antidopingarbeidet i Norge formalisert i ein eigen uavhengig organisasjon*»

Fleire av informantane støtta opp under utsegnet om kva som vart gjort og kva som i teorien kunne gjerast:

Eg trur ikkje det var noko instruks til etikkavdelinga om kva ein skulle eller ikkje skulle gjere på operativt nivå. Eg opplevde det ikkje, og det ville overraske meg om det har vore det i andre samanhengar også.

Likevel sa informanten vidare at det i teorien ikkje var noko i vegen for at generalsekretæren kunne instruere ein avdelingsleiar til kva ein skulle gjere og ikkje gjere. Det skal aldri kunne såast noko tvil om kontrollarbeidet og påtalefunksjonen. Det at bukken passar havresekken er ikkje bra. «*Sjølv om etikkavdelinga var uavhengig i sitt arbeid, så er ein ting korleis det faktisk fungerar, ein anna ting er kva som er tillitsvekkande utad*». Det hadde, ifølgje informanten, gått fint å drive antidopingarbeidet vidare som ei avdeling inn under NIF, men han var i tvil om ein hadde fått tillit i befolkninga til det arbeidet ein bedriv. Han meinte også at vi har sett den same tendensen internasjonalt ved opprettning av WADA, og andre uavhengige antidopingorganisasjonar i andre land.

For at befolkninga eller publikum skal ha tillit til antidopingarbeidet, meinte informanten at det var viktig og riktig å organisere antidopingarbeidet utanfor NIF. I ny-institusjonalismen vert det hevda at dei fleste organisasjonar treng både oppslutning og legitimitet frå omgjevnadane for å kunne overleve (Jacobsen og Thorsvik, 2013). For at ein interessent skal bli identifisert som ein aktør, må den inneha eit eller fleire av kjenneteikna makt, legitimitet og viktigkeit (Mitchell, Agle & Wood, 1997). Publikum vil, slik eg ser det, vere aktør i omgjevnadane til antidopingorganisasjonen i form av at organisasjonen treng tillit i befolkninga. Publikum er å rekne for ein latent aktør som

innehar ein av dei tre faktorane. Aktørar med ein faktor vert kalla latente aktørar. Dette er aktørar som ikkje gjer utslag, og som av og til ikkje ein gong vil bli gjenkjent som ein interessent for organisasjonen (Mitchell, Agle & Wood, 1997). På bakgrunn av dette vil ikkje manglande tillit i befolkninga vere grunnen til at antidopingarbeidet i Norge gjekk over til ei uavhengig stifting. Legitimitet vert ofte sett på som den viktigaste faktoren for ein aktør, og publikum kan endre aktørklasse dersom dei oppnår ein faktor til. I følgje Mitchell, et. al. (1997) har aktørane ulike måtar å sette press på organisasjonen på. Dette er avhengig av om aktørane er definerte som krevjande, farlege osv. Aktørane kan søkje støtte og samarbeid med andre interessentar i mangel på ein eller to faktorar. Sidan publikum ser ut til og berre ha ein faktor, legitimitet, må denne aktøren operere saman med andre aktørar med andre faktorar for å kunne stille krav til antidopingorganisasjonen. Dersom antidopingorganisasjonen i Norge ikkje har legitimitet i befolkninga i Norge, har den mest truleg heller ikkje dette i andre land eller i forhold til andre organisasjonar i omgjevnadane sine.

Den norske sprintaren Aham Okeke blei tatt for doping fleire gonger, og utesengt frå all idrett på livstid i 2006 (Musinoi, 2006; Antidoping Norge, 2006). Den andre gongen han blei tatt, blei han frifunnen i Oslo byrett etter påstandar om ulovleg utførsel av dopingmidlar. Likevel blei han dømd i idrettens appellutval. Det blei på bakgrunn av denne saka hevda frå fleire hald at idretten måtte forbetre domssystemet sitt (Norges Idrettsforbund, 2002). Informanten frå idretten trekk spesielt fram denne saka som eit døme på tilfelle der han meinte uavhengigheita blei sett på prøve i den etikkavdelinga. ”Av advokaten til sprintaren blei NIF skulda for å ta knekken på han og prøve å bli kvitt han”.

Eit anna tilfelle var då NIF og Bjørge Stensbøl, leiar for Olympiatoppen, blei skulda for å vere i «gråsona» under Sidney OL i 2000. Stian Grimseth, OL-deltakar i vektløfting for Norge, testa positivt på ein dopingkontroll før OL.

Bjørge Stensbøl gjekk ut å beskytta Grimseth, fordi han ville ikkje dømme han før han var dømt. Media lagde eit frykteleg oppslag på at Stensbøl beskytta Grimseth, og at han ikkje ville erkjenne at han hadde dopa seg.

I Norge raste debatten i media både under og etter OL i Sidney, angåande svake leiarar og därleg antidopingarbeid i NIF si avdeling for toppidrett – olympiatoppen. Media køyrdde knallhardt på at nokon i idretten måtte ta ansvar, og slik eg ser det kunne dette oppfattast som eit signal om at det ikkje var heldig at ein og same organisasjon skulle organisere både toppidretten og antidopingarbeidet i Norge.

Media kan i nokre tilfeller vere aktør for ADN. Gjennom å sette lys på saker angåande antidopingpolitikk eller dopingsaker, kan media presse på andre aktørar med større påverknadskraft på antidopingorganisasjonen. Saman med desse, kan media oppnå maktfaktoren, men media aleine vil ikkje kunne påverke ADN. Ein latente aktør kan også vere krevjande. Media vil vere som ein irriterande mygg for organisasjonen – virksomme, men heilt ufarlege (Mitchell, Agle & Wood, 1997).

I rapporten frå Europarådet på slutten av 90-talet vart det konkludert med at arbeidet i etikkavdelinga var godt nok, og uavhengig nok, men at det sett utanfrå kunne oppfattast som konfliktfullt å skulle organisere både antidopingarbeid og toppidrett i same organisasjon. Etter at stortingsmeldinga ”Om idrettslivet i endring – om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet” (Innst. S. nr. 147 (2000-2001) kom ut, vart det sett ned ein komité som skulle sjå på ulike måtar å organiserer antidopingarbeidet i Norge på. Geir Woxholt leia utgreiinga (Kulturdepartementet, 2001), og den konkluderte med at det *kunne* stillast spørsmål med organiseringa. Sjølv om komiteen ikkje hadde grunnlag for å kritiserer NIF sin kontroll- og påtaleverksemnd slik den var, var det einaste kravet som ikkje svarte til ein god prosessorden at det kunne stillast spørsmål ved om verksemda utad gje inntrykket av å vere tillitsvekkande.

Det vart fremja forslag om ei todelt organisering mellom NIF og eit uavhengig organ. I høyringsuttalen frå komiteen til Woxholt, framgår det at NIF ikkje ønskte ”å gje slepp på” antidopingarbeidet. NIF oppgjer sjølv at kvalitetssystemet oppfyller alle dei standardar som er gitt i IADA Standard for Doping Control og krava til NS EN ISO 9002 (Kulturdepartementet, 2001). I tillegg meinte Norges Idrettsforbund (2002), at den føreslalte organiseringa ville svekke det vidare arbeidet til dagens antidopingverksemnd og ikkje ivareta eigarskapet og det ansvaret idretten må ta inn over seg for å kunne bekjempe dopingproblemet effektivt. NIF meinte i tillegg at ein ny organisering utanfor idrettsparaplyen ville vere mindre effektivt og koste meir pengar. Føremålet med å

oppnå den naudsynte tilliten til systemet utad, kunne oppnåast på ein langt meir effektiv måte, utan å skade antidopingarbeidet, meinte NIF.

Kvífor NIF ikkje ønskte å organisere antidopingarbeidet utanfor idretten svarte informanten frå idretten at etikkavdelinga sjølv var fornøgde med ordninga og at dei ikkje såg noko grunn til å endre det som fungerte. Ein anna informant trakk fram at det var viktig for idretten å sjølv jobbe med etikkval som angjekk idretten. ”*Det å skulle få lov til å dømme sine eigne, sjølvdømmetematikken, var nok ein prinsipiell grunn til at NIF var tilbakehaldne*”. Arbeidet til Etikkavdelinga fungerte godt, og avdelinga hadde fått positiv merksemd både nasjonalt og internasjonalt for det arbeidet som vart gjort i høve antidoping i Norge. Som informanten frå etikkavdelinga sa; ”*Det skal godt gjerast å gjere det betre!*”. NIF og spesielt dei tilsette i Etikkavdelinga bekymra seg for det finansielle ved ei endring til anna organisering. Ny organisering der ein skulle miste alle støttefunksjonar ein hadde hatt i NIF, ville bety mindre pengar til jobben som skulle gjerast ute i feltet, med mindre løvvingane auka. Eit anna dilemma som vert nemnt av informanten er ansvarleggjering av dopingproblemet.

Å gje avkall på noko, slik ein ønskte å gjere med å legge antidopingarbeidet ut av idretten, er eit dilemma i forhold til at idretten må ansvarleggjera. Idretten er ikkje kvitt problemet sjølv om ein har sett arbeidet vekk, eller flytta det ut av organisasjonen. Det skal framleis vere NIF sitt ansvar når medlemmar dopar seg!

Sjølv om idretten ikkje ønskte å ”gje slepp” på antidopingarbeidet vart det resultatet. ”*Vi såg at andre land, som betyr noko, tok steget ut i ein uavhengig organisasjon, og det blei bestemt at vi også skulle gjere endring i antidopingarbeidet*”.

Det var fleire utløysande faktorar for endring i følgje ein informant. Det at det kunne stillast spørsmål med uavhengigheita var ein grunn, ein anna grunn var at ein følte presset frå det internasjonale antidopingmiljøet. I fleire andre sektorar i samfunnet har vi tilsynsorgan som er organisert utanfor det dei skal føre tilsyn med. Kvífor skulle det vere på noko anna måte med idretten og antidopingarbeidet, stiller ein av informantane spørsmål om.

I og med at idretten stod for både kontrollverksemda og utstette kontrollane sjølv, meinar eg at det einaste riktige var å skilje ut

antidopingarbeidet. Dersom ein skal drive eit truverdig antidopingarbeid, var oppretting av ADN den einaste riktige løysinga.

Internasjonalt var diskusjonen om uavhengigheit i antidopingorganisasjonar godt ute rundt 2000-2001-talet. Norge var med i internasjonale fora, og der var det i betydeleg grad dei same ideala som vart fremja, men løysingane var i følgje informanten få.

Vidare sa han at mange av diskusjonane i desse fora var dei same som dei ein hadde hatt i Norge over ein periode. I fora med IADA-landa var det blant anna tatt opp sertifisering av prosedyrar, og at ikkje tilfeldigheiter skulle spele inn på arbeidet. ”*Vi såg at det var naudsynt å etablere eit sertifisert system rundt sjølve dopingprøvetakinga, heilt i frå du kallar inn utøvaren til du leverte ei eventuell anmelding*”.

I tillegg til eit sertifisert system, meinte informanten frå staten, at ein også måtte frigjere idretten for å sjølv sitte med alle handgrepa. Formelt sett meinte informanten at dette var viktig for å auke truverdigheita omkring det som skjedde, slik at det ikkje skulle bli snakk om intervenering. At staten skulle bli skulda for å blande seg inn i antidopingarbeidet, kunne svekke tilliten i omgjevnadane.

Ved endring av organiseringa i antidopingarbeidet i Norge frå etikkavdeling til eiga stifting, var det fleire aktørar som var med å virka i omgjevnadane. Internasjonalt var WADA nettopp etablert, og fleire av landa det er naturlege å samanlikne seg med, hadde også oppretta eigne uavhengige antidopingorganisasjonar, som t.d. Danmark (Kulturdepartementet, 2001)

I institusjonellteori (Jacobsen og Thorsvik, 2009) ser ein at kulturelle trekk i omgjevnadane kan påverke organisasjonar. Når det vart bestemt at ein skulle opprette ei stifting, var det naturleg for stiftarane å sjå til nabolanda og samarbeidspartnarar for måtar å organisere seg på. WADA hadde skaffa seg legitimitet gjennom gode normer og verdiar, i tillegg til makt gjennom WADC. For at den nye organisasjonen skal passe inn i omgjevnadane, må organisasjonen tilpasse seg normer, tradisjonar og verdiar, og bli oppfatta som legitime av dei sentrale aktørane i omgjevnadane. Etter kvart som feltet vert veletablert, vil det vere eit sterkt press frå omgjevnadane mot homogenisering. DiMaggio og Powell (1983), forklarar homogenisering med likedanningsteori. Organisasjonar i eit samfunn vert tvinga til å vere like andre liknande organisasjonar som har same forhold i miljøet.

I følgje Sosial- og helsedepartementet (Kulturdepartementet, 2001) ville Norge som føregangsnasjon i antidopingarbeidet vere tent med ei organisering av antidopingverksemda som gjer den uangripeleg, truverdig og etterretteleg og som ivaretok naudsynte krav til rettstryggleik. WADA og blant anna nemnde Danmark har ei organisering lik den som Woxholtkomiteen føreslår; eit 50/50 eigarskap i ein stiftelse for NIF og staten. Gjennom lover, verdiar og etikk, ser vi at den nye organisasjonen etterstrevar å bli oppfatta som legitime av sine omgjevnader. Gjennom eit felles regelverk som WADC, vil organisasjonane innan antidoping likne på kvarandre.

### **5.2.1 Oppsummering av endringsbehov**

Då antidopingarbeidet var organisert under NIF, hadde ein mange av dei same aktørane som ADN har i sine omgjevnader no. Men påverknaden aktørane hadde var ein anna. Sidan Etikkavdelinga var underlagt NIF var ikkje NIForganisasjonen ein aktør, men eigar av organisasjonen. Staten hadde mykje av den same rolla som i dag, men der dei den gongen overførte øyremerka midlar gjennom fellesoverføringar til NIF, har dei no plassar i styret og innverknad på antidopingpolitikken gjennom blant anna styremedlemmane sine. Etter at WADA kom på bana i 1999, har dei som aktør hatt mykje av den same rolla. NIFs lov må tilpassast WADC, for at norske utøvarar blant anna skal få delta i OL.

Vi har sett at både informantane, Europarådet og andre utval ikkje hadde noko å utsette på måten etikkavdelinga gjorde jobben sin som ei uavhengig avdeling under NIF. Likevel meinte alle desse at det *kunne* stillast spørsmål med organiseringa og uavhengigheita. Slik eg ser det kom den viktigaste grunnen til endring frå staten si side då dei etter stortingsmeldinga om idrettslivet i endring, sette ned Woxholt-komiteen for å sjå på andre måtar å endre organiseringa av antidopingarbeidet i Norge på. NIF var i utgangspunktet fornøgd med ordninga, sjølv om ein såg at det kunne oppstå konfliktar i interessene mellom ein knallhardt antidopingpolitikk og toppidretten. At det ute i verda hadde blitt gjort dei same endringane, talte ikkje til NIF sin fordel. IOC hadde blitt ”tatt frå” antidopingarbeidet, og WADA oppretta som eit samarbeid mellom idrett og myndigheter.

Organisasjonar svarar ikkje berre individuelt på påverknad frå omgjevnadane. Eit sett med påverknader frå ulike aktørar kan føre til eit felles svar, eller ein felles reaksjon frå

organisasjonen til aktørane (Rowley, 1997). Slik eg ser det var det ulik påverknad og press frå fleire aktørar som førte til endring i organisering av antidopingarbeidet i Norge tidleg på 2000-talet.

### **5.3 Kva aktørar framstår som dei viktigaste for ADN og kva innverknad kan desse ha på organisasjonen?**

I omgjevnadane til ADN er det fleire aktørar som virkar. Hanstad (2009, s.3) har laga ei detaljert oversikt over aktørar i omgjevnadane til ein antidopingorganisasjon. Ikkje alle aktørane er like viktige, og nokre av dei varierar også i grad av viktigkeit. Definitive aktørar er aktørar som innehar alle dei tre faktorane makt, legitimitet og betyding (Mitchell, Agle & Wood, 1997). For å få forståing av dei ulike aktørane og deira påverknad på ADN, valde eg å rette fokus på informantane si oppfatning av kva aktør som er den viktigaste for ADN å vise merksemd til. I den vidare drøftinga ser eg etter om aktørane som vert identifisert av informantane er definitive aktørar som ADN, i følgje Mitchell, et. al. (1997), vil vere avhengig av.

Informanten frå idretten meinte at NIF er den viktigaste aktøren for ADN. ”*ADN er mest avhengig av å samarbeide med NIF. Men på same tid kan ikkje NIF boikotte antidopinga, det let seg ikkje gjere*”. Ein anna informant ville ikkje nemne kven som er viktigaste aktøren for ADN, men sa at fleire aktørar har interesser i antidopingarbeidet.

*Antidoping Norge har eit forhold til WADA og til samanslutninga av nasjonale antidopingbyrå, IADA. Slik er ADN påverka av den ytre verda, og ikkje minst WADA i stor grad. Fordi WADA sine normer og retningslinjer også gjeld for Norge, så har ein jo påverknad der ikkje sant? Heile tida.*

Informanten fortalte vidare at då WADA innførte Whereabout i 2004 gjennom WADC, blei det lokaliser nokre utfordringar for antidopingorganisasjonen. Denne regelen seier at dei som står på prioritert utøvarliste, skal oppgje 1 time for dag, 7 dagar i veka, der utøvaren skal vere tilgjengeleg for å ta ein uanmeldt dopingtest. Dette førte til juridiske utfordringar i mange land, også Norge. Utøvarkomiteen i Norge, datatilsynet og dei internasjonale sær forbunda kom på bana.

Norske utøvarar får eit problem når dei skal konkurrere mot utøvarar som kjem frå land som ikkje har system som fungerar. Det er bittert, men sant.

Det betyr jo ikkje at vi (Norge) skal la vere å ordne opp best mogleg i vårt eige. Ubalansen i den ytre verda der WADA prøvar å vere ein sterk operatør, men som har problem i sitt eige styre.

Informanten meinte at WADA skal utvikle det internasjonale antidopingarbeidet så langt dei klarer, men at dei må fatte avgjersler som er dugande, vel vitande om at dei store organisasjonane, som t.d. FIFA, helst vil ha kontrollen sjølv. Vidare meinte informanten at utøvarane har innflyting.

Utøvarkomiteen er viktig. Dei vil ikkje bli tatt gjennom feilaktige eller tilfeldige handlingar frå eit organ som kjem og vil ha urin til alle døgnets tider, eller blod. Utøvarkomiteen bør ha innflyting, og det har den.

Også ulike fagmiljø vil informanten trekke fram som aktørar for ADN.

Det er mennesker eller miljø som kan angripe systemet som har høg fagleg kompetanse. Dersom dei vil stå høgt på barrierane og rope det, så vil systemet kunne komme i krise nasjonalt. Fordi desse personane eller fagmiljøa har høg grad av truverd, vil det råke antidoping Norge.

På spørsmål om kva interesserar meinar du ADN har, svarar ein informantane at frå sin ståstad er det mange aktørar som både kan, gjer og bør påverke ADN. Han meiner utøvarane både kan, bør og vise at dei har interesser i antidopingorganisasjonen i Norge. Vidare meiner informanten at media har ei interessentrolle.

WADA lagar regelverket og har mange innspel og stor innverknad på den nasjonale antidopingorganisasjonen i Norge. Staten vil med sin finansiering kunne sette vilkår i tildelingsbreva, og legge visse føringar på antidopingpolitikken til ADN.

Både NIF og staten har representantar i styret til ADN, som er med på å påverke organisasjonen. I tillegg meinar informanten at det er mange aktørar som påverkar politikken til ADN, ikkje direkte men gjennom lover, reglar og direktiv på andre arenaer i samfunnet.

Den siste informanten meinar det er forskjell på formelle og reelle aktørar.

Formelt sett rapporterer administrasjonen i ADN til styret, og det er styret som har det overordna ansvaret for organisasjonen si drift og kva

organisasjonen måtte meine. Styret er oppnemnt at stiftarane, det er den formelle delen av det. Reelt sett vil nok kva andre meinar om spørsmål i antidopingarbeidet, vere av betydning for kva som faktisk skjer og ikkje. For idrettsforbundet, sær forbunda og alle som gjer uttrykk for ei meining, kan jo sånn sett også sjåast på som interessentar for antidopingarbeidet, og vil såleis bli tillagt vekt på dei avgjerslene som vert tatt. Ikkje på det operative nivået, men organisatorisk og politisk.

Når det gjeld kven informanten ser på som den viktigaste aktøren er han først klokkekla, men så usikker.

NIF kan jo berre endre! Dei kan styre heile verksemda ved å endre NIFs lov eller retningslinjer, «forskrifter» vedtatt av idrettsstyret. Slik kan dei styre meldeplikt, eller dei kan styre regel om medisinske fritak, som dei vil. Dei står fritt til og gjere dette når dei måtte ønskje. Det er då ADN sin jobb å følgje opp i tråd med kva NIF måtte bestemme. Sånn sett har NIF, med sine underliggende idrettskrinsar og særforbund, all moglegheit til å påverke, eller dei har ikkje berre moglegheit til å påverke, men dei har moglegheit til å vedta rammene for heile verksemda.

Informanten meinte NIF også har stor påverknadskraft i organisasjonen gjennom måten dei oppnemner styrerrepresentantar på, og gjennom møter ADN har med NIF om utvikling av antidopingarbeidet, og direkte gjennom NIFs lov og retningslinjer. På den andre sida er det fleire ting som spelar inn på NIF sine føringar.

WADA fastset jo internasjonale dopingbestemmingar, så dersom Norges idrettsforbund skal delta i internasjonale idrettsarrangement så må dei følgje WADA sitt regelverk. Sånn sett legg då WADA føringar på NIF.

Gjennom WADA har ein WADC, som skal føre til harmonisering og standardisering i det internasjonale antidopingarbeidet.

WADA har tilgang til alle opplysningar i ei dopingsak, til alle dommar som kjem på ein internasjonal utøvar, men også av positive prøvar på andre. Eg meinar WADA, i henhold til WADC, kan gå inn og omgjere avgjersler i enkeltsaker. Også har dei anledning til å påklage avgjersler, eller anke avgjersler i enkeltsaker til CAS.

WADA er eit internasjonalt tilsynsorgan for at dei nasjonale antidopingorganisasjonane gjer jobben sin.

Det er WADA som rangerar antidopingorganisasjonane i forhold til om dei følgjer regelverket eller ikkje. Sånn sett må Norges idrettsforbund då rapportere inn at NIFs lov og NIFs forskrifter dekker WADA sine internasjonale bestemmingar.

Gjennom ein normativ teori (Mitchell, Agle & Wood, 1997), har informantane beskrive kven dei ser på som dei viktigaste aktørane til ADN. Kvifor ADN bør vere merksam på akkurat desse aktørane må svarast på ved ein beskrivande teori innan interessentteorien.

NIF er ein av stiftarane til ADN, og soleis er organisasjonen ein sterk bidragsyta til ADN ved at det meste av grunnlaget for drift i ADN kjem frå NIF sine lover og retningslinjer. NIF er ein aktør som har stor interesse i ADN, og dei både gjev og krev noko tilbake frå ADN. NIF har investert i ADN gjennom å legge alle kontroll- og etikkoppgåver til organisasjonen, og krev tilbake at ADN føl opp reglar og retningslinjer gitt av NIFs lov.

NIF er heilt klart ein aktør ADN er avhengig av for å kunne halde fram si verksemد slik den er i dag. NIF er ein stor, frivillig organisasjon med over 2 millionar medlemsskap (Norges Idrettsforbund, u.å.), og organisasjonen har, slik eg oppfattar det, stor legitimitet både nasjonalt og internasjonalt. Gjennom NIFs lov er maktfaktoren stor, og ADN må vere merksam mot NIF og deira krav. Som den eine informantane sa; *"NIF kan styre heile verksemda ved å endre NIFs lov"*.

I interessentteorien vert aktørane delt inn i grupper alt etter kor mange av faktorane makt, legitimitet og viktigkeit dei har. NIF er ein definitiv aktør som innehar alle tre faktorane. Det er ikkje til å komme unna at NIF framstår som ein sterk aktør som ADN må vise merksemd til og føye etter beste evne. I følgje Mitchell, Agle & Wood (1997), er aktørar som innehar alle tre faktorar, aktørar som organisasjonen er avhengig av. I følgde dette er ADN avhengig av NIF.

På same tid som ADN er avhengig av NIF, kan ikkje NIF boikotte og «seie opp» avtalen med ADN utan vidare. Ressursavhengigkeitsteorien seier noko om avhengigkeit mellom organisasjonar og aktørar, og at det kan oppstå maktrelasjonar dei i mellom (Pfeffer & Salanick, 1978). Det er kun ein organisasjon i Norge som organiserar idretten, og det er NIF. Utøvarane blir ein «ressurs» for ADN som dei får tilgang til

gjennom avtalen med NIF. ADN leverar varer i form av uanmeldte dopingkontrollar i henhold til WADC, oppfølging av medisinsk fritak, etikk og verdiarbeid for NIF.

Koplinga mellom desse to organisasjonane er sterkt. Jacobsen og Thorsvik (2013) seier at til sterkeare denne koplinga er, til meir avhengig vil organisasjonane vere av kvarandre.

NIF er avhengig av at ADN gjer kontrollloppgåver for dei på ein uavhengig måte. Etter at det blei oppretta ei eiga stifting for antidopingarbeidet, har antidopingarbeidet i Norge framstått som legitimt både nasjonalt og internasjonalt. Det vil ikkje vere noko alternativ for NIF å gå tilbake til å skulle organisere dette arbeidet under sin eigen paraply. Samarbeidet mellom ADN og NIF framstår, for meg, som eit gjensidig avhengigheitsforhold.

Ein anna aktør som er blitt identifisert er staten representert ved KKD. Sidan KKD også er ein av stiftarane, er også dei ein sterkt bidragsytar til ADN ved at dei gjennom tippenøkkelen, bidrar med finansiering av stiftinga. I 2012 var overføringa på om lag 22 millionar kroner (Kulturdepartementet, 2011). I avtalen mellom staten og ADN (Antidoping Norge, 2003), står det at staten årleg skal yte tilskot til ADN, og at dette skal tilskotet skal sikre ADN ei fri og sjølvstendig stilling.

Informanten frå ADN meinar KKD innehavar ein maktfaktor ved at dei styrer heile pengesekken. Gjennom tildelingane kan KKD styre aktiviteten til ADN. Ved auka tildelingar vil aktiviteten gå opp, ved minka tildeling vil det bli mindre aktivitet. I tillegg kan KKD ved øyremerkingar av pengar i tildelingsbreva, legge føringar for kva ADN skal bruke tida si til.

Kulturavdelinga må seiast å vere ei legitim avdeling. Befolkinga har tiltru til avdelinga og det arbeidet den gjer. I internasjonale antidopingsaker, ser ein ofte at staten er representert ved KKD. Gaalaas (2011) skriv om nokre av Antidoping Norge sine samarbeidsprosjekt i utlandet. Eit av dei mest omfattande prosjekta var eit samarbeid med Kina. Informanten frå staten hevdar at avtalen med Kina ikkje hadde hatt den same statusen om ikkje KKD hadde vore involvert i arbeidet.

KKD fekk opp samarbeidet med Kina, og eg er sikker på at Norge hadde ein dominerande innflyting i den fasen. Og den var truverdig. Kinesarane

kom her med sine beste folk, og ekspedisjonssjefen i KKD hadde med statsråden i møte med dei for å gjere det offisielt nok, det hadde aldri gått med idrettsforbundet aleine.

Informanten hevda at NIF ikkje visste om at dei hadde noko samarbeid med Kina, og det at informanten representerte staten, skapte eit truverd meinar han. KKD vart sett på som legitim, både internasjonalt og nasjonalt. Eg vil hevde at denne legitimiteten er statisk og at den i liten grad vil endre seg. Norge som nasjon har ingen tradisjon for korruption, og den norske stat ved KKD framstår for meg som legitim. Når det gjeld viktigkeit, må den seiast å vere tilstades. Viktigkeit er i følgje Mitchell, Agle & Wood (1997) eit sosialt konstruert kjenneteikn. Ved å inneha legitimitet oppnår interessentane rettar gjennom makt, og påverknad gjennom graden av umiddelbar merksemd.

Sidan 1992 har KKD øyremerka pengar til antidopingarbeidet i NIF (Kulturdepartementet, 1999). KKD er ein aktør ADN må vere spesielt merksam mot. På same måte som NIF, er KKD ein definitiv aktør som innehavar alle tre faktorar, og ADN er som følgje av dette avhengig av KKD.

Når det gjeld ressursavhengigkeit, meinar eg at dette ikkje er eit likeverdig forhold. ADN er avhengig av pengressursen KKD representerar. Motivet for KKD til å tildele pengar til antidopingarbeidet i Norge er i følgje kulturminister i 2012, Anniken Huitfeldt, at tilskotet skal bidra til å utvikle Antidoping Norge som eit uavhengig kontroll- og påtaleorgan slik at arbeidet med å fremje ein ærleg og dopingfri idrett kan halde fram (Kulturdepartementet, 2011). Utan tildeling til antidopingarbeidet via tippenøkkelen, vil ikkje ADN ha finansiering til drift til det daglege arbeidet.

Informanten som representerar staten, hevdar på trass av dette at staten ikkje er ein aktør for ADN.

Når eg seier at staten ikkje er ein aktør i dette, er det eit klart eit utsegn nokon vil sei er farga. Men eg vil vere veldig overraska dersom det over hovudet føregår nokon kommunikasjon frå staten si side.

Eg stiller eit lite spørsmål med dette utsegnet. Som tidlegare nemnd vil ADN vere avhengig av staten i form av dei økonomiske ressursane, og ikkje minst KKD som ein definitiv aktør (Mitchell, Agle & Wood, 1997). Gaalaas (2011) hevdar at ADN som

organisasjon kan sjåast på som ein legitim og attraktiv organisasjon for internasjonale samarbeidskonstellasjoner. Dette kan den norske stat gjere seg nytte av i andre avtalar. Til dømes har utanriksdepartementet i Norge bidrige økonomisk til samarbeidsavtalen mellom ADN og RUSADA som er den russiske antidopingorganisasjonen. Det vil i følgje Gaalaas (2011) vere naturleg å sjå tilskotet til samarbeidsprosjektet mellom ADN og RUSADA i samanheng med UD sine satsingsområder. Med eit slikt samarbeid ser UD nytten av ADN som ein legitim organisasjon, og ser tilskotet som ein moglegheit til å stimulere til gjensidig samarbeid, meiningsutveksling og kompetanseutvikling mellom nasjonane. UD sin delfinansiering av denne avtalen er eit godt døme på korleis offentleg politikk møter idrett- og antidopingpolitikk og igjen stadfestar samarbeidet mellom ADN og offentlege myndigheter i Norge (Gaalaas, 2011). Gjennom pengetilskot og representantar i styret har staten gode moglegheiter til å påverke antidopingpolitikken i Norge, og forholdet mellom ADN og staten, som oftast representert ved KKD, kan slik eg vurderar det sjåast på som eit varierande gjensidig avhengigheitsforhold.

Informanten frå staten meinte altså at staten ikkje var noko aktør i forhold til ADN. La oss sei at staten ikkje er å rekne for ein aktør, men kun som ein bidragsytar økonomisk. Statssekretæren har sagt at overføringane til ADN vil vere dei same sjølv om inntekta til Norsk Tipping går ned (Council of Europe, 2008). Kva forhold ville det då vere mellom ADN og KKD. Ville ikkje KKD ha forventingar og krav til at ressursane vert brukt på riktig måte av ADN? Staten har nettopp uttalt at dei ønskjer å bidra til ein dopingfri idrett både nasjonalt og internasjonalt ved å blant anna delta i ulike fora (Thune, 2004). Vert ikkje tildelingane brukt på riktig måte, står det i Stiftelses dokumentet (Antidoping Norge, 2003) at avtalen mellom ADN og staten kan seiast opp. Forventingane til ADN er at dei deltar aktivt i kampen mot doping både internasjonalt og nasjonalt ved å vere ein kunnskapsrik og offensiv organisasjon som samarbeidar for ein rein idrett (Antidoping Norge, 2013). Gjennom ressursavhengigkeitsteorien (Rowley, 1977) er ADN svært avhengig av staten sine økonomiske tildelingar. Den daglege drifta er ikkje mogleg utan dette bidraget. Ut i frå dette er det vanskeleg å sjå at staten ikkje skal vere ein aktør i omgjevnaden til ADN.

Ein anna betydningsfull aktør for ADN ser WADA ut til å vere. I likedanningsteorien skjer likedanning gjennom to typar, enten ved konkurranse eller ved institusjonelle krefter (DiMaggio & Powell, 1983). WADA har laga eit internasjonalt regelverk som

gjeld for alle idrettsutøvarar over heile verda. Gjennom WADC regulerar WADA NIFs lov, og fører blant anna til at Norge sine utøvarar får delta i OL. Koden gjer rammer for ein harmonisering av antidopingpolitikk, reglar og regulering i idrettsorganisasjonar og blant offentlege myndigheiter. WADC identifiserar fem internasjonale standardar som skal vere med på å legge føringar for korleis arbeidet skal utførast (Antidoping Norge, u.å.d).

Med WADC, kom det nye reglar angåande blant anna Whereabouts og medisinske fritak (Skille, Hanstad & Tjernsbekk, 2011). Som ein konsekvens av desse nye reglane måtte ADN tilsette ein ny person som tok seg av utøvarinformasjon og ta i bruk eit nytt brukarsystem for utøvarinformasjon. At WADA krevde harmonisering, førte til økonomiske konsekvensar for ADN. I tillegg til konkrete økonomiske konsekvensar, fekk også koden byråkratiske konsekvensar. ADN opplevde seg sjølv om mindre effektive og dei såg at andre NADO og internasjonale særforbund ikkje var kome like langt i harmoniseringsprosessen som ADN (Skille, et. al., 2011).

Datatilsynet hadde innvendingar mot det nye utøvarsystemet og meinte blant anna at informasjon skulle slettast etter ei gitt tid (Speaker, u.å.). Informanten frå staten meinte at det å få tredd ned over seg reglar og lover frå WADA, kunne skape splid innad i idrettsnorge. Han meinte vidare ADN var *ute i hardt vær* når det gjaldt saka om utøvarinformasjon. Både utøvarkomiteen og datatilsynet støtta til slutt opp om det nye kravet til utøvarinformasjon (Antidoping Norge, 2005 ).

WADA søker å oppnå eit harmonisert og standardisert antidopingarbeid. Når eit felt er veletablert, vil det vere eit sterkt press frå omgjevnadane mot homogenisering. Slik likedanning er prosessar som tvingar organisasjonar i eit samfunn til å vere lik andre liknande organisasjonar som har same forhold i miljøet (DiMaggio og Powell, 1983). Når WADA innførte koden var formålet å oppnå eit standardisert antidopingarbeid og at utøvarane frå ulike land skal oppleve ein dopingkontroll og eventuelle ettervirkingar av denne likt. Ved likedanning kan ein enten bli like gjennom konkurranse, det som fungerar for di bedrift også må fungere for mi bedrift, eller at likedanning skjer ved institusjonelle krefter. Det fins ved institusjonell likedanning tre mekanismar for likedanning. Enten ved tvang, etterlikning eller normativ likedanning der ein samanliknar seg med organisasjonar som synast å vere profesjonelle (DiMaggio og

Powell, 1983). Skille, Hanstad og Tjernsbekk (2011) hevdar at WADA ved innføring av koden utøvde tvangsmessig press på ADN ved implementering av denne. I tillegg vart ADN tvinga til å adoptere WADA sine mål for antidopingpolitikk. Sjølv om implementeringa vart gjort ved tvang og fekk både økonomiske og byråkratiske konsekvensar, såg ADN det som positivt at antidopingarbeidet vart ankra opp i det internasjonale miljøet. Ein organisatorisk likedanningsprosess oppstår gjerne gjennom eit institusjonelt press i organisasjonen sin omgjevnad. Meyer og Rowan (1977), hevdar at organisasjonar som samanliknar seg med sine omgjevnader, ofte er avhengige av kvarandre gjennom utveksling av erfaring og teknologi.

Slik Skille, et. al. (2011) ser det, jobbar tvang og likedanning ilag ved denne implementeringa. Mange av elementa i WADC, som til dømes reglar, straff og prosedyrar var allereie implementert i ADN sitt system før koden vart annonsert. For ADN var det relativt små endringar som måtte til, og Skille, et. al. (2011) meinar at ADN arbeidar på same nivå som WADA og at ADN og WADA er einige om kva godt antidopingarbeid er.

Som antidopingorganisasjon er ADN avhengig av å ta innover seg WADA sine reglar. NIF har vedtatt WADA sine lover i NIFs lov, og mykje av grunnlaget for antidopingarbeidet meinar eg ligg her. WADA har stor grad av innflyting på ADN, og sjølv om det vert hevda at dei jobbar på linje og ikkje ovanfrå og ned (Skille, et. al., 2011), er det eit avhengigheitsforhold mellom desse to organisasjonane. ADN må vise merksemnd til WADA då WADA innehavar makt gjennom WADC, har legitimitet i internasjonal idrettspolitikk og betyding då det er den viktigaste organisasjonen innan antidopingarbeidet internasjonalt. WADA er ein definitiv aktør i omgjevnaden til ADN vil vere avhengig av WADA.

Ser vi på forholdet frå WADA si side, har organisasjonen brukta ADN sin kompetanse, kunnskap og legitimitet på fleire ulike arenaer. Norge har sidan 90-talet hatt ei sentral rolle som ein av dei leiande nasjonane på antidoping (Gaalaas, 2011). Det var ein utvikla strategi å delta med internasjonale bidrag og bilaterale avtalar for å auke kompetansen hjå andre nasjonar frå Etikkavdelinga si side. Som informanten frå NIF hevda var det ikkje NIF si forteneste at Norge fekk anerkjenning for dette arbeidet. Det var enkelt personar i KKD som hadde æra for dette. Gaalaas (2011) hevdar ADN er ein

attraktiv samarbeidspartner gjennom lang fartstid i internasjonalt antidopingarbeid og eit godt rykte som føregangslan. Legitimiteten ADN har i internasjonalt antidopingarbeid vil også gjere ADN til ein attraktiv organisasjon for WADA å initier til samarbeidsavtalar.

### **5.3.1 Oppsummering viktigaste aktørar**

Aktørane som blei identifisert av informantane var langt på veg dei same. Nokre hadde fleire aktørar, andre færre. Staten, ved KKD og NIF ser ut til å vere dei viktigaste aktørane til ADN i følgje informantane. Men også WADA vert identifisert som ein viktig aktør. Alle desse tre aktørane har eg argumentert for er definitive aktørar som ADN såleis vil vere avhengig av på ulike måtar. Det vart også nemnt andre aktørar det gjaldt å halde seg inne med for ADN, men dette er aktørar som har ulik grad av påverknad i forhold til Mitchell, Agle & Wood sin interessentteori.

I lys av teoriane om ressursavhengigkeit, likedanning og aktørteorien ser ADN ut til å vere ein avhengig organisasjon. NIF og staten er to definitive aktørar som på same tid er stiftarane til ADN. Dersom NIF og staten ønskjer ein sterk antidopingorganisasjon, lar dei ADN styre utan å legge føringer på arbeidet. Ved innblanding og føringer på det organisatoriske arbeidet, vert organisasjonen svakare.

## **5.4 Kan samarbeidsprosjekt/avtalar påverke uavhengigheitsgrada til ADN?**

Då eg i 2011 utførte intervjuet til denne studien hadde ADN to samarbeidspartnarar i form av sponsorar på nettsida (Antidoping Norge, u.å.e). Dette var Norsk Tipping og MXDC sport. I dag finn eg ikkje nokre annonser for sponsorar eller samarbeidspartnarar på heimesida til ADN, men i *Virksomhetsplanen 2012* (Antidoping Norge, 2012b), uttrykker ADN eit mål om å tiltrekke seg eksterne sponsorar/samarbeidspartnarar som kan bidra til konkrete antidopingprosjekt på lokalt eller nasjonalt nivå. Det er difor framleis av interesse å drøfte fylgjande: Vil det vere rett for ein organisasjon som hevdar å vere uavhengig å skaffe seg sponsorar? Antidoping Norge får pengar til dagleg drift ved tildelingar frå KKD gjennom tippenøkkelen. Nokre samarbeid på tvers av departementa er, og har det også vore (Gaalaas, 2001). Kan samarbeidsprosjekt, som til dømes bilaterale avtalar og avtalar med samarbeidspartnarar og næringslivet, påverke uavhengigheitsgrada til ADN?

Informanten frå ADN såg ikkje at det på prinsipielt grunnlag skulle vere noko i vegen for at ADN ikkje skulle kunne ha ulike samarbeidspartnarar frå næringslivet ”*Det spørst jo sjølvsagt kven det er, men det må vere eit tema som ADN og styret må ta stilling til. Kven ein eventuelt ønskjer å samarbeide med. Og kva det var snakk om av gjenytingar*”. Informanten meinte likevel at antidopingorganisasjonen ikkje burde vere med på kva som helst av samarbeid, og det meinte han heller ikkje idrettsorganisasjonen burde. Han meinte også at ADN ikkje er ei lett salbar merkevare.

Eg ser ikkje vekk i frå at det kan ha ein verdi, men eg trur ikkje det er ein enkel salbar verdi. Det kjem heilt an på. ADN vil sjølvsagt vere restriktive i forhold til kven dei innleiar eit samarbeidsforhold til, og kva slags betingingar som då eventuelt var knytta opp til det samarbeidet.

Informanten frå staten reagerte heller ikkje negativt på samarbeidspartnarar frå næringslivet. Han og meinte at det var betinga kva det dreia seg om og at det var viktig å velje partnarar med omhu. Det å nytte samarbeidspartnarar til å finansiere spesielle prosjekt syns han ikkje var spesielt uheldig med tanke på uavhengigkeitsspørsmålet.

Pengane må gå til noko spesielt. Eller det kan vere fleire som går saman om å finansiere tiltak. Som då er samfunnsnyttige og riktige, men som er langsigktig og som ikkje har noko direkte med testing og utgreiing av saker. Som jo er det indre kjerneområdet til ADN. Desse formåla må vere finansiert utan samarbeidspartnarar.

Også den andre informanten frå antidopingsida meinte det ikkje ville vere noko problem å ha samarbeidspartnarar, så lenge ein er kritiske til kven ein inngår eit samarbeid med. Så lenge samarbeidspartnaren ikkje krev gjenytingar som går på bekosting av uavhengigkeit og dei verdiar ADN har, meinte informanten at det å få fleire bein å stå på ville vere positivt for utviklinga av antidopingarbeidet både innanfor idretten og i samfunnet generelt.

Om vi ser på nokre av dei bilaterale idrettsavtalane ADN har, kan vi nemne avtalane med Russland og Kina spesielt (Gaalaas, 2011). Desse to avtalane er finansiert høvesvis via UD og UD og KKD (Antidoping Norge, u.å.a; Antidoping Norge, 2012b). I tildelingsbreva kan KKD legge inn føringar og øyremerke kva nokre av pengane skal nyttast til. Til meir øyremerkning og føringar frå KKD, meinar eg det vil bli mindre grad av råderett og uavhengigkeit for ADN.

Kulturdepartementet skriv eit tilskotsbrev kvart år. Er det spesielle forhold som dei meinar ADN skal ta tak i, så skriv dei det der. I tilskotsbreva kan du sjå at det hender at det er mindre ting som KKD meinar ADN skal gjere.

Informanten frå ADN meinte at dersom staten ønskte at det var noko særskilt ADN skulle ta tak i, la dei inn ei føring i tildelingsbrevet Men som han sa vidare: "*Det er jo openheit rundt det. Dei kan ikkje bestemme ting som ikkje vil vere ope for alle å sjå*".

Når det gjeld avtalen med Russland er denne finansiert eksternt. Det vil sei at dette er ei tilleggsoppgåve som ADN har på sida av kontrollverksemd av den organiserte idretten i Norge. ADN har i sin *Virksomhetsplan* (Antidoping Norge, 2012b, s.22), gjeve eit løfte om at "vi skal påverke utviklinga av det internasjonale antidopingarbeidet". Gjennom samarbeid som med Russland og Kina, søker ADN å bidra til eit effektivt antidopingprogram i to betydningsfulle idrettsnasjonar. Som Gaalaas (2011) stadfestar, er den legitimiteten ADN er innehavar av internasjonalt, det som gjer organisasjonen til ein attraktiv partner i slike avtalar.

Ein av dei andre informantane meinte at KKD alltid ville finne dei beste løysingane for antidopingarbeidet, og at KKD ikkje ville sette krav i tildelingsbrevet som det ikkje var einigkeit om med styret i ADN.

Eg har ikkje noko tru på at verken stat eller idrett vil gå i anna retning enn det ADN vil når det gjeld internasjonale samarbeid. Det vert snakka saman og ein kjem til einigkeit. Departementet vil aldri bevilge pengar til noko ADN er i mot.

Vi har sett i ressursavhengigheitsteorien (Pfeffer & Salanick, 1978) at avhengigkeit mellom organisasjonar og aktørar medfører moglegheiter for at det kan oppstå spesielle maktrelasjonar dei i mellom. Til fleire forhold i omgjevnadane til meir kan dette påverke maktforholdet mellom organisasjonane.

Som informantane sa seg einige om, ser det ikkje ut til å vere noko problem for ADN å ha samarbeidsforhold med næringslivet og ha sponsorar. Så lenge organisasjonen er bevisst sitt virke, og kva målet med stiftinga er, ser ikkje det å ha samarbeidspartnarar ut til å ha noko innverknad på grada av uavhengigheit. Ut i frå det eg kan vurdere bør nok ADN uansett vere varsame med slike samarbeid, då det kan oppstå interessekonfliktar

og krav om gjenytingar frå ein samarbeidspartnar eller aktør si side. Sjølv om ADN ikkje vil vere avhengig av ein slik aktør i sitt daglege virke, vil den økonomiske støtta eller ressursen dei får ved eit samarbeid vere til hjelp på eit anna nivå i ADN sin kamp mot doping. Til fleire forhold ein har å forhalde seg til, til meir vert ein påverka, ikkje nødvendigvis direkte påverka, men at fleire relasjonar går saman å virkar i omgjevnadane. Jacobsen og Thorsvik (2002) seier at det vil vere av betyding kor mange organisasjonar ein organisasjon er kopla på. Til fleire tilknytingspunkt, til meir avhengigkeit til omgjevnadane.

For dei bilaterale avtalane har ADN i sitt styringsdokument (Antidoping Norge, 2012b) sett ned at dei ønskjer internasjonale samarbeid på ulike plan. Dei ønskjer samarbeid med betydingsfulle idrettsnasjoner, dei ønskjer samarbeid med store internasjonale særforbund og dei ønskjer å vidareutvikle samarbeidet med WADA og andre nasjonale antidopingbyrå. På denne måten meinar ADN at dei kan bidra til at norske utøvarar kan konkurrere under like forhold internasjonalt (Antidoping Norge, 2012b).

ADN ønskjer mange tilknytingspunkt i omgjevnadane. Over er det lista opp mange av dei ADN ønskjer å samarbeide med internasjonalt. Bilaterale avtalar ser i liten grad ut til å kunne påverke uavhengigheita til ADN då dei avtalane som er eksternfinansiert er avtalar som ADN sjølv tar initiativ til. I følgje informantane vil også avtalar som er nedfelt i tildelingsbreva, vere avtalar som ADN sjølv har ønskje om å inngå. Informanten frå staten sa tidlegare at det var KKD som var pådrivar for avtalen med Kina og at det var gjennom KKD at denne avtalen kom i stand. Slik eg ser denne type avtale er den initiert av staten ved KKD, men også UD har vore med i denne avtalen ved finansiering (Antidoping Norge, 2012b). At Norge har brukt bilaterale avtalar som del av utanrikspolitikken, og at samarbeid om slike avtalar kan sjåast i samband med norsk eigeninteresse eksemplifiserar Gaalaas (2011).

Saman med til dømes UD kan KKD gå saman om å påverke ADN til samarbeid med ulike nasjonar. Likevel ser dette ut til å vere eit initiativ som kjem frå ADN gjennom *Virksomhetsplanen* (Antidoping Norge, 2012b). I staden for å sjå på UD og KKD som aktørar som påverkar graden av uavhengigheit, kan vi i dette tilfellet sjå på avtalane med Kina og Russland som eit gjensidig avhengigheitsforhold mellom KKD og UD på den eine sida, og ADN på den andre. Staten ønskjer å nytte desse avtalane som del av

norsk utanrikspolitikk, og ADN oppnår gjennom desse avtalane delar av sine mål i sin virksomhetsplan.

Også nasjonalt ønskjer ADN fleire samarbeidsprosjekt velkomne. Dette skal vere sjølvfinansierande prosjekt som blant anna skal bidra til å styrke antidopingarbeidet i organisasjonar som er av betyding for norske utøvarar. ADN ønskjer å vere ein naturleg samarbeidspartner for aktørar i samfunnet som ønskjer å arbeide mot doping, enten i form av kontroll- førebyggings- eller informasjonsarbeid (Antidoping Norge, 2012b).

Det kan sjå ut til at ADN ønskjer seg «fleire bein å stå på» enn berre kontroll-førebyggings- og informasjonsarbeid innan den organiserte idretten. Informanten frå ADN seier at dette er i tråd med det Stortinget ønskte.

Når stortinget behandla idrettsmeldinga sist gong, så gjekk det fram at ein ønska at antidoping Norge kunne ta eit større ansvar på feltet. Og dette er også nedfelt i vedtekten, men med den føresetnad at det ikkje skal brukast spelemidlar til idrettsføremål til å drive arbeid for ungdomsmiljø eller aktivitet som ikkje ligg inn under Norges idrettsforbund.

Sjølv om denne aktiviteten er ønskt av stiftarane, kan ADN i stor grad velje samarbeidspartnerane sine sjølv, og kan bytte ut aktørane om maktrelasjonen skulle bli skeivfordelt. ADN hadde som mål i 2012 å fornye alle avtalar med eksisterande kundar. Av desse kundane kan eg nemne Politihøgskulen, Forsvaret, Norges Bilsportforbund, Travselskapet og det frivillige skyttervesen (Antidoping Norge, 2012b). Eg har tidlegare i kapittelet hevdat at det er av betyding for uavhengigheita kor mange aktørar ein organisasjon er kopla på (Jacobsen og Thorsvik, 2002). For utviklinga til antidopingpolitikken i Norge og ADN spesielt, synes det viktig å spreie bodskapen om ein dopingfri idrett ut til flest mogleg. Dette ser det ut til at ADN aktivt går inn for ved å inngå avtalar med ulike samarbeidspartnerar både nasjonalt og internasjonalt.

Med så mange kontaktpunkt mellom organisasjon og aktørar vil det mest truleg oppstå ein viss form for press frå aktørane. Enten frå ein aktør aleine, eller at aktørane verkar saman i omgjevnaden. Rowley (1997) hevdar at det fins fire typar oppførsel for å stå i mot press frå aktørane på. Den eine typen er ved å vere kommandør og ta kontrollen. Ved å aktivt søke samarbeidspartnerar og vere ein sterk organisasjon i form av høg

legitimitet, kunnskap og tillit, meinar eg ADN vil kunne motstå det presset desse aktørane representerar.

#### **5.4.1 Oppsummering samarbeidsavtalar**

Informantane såg ikkje noko i vegen for at ADN kunne ha sponsorar så lenge avtalane vart inngått med varsemd. Sett i direkte samanheng med uavhengigheit kan eg til dels vere einig i at samarbeidsavtalar ikkje har innverknad på graden av uavhengigheit for ADN. Men det kjem heilt an på kvar einskild avtale og kva gjenytingar det vil vere snakk om. ADN må også vere bevisst på omdømmet sitt og det å bli sett i samanheng med ein sponsor frå næringslivet.

Antidoping Norge har fleire prosjekt som er finansiert frå andre departement og direktorat og institusjonar, enn KKD (Gaalaas 2011; Antidoping Norge, 2012b). Når det gjeld bilaterale avtalar ser dette ut til å vere ein gjensidig avhengigheit mellom ADN og staten her representert ved KKD og UD. Gjennom tildelingsbreva har KKD moglegheit til å påverke og detaljstyre dei bilaterale avtalane til ADN, men informantane meinar at dette ikkje vil skje i røynda.

I den eksternfinansierte delen av ADN, ser det ut til at ADN sjølv kan velje sine samarbeidspartnarar. Ved å vere ein sterk kommandør, vil ADN kunne motstå press frå omgjevnadane og desse aktørane vil difor ikkje true graden av uavhengigheit for organisasjonen.

### **5.5 ADN, ein tilfredsstillande uavhengig organisasjon?**

I dette kapittelet har vi så langt sett korleis Etikkavdelinga blei avvikla på grunn av at det kunne stillaste spørsmål med organiseringa då avdelinga ikkje såg ut til å vere uavhengig nok ut i frå sine aktørar. Vi har vidare sett korleis aktørane spelar inn på graden av uavhengigheit for den nye stiftinga ADN, og kven som er dei viktigaste aktørane for ADN å vise merksemål til i forhold til ressursane organisasjonen treng. Det er også prøvd gjort greie for korleis meir perifere aktørar som t.d. samarbeidspartnarar og sponsorar kan påverke graden av uavhengigheit til organisasjonen.

Forskingsspørsmål fire tar for seg dagens situasjon. Korleis vert ADN oppfatta i dag med tanke på uavhengigheit?

Alle informantane var einstemmige i si vurdering av ADN slik organisasjonen framstår i dag. Stiftinga vart karakterisert som eit frittståande organ, både når det gjeld påtalemyndigkeit og organisering av det daglege arbeidet. ”*Det eine er statuttane i seg sjølv. Det har skapt ein uavhengigheit i forhold til NIF ved at ADN testar, etterforskar og anmelder*”. Ein anna informant hadde også full tiltru til at organiseringa er god nok i forhold til uavhengigkeit, men presiserte at ADN aldri vil vere heilt uavhengig sidan stiftinga er finansiert av KKD. I tillegg har ein styrerepresentantar frå idrett og stat, på same måte som WADA. På tross av dette har informanten fullt ut tillitt til organisasjonen.

Informanten frå idretten meinte at det å opprette stiftinga løyste eit habilitetsproblem som kunne synast og vere tilstades utan at han følte at det var det. Informanten presiserte at det var lenge sidan han hadde noko direkte å gjere med ADN, men meinte likevel at oppretting av ADN såg ut til å vere ei fornuftig løysing. ”*Slik eg kjenner ADN synast eg stiftinga framstår som ein tilfredsstillande uavhengig organisasjon*”.

Pfeffer & Salanick, (1978) seier at alle organisasjonar virkar innanfor ein omgjevnad som er prega av andre aktørar som ein i varierande grad er avhengig av å samhandle med for å overleve. Så godt som ingen organisasjonar kan operere heilt uavhengig av omgjevnadane. Vidare treng organisasjonar både oppslutnad og legitimitet frå omgjevnadane for å overleve. ADN involverar mange aktørar i form av både organisasjonar og personar på forskjellege nivå (Hanstad, 2009). Definisjonen til Freeman (1984) om at alle som *kan* påverke eller kan bli påverka av organisasjonen er aktørar, ser ut til å dekke mykje av aktørane til ADN. Alle aktørane i omgjevnaden til ADN kan ha ei viss innflyting på organisasjonen, og aktørane står også i forhold til kvarandre. Likevel vil ikkje alle bli påverka eller har moglegheit til å påverke heile tida. For å kunne skilje ut kven som er aktørar til ei kvar tid seier Mitchell, Agle & Wood (1997) at ein skal sjå på kven som innehavar faktorane makt, legitimitet og viktigkeit ovanfor ADN til ei kvar tid. Eg har i drøftingane prøvd å vise til at desse faktorane ikkje er statiske, men kan endre seg frå sak til sak, og på dei ulike nivåa i omgjevnaden.

Nokre av aktørane til ADN er definitive aktørar som innehavar alle tre faktorane (Mitchell, Agle & Wood, 1997). KKD og NIF vil, slik vedtektena er i dag, alltid har moglegheit til å påverke ADN gjennom sine styremedlemmer og tilgang til ressursar. På

den andre sida er desse to aktørane stiftarane som ser nytteverdien av det arbeidet ADN gjer, og at organisasjonen framstår som tillitsfull og legitim . Informanten frå ADN meinat at det heilt og haldent er opp til stiftarane å avgjere kor sterkt antidopingorgan dei ønskjer. ”*Stiftarane kan få eit så sterkt ADN dei ønskjer, eller eit så svakt ADN som dei ønskjer*”. Med dette meinte informanten at stiftarane kunne bestemme gjennom graden av påverknad. Til dømes vil det til fleire føringar KKD legg i tildelingsbreva, føre til mindre grad av uavhengigheit. Sett i samanheng med korleis organiseringa var i Etikkavdelinga er ikkje informanten i tvil om at det har skjedd ei vesentleg endring.

Det er ein viss forskjell.. du får ikkje påverka enkeltavgjersler gjennom avtalegrunnlaget, gjennom tilskotsbrev eller kva det måtte vere for noko. Alt det dreiar seg om er rammer og strukturen i verksemda, og slike ting påverkar ikkje enkeltvis beslutningar om kven ADN skal teste til dømes. Ei eller kor mange prøver det skal takast, eller kven som skal vere med i profilprogram, testosteroneprofil eller blodprofil. Ein får heller ikkje bestemt korleis ADN skal bruke pengane dei er tildelt. ADN kan omdisponere midlane dei har innanfor eigne rammer. Det er fordelen med å vere ei stifting framfor ein del av NIF paraplyen.

Informanten meinte at ADN er mykje meir sjølvstendige og meir uavhengig i sitt arbeid i dag enn antidopingarbeidet var i Etikkavdelinga. Når det gjeld påverknad frå styrrepresentantane meinte informanten at desse var uavhengige frå si opprinnig, staten eller idretten, ved at verken ekspedisjonssjef, avdelingsdirektør, generalsekretær eller avdelingsleiarar i idrettsforbundet sit i styret. I følgje vedtekten skal styrrepresentantane respektere sentrale prinsipp som uavhengigheit, integritet og vere upartiske (Antidoping Norge, 2010).

I styret set du ikkje som representant for NIF eller kulturdepartementet. Dette meinat eg er viktig. Det er tilfeller i enkelte andre antidopingorganisasjonar at ekspedisjonssjef, generalsekretær eller avdelingsleiarar sit i styret. Og dette meinat eg er... det vil eg hevde at er ueheldig.

Informanten frå idretten ser ikkje kva motiv til dømes NIF skulle ha med å prøve og påverke ADN i noko slags retning. ”*Vi har jo akseptert dette, vi har eit regelverk og vi har ein organisasjon. Om vi skulle begynne å påverke den, så ville det jo bli kjempe bråk!!*”. Saken ser også veldig klar ut for informanten frå ADN. Antidoping Norge har

på 10 år som eiga stifting, vorte ein større og meir omfattande organisasjon. Formalitetane frå oppretting av stiftinga og fram til i dag er dei same, det ligg i dokumenta. Vidare meinte informanten at det er opp til organisasjonen å gjere best mogleg nytte av den myndigkeit som ADN har, og dei midlane ein har tilgjengeleg. ”*Myndigkeit gitt av idrettsforbundet gjennom lovverket og midlar gitt av kulturdepartementet i forhold til føremålet. Det vil vi aldri komme utanom*”.

Informanten frå staten meinte heilt klart at ADN er ein uavhengig organisasjon. ”*Vi kan sei at Norge i dag har eit tilfredsstillande system. Det er heilt sikkert*”. Sjølv om informanten meinte organiseringa av antidopingarbeidet i Norge er godt og tilfredsstillande nok, har han likevel eit par merknader som han meinar kan gjere organiseringa med tanke på uavhengigkeit endå betre. ”*Det kunne ha vore ei endå større grad av uavhengigkeit dersom NIF hadde fristilt seg i forhold til å ha observatørar der inne*”. Informanten meinte med dette at staten sine representantar i styret vart tilgodesett å vere meir uavhengige enn idretten sine representantar. Dette begrunna han med at ”idrettsfamilien” i Norge er så liten at om du ein gong har jobba i NIF eller med norsk idrett, så vil objektiviteten og habiliteten din mest truleg bli berørt.

Den største utfordringa til ADN når det gjeld å vere uavhengig, er å vere sterkt nok til å stå i mot press. Informanten frå antidopingorganisasjonen hevdar ADN må vere tøff nok til å seie at det er ADN som bestemmer, og at det ADN gjer vert gjort i antidopingpolitikken og antidopingarbeidet si interesse. Han trur ADN her i Norge er skåna for press i ulike retningar, men seier at dette absolutt ikkje er uvanleg i andre land. Det å ha integritet nok til å stå i mot dette presset og vere tøff nok, blir vegen å gå for å halde på den uavhengigheita ein har i dag, meinte informanten.

Norge vart, som første nasjon, evaluert for andre gong av Europarådet (Council of Europe, 2008). I den første rapporten frå Europarådet vart det som kjent peika på at det kunne stillast spørsmålsteikn ved organiseringa av antidopingarbeidet i Norge (Council of Europe, 1999). I den andre rapporten frå Europarådet (Council of Europe, 2008, s.42), fekk Norge svært gode skussmål angående organisering av antidopingarbeidet i ADN. «*The evaluation team considers that Norway conducts very efficient anti-doping work, mainly through Anti-Doping Norway. It complies fully with the requirements of Article 7*”.

Norge har ein lang, og relativt god, historikk når det gjeld samarbeid om antidopingarbeidet med NIF og staten. Når Etikkavdelinga i NIF vart lagt ned og Stiftelsen Antidoping Norge vart oppretta, vart denne historikken endå betre. Europarådet (Council of Europe, 2008) meinar innsatsen i det norske antidopingarbeidet auka ved oppretting av ADN, og at mange land har mykje å lære av Norge.

Antidopingarbeidet innan idretten i Norge framstår ikkje som ei lukka verd utan statleg involvering. Dei siste tiåra har vist ein markant auke i graden av engasjement frå norske myndigheiter si side innan den organiserte idretten. Både Stortinget og regjering har kome med utsegn som klart markerar at staten skal delta aktivt i antidopingarbeidet innan idretten (Thune, 2004). Den norske stat deltek, som vi har sett ved fleire høve tidlegare, i fleire samarbeidsforum på myndighetsnivå. Eit direkte statleg engasjement på antidopingområdet innan den organiserte idretten ser vi spesielt i forhold til ADN. Den norske stat har her vore med på å opprette, styre og drive eit organ som skal kontrollere utøvarar og påtale utøvarar med heimel i NIFs dopingbestemmingar (NIF-loven, 2009).

### **5.5.1 Oppsummering ADN som tilfredsstillande uavhengig organisasjon**

Både informantar og Europarådet (Council of Europe, 2008) ser ikkje ut til å vere i tvil om at ADN er ein uavhengig organisasjon slik det står i vedtekten (Antidoping Norge, 2003). Eg har tidlegare i kapittelet vist at ADN har definitive aktørar i omgjevnaden sin som ADN er avhengig av for å overleve. Eg har også vist at tilgangen til ressursar (her økonomiske tildelingar og tilgang til utøvarar), er eit avhengigheitsforhold mellom NIF, ADN og staten. Gjennom WADC har WADA makt over ADN til å endre ved lovendring i likedanningsteorien. Alle desse argumenta over seier meg at ADN ikkje er ein uavhengig organisasjon.

Uavhengig tyder å vere sjølvstendig og vere sjølvhjelpen eller fri, står det i nynorskordboka (Nynorskordboka, u.å.). ADN kan ikkje seiast og vere sjølvhjelpen i form av ressursar som økonomi og tilgang til medlemmane i NIF.

Forskingsspørsmålet er om ADN er tilfredsstillande nok uavhengig. Til det er det eit todelt svar. I praksis ser det ut til at ADN er ein tilfredsstillande uavhengig organisasjon. Dette fordi ingen kan påverke det daglege arbeidet om kven som skal

testast, når skal dei testast og kven skal stå på ulike lister osv. Ser ein på den organisasjonsmessige delen av ADN kan denne ut i frå teoriene eg har vist til, bli påverka av sine omgjevnader. Så vil det alltid vere eit spørsmål om det er i interessa til stiftarane å påverke ADN til å bli ein svakare organisasjon. Som den eine informanten sa; ”*Stiftarane kan få eit så sterkt ADN dei ønskjer, eller eit så svakt ADN som dei ønskjer*”.

## **5.6 Kvifor ser ADN ut til å fungere som ein uavhengig organisasjon?**

I delkapitla over ser det ut til at ADN er ein organisasjon som er avhengig av fleire av aktørane som verkar i omgjevnaden. Europarådet meinar antidopingarbeidet i Norge framstår som effektivt i ADN (Council of Europe, 2008), og alle informantane er av oppfatning av at ADN er ein uavhengig organisasjon. Korleis fungerar ADN med påverknaden frå aktørane, på sametid som organisasjonen framstår som uavhengig?

Bildet av organiseringa av det norske antidopingarbeidet er meir komplekst enn ved første augekast. Sidan 1998 har mykje endra seg for antidopingarbeidet i Norge. Antidoping Norge feirar 10 år som eiga stifting i 2013. På desse åra har antidopingarbeidet blitt organisert i ei sjølvstendig stifting, på eit sjølvstendig grunnlag. Det å vere ein uavhengig og sjølvstendig antidopingorganisasjon er ikkje sjølv sagt i alle land i Europa i dag. I Spania gjekk statsministeren ut å støtta syklisten Alberto Contador som blei dømt for doping av Idrettens Voldgiftsrett (CAS), og hevda dommen var feil (Aas, 2012). Kunne dette skjedd i Norge? Eg vil hevde nei.

Idretten i Norge har heilt sidan 1970-talet hatt vedtak på at idretten tar avstand frå bruk av dopingmidlar. Og tidleg på 1990-talet kom staten på bana og øyremerka midlar til NIF til bruk i kampen mot doping i idretten. Noreg har heile tida sett på det som viktig å arbeide for eit effektivt antidopingssystem innan kvart enkelt land (Kulturdepartementet, 1999).

KKD underteikna i 2003 *København-deklarasjonen* der ein blant anna godkjenner WADC. Dette var ei moralsk forplikting for myndighetene til å støtte kampen mot doping i idretten. NIF har forplikta seg til å ha dopingbestemmingar som er i samsvar med WADC. I Europarådet sin antidopingkonvensjon, som staten signerte i 1989, har

staten påtatt seg forpliktingar i forhold til idretten sitt antidopingregelverk (Thune, 2004). ADN og staten har fleire kontaktpunkt der dei samarbeidar om blant anna internasjonalt antidopingarbeid. Partane skal gjensidig halde kvarandre informert kring utviklinga i internasjonale saker (Antidoping Norge, 2003).

ADN får overføringar frå KKD via tippenøkkelen til drift av antidopingarbeidet i den organiserte idretten. Norsk Tipping har fått konkurranse frå utanlandske spelselskap, sjølv om Norsk Tipping framleis har monopol på dette i Norge. Statssekretær Halvard Ingebrigtsen i KKD forsikrar i rapporten til Europarådet (Council of Europe, 2008) at moglege svingingar i inntekta til Norsk Tipping ikkje vil sette finansieringa av antidopingarbeidet i fare.

ADN blei oppretta som ei uavhengig stifting for å sikre at kontroll- og påtaleverksemnd for dopingsaker vert organisert uavhengig av NIF og staten (Antidoping Norge, 2003). Dette punktet ser ut til å vere oppfylt. Ingen av dei definitive aktørane som er identifisert har moglegheit til å påverke kontroll- og påtaleverksemda i ADN. På dette punktet framstår ADN som sjølvstendig, heilt uavhengig av NIF og staten.

Det er ikkje til å komme unna at ADN er avhengig av samarbeid med NIF og staten for å kunne oppretthalde den daglege drifta til stiftinga. At dette også er stiftarane til organisasjonen er ikkje tilfeldig. NIF og staten oppretta ADN for at det ikkje skulle såast tvil om kontroll- og påtaleverksemda i den gamle Etikkavdelinga. At bukken passar havresekken er sjeldan uproblematisk. Det kan sjå ut til å vere ein ring av avhengigheitsforhold i organiseringa av antidopingarbeidet. ADN er avhengig av NIF i forhold til å få lov å dopingteste utøvarane. NIF er avhengig av å ha implementert WADA sin WADC for å kunne delta i blant anna OL. NIF er avhengig av ADN for at dei skal gjere kontroll- og påtaleverksemda uavhengig og følgje opp WADC. ADN er avhengig av staten i form av økonomiske ressursar, og staten er avhengig av ADN i form av at dei ønskjer å vere ein aktiv pådrivar for ein dopingfri idrett nasjonalt og internasjonalt. WADA er avhengig av eit godt organisert ADN til å løfte det internasjonale arbeidet. Graden av avhengigheit varierar mellom alle desse, og det finnast mange fleire kontaktpunkt mellom desse aktørane, blant anna Europarådet, IOC, UNESCOkonvensjonen, IADA, NADOer og liknande.

ADN ønskjer fleire samarbeidspartnarar til gjennomføring av ulike prosjekt. Blant anna skal organisasjonen i følgje Strategiplanen for 2012-2015 ”*påvirke utviklingen av det internasjonale antidopingarbeidet*” (Antidoping, 2012c). Organisasjonen vil bruke sin legitimitet og høge kunnskap til å bidra til effektive antidopingprogam i betydningsfulle idrettsnasjonar, internasjonale særforbund og levere konkuransedyktige, attraktive og innovative tenester (Antidoping, 2012c). I tillegg til dette skal organisasjonen førebygge doping som helse- og samfunnsproblem. Med tanke på framtida, kor mykje tid skal ADN bruke på å skaffe seg nye aktørar, nye oppdrag utanfor den organiserte idretten? Slike oppdrag kan gå på bekosting av det arbeidet organisasjonen opphavleg er meint å gjere.

Ei utviding av organisasjonen si verksemd vil føre til fleire bein å stå på.

Organisasjonen blir i følgje teoriane mindre avhengig av bestemte aktørar om ein har fleire innfallsvinklar på arbeidet sitt. Eg trur det vil vere positivt for alt arbeide med antidoping at ADN held fram med å utvikle seg til å bli endå betre, endå meir spissa i sitt arbeid mot ein dopingfri idrett og etter kvart eit dopingfritt samfunn. ADN må likevel vere merksam mot stiftinga sitt føremål, å bekjempe doping ved å fremje ein ærleg og dopingfri idrett.

## **6. Avslutting og konklusjon**

Målet med denne studien har vore å undersøkje korleis organisering av antidopingarbeidet har utvikla seg frå 1998 og fram til i dag, og om stiftinga har den uavhengigheita som det vert krevd at den skal ha, i følgje blant anna WADA-koden, og som ADN sjølv hevdar at den innehalar. Dette kapittelet vil svare på oppgåva si problemstilling basert på drøftingane av forskingsspørsmåla i kapittel fem.

Studien ønskte å seie noko om utviklinga i antidopingarbeidet i Norge dei siste 15 åra med tanke på uavhengigheit. For å forstå desse endringane har eg sett på korleis etikkavdelinga vart oppfatta, og kvifor det blei oppretta ei eiga uavhengig stifting. Etikkavdelinga vart av informantane oppfatta som uavhengig. Det hadde heller ikkje blitt stilt spørsmålsteikn ved organiseringa frå andre enn rapporten frå Europarådet som meinte det *kunne* stillast spørsmålsteikn ved organiseringa i den gamle Etikkavdelinga. Saman med blant anna organisasjonsendringar av antidopingarbeidet internasjonalt, førte dette til at det i Norge blei oppretta ei eiga stifting som skulle vere uavhengig frå NIF og staten.

I omgjevnadane til ADN har eg ved hjelp av det teoretiske rammeverket vist at det er mange aktørar som virkar. I ulik grad og på ulike måtar har desse aktørane moglegheit til å påverke organisasjonen. Informantane identifiserte dei aktørane som dei meinte var viktigast. Aktørane som blei identifisert av informantane, var langt på veg dei same. Staten, ved KKD og NIF er dei viktigaste aktørane til ADN, men også WADA vert identifisert som ein viktig aktør. Alle desse tre aktørane har eg argumentert for er definitive aktørar som ADN såleis vil vere avhengig av på ulike måtar.

ADN uttrykker eit mål om å tiltrekke seg eksterne sponsorar/samarbeidspartnarar som kan bidra til konkrete antidopingprosjekt på lokalt eller nasjonalt nivå. I tillegg ønskjer organisasjonen å inngå samarbeid i form av bilaterale avtalar med andre nasjonar. Til fleire kontaktpunkt ein organisasjon har, til større moglegheit av påverknad er det, seier teorien. I samarbeidsavtalar med ein sponsor vil ADN sjølv kunne velje kven dei ønskjer å samarbeide med. Organisasjonen vil i liten grad vere avhengig av dette samarbeidet, og kan difor vere den som stiller krav. Når det gjeld bilaterale avtalar ser dette ut til å vere ein gjensidig avhengigheit mellom ADN og staten. Gjennom

tildelingsbreva har KKD moglegheit til å påverke og detaljstyre dei bilaterale avtalane ADN og KKD samarbeidar om, men dette vert det hevda ikkje er praksis i røynda.

Organisering av antidopingarbeidet i ADN i dag, vert oppfatta som uavhengig. Informantane meiner det er ei tilfredstilande organisering, og Europarådet si andregongsevaluering seier at organisasjonen har eit effektiv antidopingarbeid som oppfyller alle krav i konvensjonen sin artikkel 7.

Ved hjelp av teoriar om interesserter, ressursavhengigheit og likedanning har eg sett på om organiseringa av ADN kan seiast å vere uavhengig frå sine interesserter. Svaret på dette er todelt. Eg finn at ADN er ein uavhengig organisasjon i høve den kontroll – og påtaleverksemda organisasjonen skal utføre. Verken NIF, WADA, KKD, utøvarkomiteen, media, eller enkeltpersonar ser ut til å ha moglegheit til å påverke denne prosessen slik eg ser det. Når det gjeld den organisatoriske og politiske delen av antidopingarbeidet har eg ved bruk av teoriane vist at ADN ikkje er ein uavhengig organisasjon. ADN er avhengig av å få tildelingar frå KKD, og ADN er avhengig av å få tilgang til medlemsmassen i NIF. Dette er to definitive aktørar som innehar makt, legitimitet og som har betyding i sine krav til ADN. ADN må vere merksam overfor desse aktørane. Utan tillit frå desse vil ikkje organisasjonen kunne overleve i følgje teoriane. På same tid er desse aktørane også stiftarane til organisasjonen. Dei har gjennom vedtekter og avtalar skreve under på kva som blir forventa av ADN, og kva ADN skal kunne forvente frå KKD og NIF. Stiftarane kan ved å påverke, få eit så svakt ADN dei ønskjer, eller utan påverknad eit så sterkt ADN som dei ønskjer.

Også WADA står fram som ein definitiv aktør. NIF må implementere WADC i sitt lovverk, og ADN må handheve WADC. WADA krev at alle land føl WADC for å få delta i blant anna OL. Slik sett vil WADA gjere alle NADOer like og ønskjer harmonisering og standardisering av antidopingarbeidet. Ved likedanning har WADA makt til å endre organisasjonen og gjennom lover og reglar vil WADA kunne påverke ADN til endring.

Hovudfunna i studien tyder på at antidopingarbeidet i Norge tilfredsstilande uavhengig. Det er lite som tyder på at organisasjonen lar seg påverke verken i den eine eller andre retninga, og det ser ut til at vi kan ha tillit til det arbeidet ADN gjer for ein dopingfri

idrett. Dette samsvarar godt med dei faktiske realitetane i antidopingarbeidet i Norge. Likevel står desse realitetane i motsetning til teorien som peikar på at, slik organisasjonen er bygt opp, kan ikkje ADN vere totalt uavhengig frå aktørane.

Antidopingarbeidet i Norge har i fleire tiår blitt tatt på alvor av både idretten og staten. Det blei tidleg øyremerka pengar frå staten til NIF til dette arbeidet, og Norge har vore pådrivar internasjonalt for å få andre land ”opp å gå” når det gjeld eit godt antidopingarbeid. Det har vore samarbeid mellom staten og idretten på dette området sidan tidleg på 90-talet, og opprettinga av ADN førte til vidareutvikling av eit allereie godt organisert antidopingarbeid.

Uavhengigkeit er eit komplekst emne. Antidopingarbeidet har utvikla seg frå å vere ei avdeling underlagt NIF i 1998, til å bli ei uavhengig stifting som i praksis framstår som ein tillitsvekkande og uavhengig organisasjon, med høg legitimitet og godt omdømme både internasjonalt og nasjonalt i 2013. Det kan ikkje lenger stillast spørsmålsteikn ved uavhengigheita i forhold til kontroll- og påtaleverksemda. På bakgrunn av teoriane har eg vist til at ADN på tross av dette er ein organisasjon som er avhengig av nokre av aktørane i omgjevnaden for å overleve. Eg vil sei at ADN er ein avhengig, uavhengig organisasjon. Avstanden mellom empiri og teori viser kompleksiteten ved uavhengigheita.

Ved val av metode og teori til denne studien vart det gjort avgrensingar og føringar på arbeidet. Dersom eg hadde hatt eit breiare utval av informantar eller ei ulik samansettning av informantar kunne dette gjeve meg andre funn. Teoriane eg har nytta viser ikkje til at det kan vere eit meir komplekst bilde av uavhengigkeit. Enten er organisasjonen avhengig eller så er organisasjonen uavhengig. Det er verdt å merke seg at ved ei endring av aktørane i omgjevnadane til ADN, kan bildet av uavhengigkeit bli snudd på hovudet. ADN vil då måtte arbeide for å sikre at balansen igjen vert oppretta.

## **6.1 *Forslag til vegen vidare***

Det norske antidopingarbeidet framstår i denne studien som sjølve «malen» på ein godt organisert antidopingorganisasjon. Kontroll- og påtaleverksemda i ADN er tilfredsstillande uavhengig, medan den organisatoriske delen av organisasjonen er avhengig av nokre av aktørane i omgjevnaden. Dagleg leiar i ADN ønskjer at

kommersielle aktørar skal vere med å bidra økonomisk i arbeidet mot doping. Han meinar det ikkje er riktig at det kun er idretten og myndigheiter som skal finansiere dette arbeidet (Tingve, 2013). Ei slik potensiell endring i omgjevnadane og aktørane til ADN, kan gjere ADN meir sårbar i spørsmålet om uavhengigheit. Eit nytt blikk på dette, nye teoriar og fleire og breiar informantgrunnlag kan vere interessant i ei vidare forsking.

## Referansar

- Aas, O.I. (2012). Derfor hylles Contador i Spania, mens nordmenn fordømmer ham.  
*Aftenposten*. Henta 28.oktober 2013 frå  
[http://www.aftenposten.no/100Sport/sykkel/Derfor-hylles-Contador-i-Spania\\_-mens-nordmenn-fordommer-ham-195230\\_1.snd#.Um5LCE\\_KyM8](http://www.aftenposten.no/100Sport/sykkel/Derfor-hylles-Contador-i-Spania_-mens-nordmenn-fordommer-ham-195230_1.snd#.Um5LCE_KyM8)
- Andersen, R. (2005). Antidopingarbeidet nasjonalt og internasjonalt. I: D.V. Hanstad & M. Goksøyr (red.). *Fred er ei det beste. Festskrift. Hans B. Skaset 70 år* (s. 145-150). Oslo: Gyldendal Undervisning.
- Antidoping Norge (2003). *Stiftelsesdokumenter for stiftelsen antidoping Norge*.
- Antidoping Norge (2005). *Informasjon fra Antidoping Norge*. Henta 5.oktober 2013 frå  
[http://webcache.googleusercontent.com/search?q=cache:r2mVvjP-10gJ:www.handball.no/app\\_file\\_display.asp%3Ffield%3D2406+&cd=5&hl=no&ct=clnk&gl=no](http://webcache.googleusercontent.com/search?q=cache:r2mVvjP-10gJ:www.handball.no/app_file_display.asp%3Ffield%3D2406+&cd=5&hl=no&ct=clnk&gl=no)
- Antidoping Norge (2006). Oversikt over avsluttede dopingsaker perioden 2000-2007. Henta 14.september 2013 frå [http://www.antidoping.no/sitefiles/1/dommer00\\_07.pdf](http://www.antidoping.no/sitefiles/1/dommer00_07.pdf)
- Antidoping Norge (2010). *Vedtekter for Stiftelsen Antidoping Norge*. Henta 29.september 2013 frå <http://www.antidoping.no/internett/antidoping-norge/vedtekter/>
- Antidoping Norge (2012a). *Pressemelding*. Henta 23. september 2013 frå  
<http://www.antidoping.no/internett/nyhetsarkiv/far-1-1-mill-kr-fra-helsedirektoratet/>
- Antidoping Norge (2012b). *Virksomhetsplan 2012 for Stiftelsen Antidoping Norge*.
- Antidoping Norge (2012c). *Strategiplan 2012-2015. Antidoping Norge*.
- Antidoping Norge (2013). *Antidoping Norge*. Henta 12.oktober 2013 frå  
<http://www.antidoping.no/internett/antidoping-norge/>
- Antidoping Norge (u.å.a). *Bilaterale idrettsavtaler*. Henta 26. juni. 2013  
<http://www.antidoping.no/internett/antidoping-norge/internasjonalt/>
- Antidoping Norge (u.å.b). *IADA*. Henta 10.september 2013 frå  
<http://www.antidoping.no/internett/antidoping-norge/internasjonalt/iada/>
- Antidoping Norge (u.å.c). *Bloddoping - EPO, NESP og CERA*. Henta 10. september 2013 frå (<http://www.antidoping.no/internett/medisinsk-info/dopingmidler-metoder/epo-og-bloddoping/>)
- Antidoping Norge (u.å.d). *World Anti-Doping Code*. Henta 15.september frå  
<http://www.antidoping.no/internett/regler/world-anti-doping-code/>

Antidoping Norge (u.å.e). *Hjem*. Henta 24.oktober 2013 frå <http://www.antidoping.no/>

Beckett, A.H. (1981). Use and abuse of drugs in sport. *Journal of Biosocial Science. Supplement*, 7, 163-170.

Clarkson, M., (1994). *A risk based model of stakeholder theory*. Toronto: Centre for Corporate social Performance & Ethics, University of Toronto.

Clarkson, M.B.E. (1995). A stakeholder framework for analyzing and evaluating corporate social performance. *Academy of Management. The Academy of Management Review*, 20, 92-117.

Council of Europe (1999). Report on Compliance by Norway with the Anti-Doping Convention. *Compliance with Commitments Project Committee for the Development of Sport*.

Council of Europe (2008). Anti-Doping Convention (T-DO). *Project on Compliance with Commitments Respect by Norway of the Anti-Doping Convention*.

Dalen, M. (2004). *Intervju som forskingsmetode. – En kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.

DiMaggio, P.J & Powell, W.W. (1983). The iron cage revisited: Institutional isomorphism and collective rationality in organization fields. *American Sociological Review*, 46, 147-160.

*Engelsk – norsk blå ordbok* (2002). Oslo: Kunnskapsforlaget.

Freeman, R.E. (1984). *Strategic management. A Stakeholder Approach*. Boston: Pitman.

Hvidbogsutvalget (1999). *Doping i Danmark*. Henta 10.september 2013 frå [http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&frm=1&source=web&cd=10&ved=0CGQQFjAJ&url=http%3A%2F%2Fwww.antidoping.dk%2F~%2Fmedia%2Fantidoping\\_dk%2Finfotek%2FHvidbog%2FDoping\\_i\\_Danmark.pdf&ei=9X1WUpzCOOLq4gSUxID4CA&usg=AFQjCNFNWKxHoQeWKkWZo7JC6glJObYWSA](http://www.google.no/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&frm=1&source=web&cd=10&ved=0CGQQFjAJ&url=http%3A%2F%2Fwww.antidoping.dk%2F~%2Fmedia%2Fantidoping_dk%2Finfotek%2FHvidbog%2FDoping_i_Danmark.pdf&ei=9X1WUpzCOOLq4gSUxID4CA&usg=AFQjCNFNWKxHoQeWKkWZo7JC6glJObYWSA)

Gaalaas, G.I. (2011). *Implementering av samarbeid mellom nasjonale antidopingorganisasjoner. – En studie i bilateralt samarbeid*. Masteroppgave i idrettstvitenskap. Seksjon for kultur og samfunn. Norges idrettshøgskole, Oslo.

Gilbert, R., Breivik, G. & Loland, S. (2006). Anti-doping in Sport: The Norwegian Perspective. *Sport in Society*, 9, 334-353.

Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitskaplege metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hanstad, D.V. & Loland, S. (2005). *What is efficient doping control?* Rapport. Norges idrettshøgskole, Oslo.

Hanstad, D.V., Smith, A. & Waddington, I. (2008). The Establishment of the World Anti-Doping Agency: A Study of the Management of Organisational Change and Unplanned Outcomes. *International Review for Sociology of Sport*, 43; 249-271.

- Hanstad, D.V. & Skille, E. (2008). Politicians, bureaucrats and a voluntary sports organization – the power play of Norwegian sport policy in the matter of anti-doping. *Sport in Society*, 11, 546-559.
- Hanstad, D.V. (2009). *Anti-Doping in Sport. A Study og Policy Development since 1998.* Doktorgradsavhandling ved Norges idrettshøgskole, Oslo.
- Hanstad, D.V. (2011a). Best både i idrett og antidoping – Et dilemma? I: D.V. Hanstad, G. Breivik, M.K. Sisjord & H.B. Skaset (2011). *Norsk Idrett: Indre Spenning og Ytre Press.* Oslo: Akilles.
- Hanstad, D.V. (2011b). Governance and the whereabouts system. A Norwegian case study. In M. McNamee & V. Møller (Eds.), *Doping and Anti-Doping Policy in Sport: Ethical and Legal Perspectives* (pp. 217-232). London: Routledge.
- Hill, C.W. & Jones, T.M. (1992). Stakeholder-agency theory. *Journal of Management Studies*, 29, 131-154.
- Hoberman, J.M. (2001). How drug testing fails: The politics of Doping control. I: W. Wilson & E. Derse (Eds.), *Doping in Elite Sport – the politics of drugs in the Olympic movement* (s.241-274). Champaign: Human Kinetics.
- Hoberman, J.M. (2005). *Testosterone dreams: rejuvenation, aphrodisia, doping.* Berkley, Calif.; University of California Press.
- Houlihan, B. (2002a). *Dying to win. Doping in Sport and the Development of Anti-Doping Policy.* 2<sup>nd</sup> ed. Strasbourg: Council of Europe Publishing.
- Houlihan, B. (2002b). Managing compliance in international anti-doping policy: The world anti-doping code. *European Sport Management Quarterly*, 2002, 2, 188-208.
- Innst. S. nr. 147 (2000-2001). *Innstilling fra familie, kultur og administrasjonskomiteen om idrettslivet i endring – om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet.* Til Stortinget. Oslo: Familie-, kultur-, og administrasjonskomiteen.
- Jacobsen, D.I., & Thorsvik, J. (2002). *Hvordan organisasjoner fungerer. Innføring I organisasjon og ledelse.* (2.utgave). Polen: Fagbokforlaget.
- Jacobsen, D.I., & Thorsvik, J. (2013). *Hvordan organisasjoner fungerer.* (4.utgave). Bergen: Fagbokforlaget.
- Krumsvik, R.J. (2013). *Innføring i forskingsdesign og kvalitativ metode.* (Kompendium). Bergen: Fagbokforlaget.
- Kruuse, E. (2001). *Kvalitative forskningsmetoder – i psykologi og beslægtede fag.* København. Dansk psykologisk forlag.
- Kulturdepartementet (1999). *Handlingsplan for anti-dopingarbeid i Norge.* Henta 10.september 2013 fra [http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/Regjeringen-Bondevik-I/kd/Veiledninger-og-brosjyrer/1996/handlingsplan\\_for\\_anti-dopingarbeid.html?id=231662](http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/Regjeringen-Bondevik-I/kd/Veiledninger-og-brosjyrer/1996/handlingsplan_for_anti-dopingarbeid.html?id=231662)

Kulturdepartementet (2001). Utkast til lov om organisering av kontroll- og påtalevirksomheten i saker om doping. Henta 4.november 2006 fra <http://www.dep.no/kkd> (Woxholt, G., Kiær, N. & Gjengedal, A.)

Kulturdepartementet (2011). *22,6 millionar til Antidoping Norge i 2012*. Henta 15.september fra <http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/kud/Nyheter-og-pressemeldinger/Pressemeldinger/2011/226-millionar-kroner-til-antidoping-norg.html?id=667302>

Kvale, S. (2006). *Det kvalitative forskningsintervju*. (9. utgave). Oslo: Gyldendal.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2.utgave). Otta: Gyldendal.

*Lingua. Engelsk – norsk. Norsk – engelsk* (2003). Oslo: Kunnskapsforlaget.

Meld. St. 26 (2011-2012). *Den norske idrettsmodellen*. Melding til Stortinget. Oslo: Kulturdepartementet

Meyer, J.W. & Rowan, B. (1977). Institutionalized organizations: Formal structure as myth and ceremony. *American Journal of Sociology*, 83, 440-463.

Mitchell, R.K., Agle, B.R. & Wood, D.J. (1997). Toward a theory of stakeholder identification and salience: Defining the principle of who and what really counts. *Academy of Management. The Academy of Management Review*, 22, 853-886.

Musinoi, C. (2006). Okeke utestengt for alltid. *Adresseavisen*. Henta 14.september fra <http://www.adressa.no/sport/article698203.ece>

Nakkim, F. (2000). Rydd opp! VG. Henta 14.september 2013 fra <http://www.vg.no/sport/artikkel.php?artid=708636>

NIF-loven (2007). *Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komites lov: Trådt i kraft 12.mai 2007*. Henta 14.september 2013 fra <http://www.lovdata.no/nif/hifl-20070512-0001.html>

Norges Idrettsforbund (u.å.). *Om NIF*. Henta 15.september 2013 fra <http://www.idrett.no/omnif/Sider/forside.aspx>

Norges Idrettsforbund (2002). Høringsuttalelse fra Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité til kulturdepartementet vedrørende utkast til lov om organisering av kontroll- og påtalevirksomhet i saker om doping.

Universitetet i Oslo (u.å.). *Nynorskordboka*. Henta 29.september 2013 fra <http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=uavhengig&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>

Pfeffer, J. & Salanick, G.R. (1978). *The external control of organizations: A resource dependence perspective*. USA: Harper and Row.

Rowley, T.J. (1997). Moving beyond dyadic ties: A network theory of stakeholder influences. *Academy of Management. The Academy of Management Review*, 22, 4,887-910.

- Ryen, A. (2002). *Det kvalitativet intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Polen: Fagbokforlaget.
- Skille, E.Å., Hanstad, D.V. & Tjernsbekk, P.A. (2011). The Institutionalization of National Anti-doping Work After the Introduction of the World Anti-Doping Code. *International Journal of Applied Sports Sciences*, 23, 2, 441-464.
- Suchman, M.C. (1995). Managing legitimacy: Strategic and institutional approaches. *Academy of Management. The Academy of Management Review*, 20, 571-610.
- Starik, M. (1994). The Toronto Conference. *Buisness and Society*, 33, 89-95.
- St.meld. nr 14 (1999-2000). *Idrettslivet i endring: Om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet*. Oslo: Kulturdepartementet
- Speaker (u.å.). *NIF og Antidoping Norge påklager Datatilsynets vedtak om sletterutiner*. Henta 5. oktober 2013 fra <http://idrett.speaker.no/organisation.asp?WCI=wiNews&WCU=205101&Id=-555>
- Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (3.utgave). Bergen: Fagbokforlaget.
- Thune, H.H. (2004). Idrett og menneskerettigheter. I: Jenner, G.M. (red). *Idrett og Juss*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tingve, P.M. (2013). Nederland, Brasil og Jamaica blant dopingverstingene. *Dagbladet*. Henta 30.oktober 2013 <http://www.dagbladet.no/2013/10/29/sport/doping/antidoping/wada/29909362/>
- Tjernsbekk, P.A. (2008). *Antidoping Norge og World Anti-Doping Agency. Konsekvenser av et internasjonalt regelverk*. Masteroppgave i idrettsvitenskap. Seksjon for kultur og samfunn. Norges idrettshøgskole, Oslo.
- Tjørnholm, M. (1997). *Dopingkontroll i Norge: en beskrivelse av Norges Idrettsforbunds kontrollvirksomhet i perioden 1977-95*. Norges idrettshøgskole, Oslo.
- WADA (2010). *A Brief History of Anti-Doping*. Henta 21.oktober 2013 fra <http://www.wada-ama.org/en/About-WADA/History/A-Brief-History-of-Anti-Doping/>
- WADA (2011a). *World Anti-Doping Code*. Henta 8.oktober 2013 fra <http://www.wada-ama.org/en/World-Anti-Doping-Program/Sports-and-Anti-Doping-Organizations/The-Code/>
- WADA (2011b). *Strategic Plan 2011-2016*. Henta 21.oktober 2013 fra [http://www.wadaama.org/Documents/About\\_WADA/Strategy/WADA\\_Strategic\\_Plan\\_2011-2016\\_EN.pdf](http://www.wadaama.org/Documents/About_WADA/Strategy/WADA_Strategic_Plan_2011-2016_EN.pdf)
- Wagner, U. & Hanstad, D.V. (2011): Scandinavian perspectives on doping – a comparative policy analysis in relation to the international process of institutionalizing anti-doping, *International Journal of Sport Policy and Politics*, 3:3, 355-372.

Weber, M. (1968). *The theory of social and economic organizations*. (overset av A.M. Henerson og T. Parsons). New York: Oxford University press. (Originalutgåva utgjeve i 1947).

Wikipedia (2013a). *List of doping cases in cycling*. Henta 10.september 2013 frå [http://en.wikipedia.org/wiki/List\\_of\\_doping\\_cases\\_in\\_cycling](http://en.wikipedia.org/wiki/List_of_doping_cases_in_cycling)

Wikipedia (2013b). *Festina-affæren*. Henta 21.oktober 2013 frå <http://no.wikipedia.org/wiki/Festina-aff%C3%A6ren>